HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato:	12.03.2019
Tid:	13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 05.03.2019

Arnulf Goksøyr
ordførar

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 33/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 34/19	Protokoll frå førre møte
PS 35/19	Delegerte saker
PS 36/19	Referatsaker
PS 37/19	Offl. § 13 j fvl § 13 - Søknad om førehandsgodkjenning av startlån og tilskot til etablering.
PS 38/19	Offl. § 13 j fvl § 13 - Søknad førehandsgodkjenning av startlån og tilskot etablering
PS 39/19	Retningsliner for framføring av meirforbruk og mindreforbruk.
PS 40/19	Kjøp av Bøvågen-, Kopperstad-, Runde-, Sandebukta- og Skorpa fiskerihamn
PS 41/19	Oppstart av planarbeid - Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn - Nørvågen
PS 42/19	Detaljreguleringsplan for Sævikane gnr. 11 bnr. 6 - oppstart av planarbeid
PS 43/19	Søknad om løyve til oppstart av privat planarbeid. Dragsund 45/56, ved gamle Sporstøl bilverkstad.
PS 44/19	Privat detaljreguleringsplan for Budaneset rorbuer. Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn.
PS 45/19	Vedtak om høyring/offentleg ettersyn for privat reguleringsplanforslag. Massetak i Sandvika på gnr. 59 bnr.1.
PS 46/19	Detaljreguleringsplan Runde Panorama - utlegging til offentleg ettersyn
PS 47/19	Slutthandsaming: Reguleringsendring for Bergshaugen nord (gbnr 28/6)
PS 48/19	Detaljreguleringsplan for Nærøya - slutthandsaming
PS 49/19	Økonomisk avslutning av prosjekt 50017 - hurtigladar for elbil i Fosnavåg parkeringshus
PS 50/19	Økonomisk avslutning av prosjekt 18001 - Telenor basestasjon på Runde
PS 51/19	Grunnkjøp Stokksund bustadfelt
PS 52/19	Reservasjon av næringstomt på Mjølstadneset - Ko&Ko AS
PS 53/19	Reservason av næringstomt på Mjølstadneset
PS 54/19	Samarbeidspilot Herøy - skule og arbeidsliv i Herøy

PS 55/19	Innkjøp av skulebøker og læremateriell
PS 56/19	Revidering av retningsliner for tildeling av kulturmidlar
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 4/19	Serveringsløyve - melding om endring av styrar
	Referatsaker
RS 10/19	Fylkesprisen Årets Bedrift i 2018 – oppmoding om forslag
RS 11/19	Melding fra Fylkesmannen
RS 12/19	Arrangement på frigjerings- og veterandagen 8. mai.
RS 13/19	Program og påmelding til nasjonal klimaomstillingskonferanse
RS 14/19	Beslutninger fra Politidirektoratet om endringer i lokal struktur for Møre og Romsdal politidistrikt
RS 15/19	Referat frå møte om Mjølstadneset 19.02.2019
RS 16/19	Referat frå informasjonsmøte om gravplassanalyse 11.02.2019

PS 33/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 34/19 Protokoll frå førre møte

PS 35/19 Delegerte saker

PS 36/19 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2018/955
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/19	Arbeidsmiljøutvalet	11.03.2019
39/19	Formannskapet	12.03.2019
	Kommunestyret	21.03.2019

RETNINGSLINER FOR FRAMFØRING AV MEIRFORBRUK OG MINDREFORBRUK.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 11.03.2019

Kommunestyret vedtek at det som ei prøveordning for 2019 vert oppretta sektorvise disposisjonsfond der 60 % av eit eventuelt mindreforbruk i rekneskapsåret vert overført til sektoren sitt disposisjonsfond. Tilsvarande må sektorane dekkje 20 % av eit eventuelt meirforbruk påfylgjande budsjettår. I ei evalueringa i etterkant bør ein vurdere å auke prosentsatsane til høvesvis 80 % og 40 % for budsjettåret 2020.

Det vert elles vist til vurderingane i saksutgreiinga.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek at det som ei prøveordning for 2019 vert oppretta sektorvise disposisjonsfond der 60 % av eit eventuelt mindreforbruk i rekneskapsåret vert overført til sektoren sitt disposisjonsfond. Tilsvarande må sektorane dekkje 20 % av eit eventuelt meirforbruk påfylgjande budsjettår. I ei evalueringa i etterkant bør ein vurdere å auke prosentsatsane til høvesvis 80 % og 40 % for budsjettåret 2020.

Det vert elles vist til vurderingane i saksutgreiinga.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Økonomisjefen

Vedlegg:

- Uttale frå kommunalsjef oppvekst
- Uttale frå kommunalsjef helse og omsorg
- Uttale frå kommunalsjef stab

Saksopplysningar:
Kommunen må gjennomføre omfattande kostnadsreduksjonar for å få balanse mellom utgifter og inntekter og bygge ein robust økonomi over tid. Rådmannen kjem med framlegg om tiltak for å fylgje opp vedtaka i budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022. Denne saka handlar om framføring av meirforbruk og mindreforbruk.

Saksopplysningar:
Kommunestyret handsama budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 i møtet 06.12.2018. For å få samsvar mellom utgifter og inntekter, vart det vedteke slike driftsreduksjonar/inntektsauke:

• Ingen prisvekst på kjøp av varer og tenester	1 600 000
• Rammeinnsparing Utvikling	500 000
• Rammeinnsparing/auka inntekter Flyktning	1 000 000
• Rammeinnsparing PO	1 500 000
• Rammeinnsparing Kultur	500 000
• Samarbeid	500 000
• Ytterlegare driftsreduksjon	8 150 000
	13 750 000
I tillegg er skatt/ramme auka med	3 050 000

Fylgjande framlegg frå rådmannen vart ikkje vedteke:

«Kommunestyret godkjenner at det vert innhenta ekstern konsulentbistand for å utvikle konkrete sparetiltak tilsvarande 17 mill kr. Arbeidet skal bygge på KOSTRA-analysen som allereie ligg føre. Det skal søkjast OU- midlar til finansieringa av konsulentbistanden. Tiltaka skal vere realistiske og gjennomførbare. Prosessen skal gjennomførast så snart som råd og rapport med tiltak skal ligge føre seinast 01.04.2019.»

Fylgjande tiltak er drøfta i rådmannen si leiargruppe 18.12.2018 og lagt fram for formannskapet i F-sak 5/19:

- Alle ledige stillingar skal gjennom rådmannen si leiargruppe før utlysing. Rådmannen skal på førehand ha ei skriftleg melding frå kommunalsjef om konsekvensar/forsvarlegheit av å la stillinga stå vakant ein periode.

- Innkjøpsstopp skal vurderast, men med nærare definisjon av kva dette inneber. Kritisk gjennomgang av kva som er nødvendig.

- Strengare vurdering av kost/nytte i samband med deltaking på kurs/konferansar.

- Vere bevisst på å søkje OU-midlar og/eller andre tilskot til dekning av utgifter.

- Vurdering av prinsippet om meir/mindreforbruk, jfr ordninga i Vanylven.

- Vidare kutt: Vurdering av alle moglege endringar og prosessar som kan ta ned drifta.

- Å leige inn eksterne fasilitatorar er fortsatt eit alternativ.

- Alle sektorar må vurdere strukturelle grep, ein prosess som må starte allereie no. Dette gjeld både samarbeid som kan ta ned utgifter, samt fysiske grep som nedlegging/flytting/nybygg.

Tiltaka skal også drøftast med dei tillitsvalde og det skal leggast vekt på gode og opne prosessar.

I saka gjorde eg greie for at eg vil snarast råd ville legge fram ei sak om gjennomføring av prinsippet om meir-/mindreforbruk. Sektorar/avdelingar som maktar å drive med mindreforbruk, skal kunne få behalde ein del av mindreforbruket og sektorar/avdelingar som kjem ut med eit meirforbruk, må dekkje inn ein del av meirforbruket året etterpå. Dette må nærare utgreiast, og eg vil innhente opplysingar om korleis dette er praktisert i andre kommunar.

Formannskapet gjorde slikt vedtak i F-sak 5/19 i møtet 22.01.2019:

«Formannskapet sluttar seg til rådmannen sine tiltak for å fylgje opp vedtaka i budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022, slik dei går fram av saka.»

Vanylven kommune innførte retningsliner for framføring av meirforbruk og mindreforbruk i 2014.

På same måte som rådmannen i Vanylven har eg siste åra hatt fokus på målstyring og gjennom Kommunekompasset har vi fått ei vurdering av korleis vi arbeider. I evalueringa av forvaltningspraksisen i Herøy i 2018 står det under området «Lederskap, ansvar og delegasjon»:

«Det er ikke etablert en praksis for tjenestene for å fremføre mer-/mindreforbruk av regnskapsresultatet mellom år. Dette for å få en helhetlig og mer sammenhengende ressursbruk.»

Ved innføringa i Vanylven i 2014 vart rekneskapsresultatet for 2013 framført slik at 60 % av meir-/mindreforbruket vart regulert i sektorane sine budsjettrammer som auka eller redusert rammer. 40 % av meir-/mindreforbruket gjort som regulering av det generelle disposisjonsfondet. I 2015 vart dette endra til at meirforbruk eller mindreforbruk i eitt budsjettår vert vidareført med 80 % til påfølgjande budsjettår. I 2017 etablerte Vanylven sektorvise disposisjonsfond for avsetjing av mindreforbruk eller for bruk dersom sektorane får meirforbruk.

Kommunalsjefane har uttalt seg til saka. Tilbakemeldingane kan samanfattast i fylgjande hovudpunkt:

- Retningslinene bør gjerast gjeldande på sektornivå.
- Realistiske budsjett må ligge til grunn.
- Budsjettet må korrigerast for uforutsette utgifter/særlege hendingar i budsjettåret.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen viser til at kommunalsjefane har fått omfattande delegasjon med stor fridom, og det bør då også fylgje med eit tilsvarande ansvar.

Eg legg til grunn at dersom motivasjonen for god budsjettstyring skal haldast opp over tid, må god/mindre god budsjettstyring ha konsekvensar. I dag vert det stilt spørsmål ved kvifor ein skal drive stramt når eit meirforbruk hos andre sektorar ikkje får nokon konsekvens.

I prinsippet om framføring av meir-mindreforbruk ligg her både «pisk» og «gulrot». Pisken er at ein del av eit meirforbruk må dekkast inn over eige budsjett, gulrota at ein får behalde deler av mindreforbruket.

Eg vil rå til at det kan etablerast sektorvise disposisjonsfond, men slik at kommunalsjefane også kan fordele meir-mindreforbruk på avdelingar.

Kommunalsjefane peikar på at realistiske budsjett må ligge til grunn. Det kan nok vere ulike meiningar om kva som er eit realistisk budsjett. Det må likevel vere rom for å gjere budsjettendringar der det skjer hendingar etter at budsjettet er vedteke der kommunen vert påført utgifter som ligg utanfor kommunen sin kontroll.

For at prinsippet om disponering av eit mindreforbruk kan praktiserast, er det ein føresetnad at kommunen kjem ut med eit positivt netto driftsresultat. Det vert stilt spørsmål ved om budsjettet 2019 er realistisk. Så lenge det ikkje ligg føre merknader frå fylkesmannen, legg eg til grunn at vi har eit budsjett i balanse.

Det vert stilt spørsmål ved opp prinsippet om framføring av meir-mindreforbruk skal gjennomførast i 2019 eller utsettast til 2020. Eg signaliserte allereie i desember 2018 at dette er noko vi bør sjå på for 2019. Dette vart også formannskapet orientert om i møtet 22.01.2019.

Eg vil rå til at det som ei prøveordning for 2019 vert oppretta sektorvise disposisjonsfond der 60 % av eit eventuelt mindreforbruk i rekneskapsåret vert overført til sektoren sitt disposisjonsfond. Tilsvarande må sektorane dekkje 20 % av eit eventuelt meirforbruk påfylgjande budsjettår. I ei evalueringa i etterkant bør ein vurdere å auke prosentsatsane til høvesvis 80 % og 40 % for budsjettåret 2020.

Fosnavåg, 24.01.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ang framføring av meir/mindreforbruk

Innspel basert på innhenting av erfaringar frå anna kommune:

- Krevst utarbeidde og godt forankra retningslinjer før innføring av ordninga
- Økonomileiar administrerer/handhevar ordninga
- Det ligg i ordninga at politikarane er budde på hyppigare budsjettendringar, sidan utforutsette hendingar/brukarar som ikkje var kjende då budsjettet vart lagt, vert handsama med ekstra løyvingar
- Oppvekst må ha ei form for buffer, for å handtere «skeivt budsjett», der mykje kan endre seg frå eitt barnehage-/skuleår til eit anna.
- Fond pr.avdeling, men må ha fleksibilitet sentralt til å justere imellom dersom det går feil veg
- Ordninga og retningslinjer må vere kjende før ein legg budsjettet, for å ta omsyn til det i budsjetteringa. Særleg i høve å halde igjen noko i ein sentral buffer, ikkje dele ut alt.

Generelle kommentarar basert på drøfting i leiarmøte i sektor Oppvekst:

Det er viktig at innsparingane vert sektorvise. Vi har stor ulikskap i storleik på avdelingar. Dersom dette vert ned på avdeling, er der store avdelingar som er meir robuste for å tåle endringar/utfordringar, medan dei minste ikkje har noko å gå på verken personalmessig eller på drift før ein kjem over i det uforsvarlege.

Godt forankra kultur for sparing, heile tida og over år. Kva nytt vil dette medføre?

Trur her er lite å hente, derfor heller ikkje den store motivasjonen

Med så mykje folk/elevar og stor grad av mobilitet, har ein lite kontroll med kva som skjer i løpet av eit budsjettår som går over to barnehage/skuleår.

Om vi får eit meirforbruk pga uforutsette utgifter/særlege hendingar, vert vi straffa med lavare ramme. Men eleven/hendinga som var årsak til sprekken, er der fortsatt. Negativ spiral.

Greier ikkje å ta inn særleg meir på den ordinære drifta likevel pga bemanningsnormene.

Kan ha god styring og planar om å samle opp for å gjere eit innkjøp, men så kjem der ein elev flyttande som spis opp alt. Utfordrar menneske/elevsyn og etikken.

Skal dette kunne fungere, må det spesielle som vi ikkje har kontroll på, sjåast på separat

Dersom innføring, må det gjelde frå 2020, slik at det kan planleggast/forankrast. Ikkje «hoppe på» langt ut i budsjettåret.

Der må ligge ein realisme i budsjettet før ein kan setje i verk ei ordning med framføring av meir/mindreforbruk. Jfr kjende behov som ikkje er oppdekt, manglande budsjettert prisvekst, avklaring av innkjøp via rammeavtalar eller ikkje (eiga sak) , etc

<u>Utfordringar som det må takast omsyn til/avklarast korleis det vil slå ut:</u>

- Korleis vert dette praktisert i forhold til sjukefråver og refusjonar? Personalkostnader er ein stor del av både avdeling og sektor sine totale kostnader. Det er viktig at spare-trykket ikkje gjer at den einskilde tilsette kjenner ansvar for at avdeling går i underskot.

Døme: Alle typer fråver som kjem inn under kommunen sin arbeidsgjevar periode. Småbarnsforeldre og avdelingar med mange i den kategori, vil slå dårleg ut her. Medan ein langtidssjukemeld ofte vil ha positiv økonomisk innverknad i og med vikaren i dei fleste tilfelle er billegare enn refusjonen.

- Korleis vert det handtert når det midt i eit år kjem flyttande store utfordringar som vert ressurskrevjande for ulike avdelingar?
  Døme: elevar i skule som kjem med multihandikap og krev 1:1 dekning i skule + avlastingstilbod støttetiltak i heimen frå helse og omsorg. Desse vil slå ut som millionsprekk der dei kjem.
- Korleis vil dette slå ut i forhold til barnehagane? Vi har allereie i dag eit lovverk i forhold til dei private som gjer at meir inntekt genererer ei større meirutgift til dei private.

26.febr 2019

Olaus-Jon Kopperstad

Fra: Renathe Rossi-Kaldhol
Sendt: 25. februar 2019 10:10
Til: Olaus-Jon Kopperstad
Emne: Tilbakemelding sektor helse og omsorg i sak om meir/mindreforbruk

Framføring av meirforbruk og mindreforbruk.

Utdrag av referat frå leiarmøte i helse og omsorg den 19.02.19.
Rådmannen ber sektorane drøfte kva premissar dei meiner bør vere på plass for å innføre ordning om meir/mindreforbruk:

- Realistiske budsjett må ligge til grunn, dømer på utfordringar er legeavtalen, ikkje vedtak på heimlar som er i bruk, ikkje reelle forventa inntekter
- Rammekutt må ikkje leggast opp på – og i alle fall ikkje på enkelt avdelingar eller seksjonar.
- Det bør lagast unntaksreglar for tilfelle som ikkje er mogleg å dekke inn. Med dette meinast store utfordringar som kjem til etter vedtatt budsjett og som gjer at budsjettramma ikkje lenger er reell.
- Det må vere klare avtaler om ansvar mellom sektorane for å unngå drakampar.
- Rådmannen har laga utkast til sak. SHO drøfter kva nivå ordninga bår innførast på og kva prosentsats det er rett å legge til grunn for å dra med seg konsekvensvar av eit meirforbruk eller mindreforbruk: Seksjonsnivå er ikkje aktuelt sidan seksjonsleiarar ikkje har budsjettansvar.
- Ordninga bør vere på sektornivå, men med ei fordeling av ansvar både på einskilde avdelingar og sektoren
  Ved mindreforbruk/pluss: 60% til avdeling, 20% til sektor, 20% felles kommune
  Ved overforbruk/minus: 20% til avdeling, 20% til sektor, 60% felles kommune

Helsing

Renathe Rossi-Kaldhol
kommunalsjef
Helse og omsorg

Tlf. 70081300 Mob. 94881303

HERØY KOMMUNE

www.heroy.kommune.no

TILBAKEMELDING FRÅ STAB VEDKOMANDE OVERFØRING AV MEIR-/MINDRE-FORBRUK

Kommunalsjef Stab:

Er i all hovudsak positiv til tiltaket, under føresetnad at det kjem på plass klåre reglar for korleis dette skal praktiserast og at budsjetta er realistiske.

Det er viktig at ein lukkast med dei økonomiske målsettingane, og slike tiltak er og bør i det minste vere motiverande og retningsgjevande.

Leiar Økonomiavdelinga:

Eg er ikkje nokon tilhengar av å starte dette i 2019.

Grunnen til dette er at budsjettet ikkje er i balanse slik eg ser det. Det ligg inne store postar som skal sparast inn utan det er kome fram kva tiltak som skal innførast.

I ein situasjon der det skal mykje til om vi får eit positivt rekneskapsresultat er det ikkje noko incitament for meg å spare kr 500.000,- om resultatet for heile kommunen blir negativt. Då får eg behalde kr 0,- same kor flink eg har vore.

Det er også slik at om eit meirforbruk skal førast vidare året etter gjennom reduserte rammer så vil vi fort oppleve urealistiske budsjett og så lenge ein ikkje har færre tilsette å lønne blir dette problematisk.

Leiar Personalavdelinga:

Med utgangspunkt i dei rammevilkåra som Personal- og organisasjonsavdelinga arbeider under, tenker eg at det kan vere bra å kunne ha og ta ansvar for det budsjettet som ein forvaltar. På den måten at ein tek med seg meir eller mindre forbruk til året etter. Dette vil kunne gi ei handlingsrom, men det må sjølvsagt ikkje misbrukast. Slik eg oppfatta rådmannen, var det deler av eit meir eller mindre forbruk som kunne vere aktuelt for vurdering.

Konklusjonen min er at det kan passe vår avdeling som i all hovudsak har kontrollerbare kostnader, i alle fall til ei viss grad.

Leiar Servicetorget:

Overføring meir- og mindreforbruk virker veldig fornuftig det som dokumentsenteret har uttalt. Som vi snakka om sist veke så må utgangspunktet vere eit realistisk budsjett.

Leiar Eigedomsavdelinga:

Eg er eining i dette på prinsipielt grunnlag.

Men det blir svært krevjande for oss dersom vi skal redusere budsjettet for eitt år basert på meirforbruk for tidlegare år.

Leiar Dokumentsenteret:

Avdeling for Dokumentsenter og politisk sekretariat er ei lita avdeling med små marginar i budsjettpostane og vil dermed ikkje vere den avdelinga som tek dei store innsparingane, men vi stillar oss positivt til å vere med på ein dugnad for å sjå på mogleg innsparing og mindreforbruk. Som eit incentiv bør også innsparingar kome dei tilsette i avdelinga til gode i form av t.d. kompetanseheving eller investering av kontorutstyr. Dette vil seie at viss ein får ein tilgodesum pga. mindreforbruk så vel avdelinga sjølv kvar dette skal disponerast/fordelast i påfølgjande årsbudsjett.

Vi bør skilje mellom effektiviseringstiltak og dagleg mindreforbruk.

- Effektiviseringstiltak som vil gi vesentleg og/eller varig mindre forbruk kan og bør korrigerast ved neste budsjett.
- Korrigering av budsjett basert på eit ønske om mindreforbruk eller basert på fjorårets faktiske mindreforbruk bør ein vere forsiktig med.

Avdelingsleiar vil setje seg godt inn i avdelingsøkonomien for å kunne gjere analyser for kvar ein spare og/eller effektivisere.

Her er nokre moglege positive og negative betraktningar:

Positive betraktningar

- Kan føre til auka bevisstgjering rundt sparing og forbruk
- Positiv signaleffekt
- Incentivordning kan føre til auka motivasjon rundt sparing
- Eit kollektivt mindreforbruk er i tråd med kommunens økonomiske situasjon og er såleis eit felles ansvar

Negative betraktningar

- Auka arbeidspress
- Ineffektivisering ved t.d. mangel på utstyr
- Redusert motivasjon
- Ein positiv kortsiktig økonomisk effekt, men som gir ein langsiktig negativ effekt.

Kommunalsjef Stab

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

Bergen 1. mars 2019

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TORGER	Arkivsaknr:	2017/473
		Arkiv:	P90

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
26/19	Maritim og teknisk komite	11.03.2019
40/19	Formannskapet	12.03.2019
	Kommunestyret	21.03.2019

KJØP AV BØVÅGEN, KOPPERSTAD, RUNDE, SANDEBUKTA OG SKORPA FISKERIHAMN

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 11.03.2019

Herøy kommunestyre vedtek å kjøpe desse statlege fiskerihamnene til takst: Bøvågen, Kopperstad, Runde, Sandebukta og Skorpa fiskerihamn. Samla sum for hamnene er 1.950.000 kroner. I tillegg kjem tinglysingsgebyr.

Kjøpet vert finansiert av løyvinga til strategisk grunnkjøp, prosjekt 50153.

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek å kjøpe desse statlege fiskerihamnene til takst: Bøvågen, Kopperstad, Runde, Sandebukta og Skorpa fiskerihamn. Samla sum for hamnene er 1.950.000 kroner. I tillegg kjem tinglysingsgebyr.

Kjøpet vert finansiert av løyvinga til strategisk grunnkjøp, prosjekt 50153.

Særutskrift:

- Kystverket
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

1 Bøvågen fiskerihamn - Grunneigarerklæring 2443-1963
2 Bøvågen fiskerihamn - Grunneigarerklæring 2444-1963
3 Bøvågen fiskerihamn - Grunneigarerklæring 3242-1963
4 Bøvågen fiskerihamn - Kjøpskontrakt (gamal versjon)
5 Bøvågen fiskerihamn - Tilstandsregistrering kai 2011
6 Bøvågen fiskerihamn - Vedlikeholdsavtale fiskerikai (F-sak 436-64)
7 Bøvågen fiskerihamn - Vedlikeholdsavtale fiskerikai (K-sak 241-64)
8 Bøvågen fiskerihamn - Verditakst (25.06.2018)
9 Kopperstad fiskerihamn - Grunneigarerklæring 1591-1937 - Kart
10 Kopperstad fiskerihamn - Grunneigarerklæring 1591-1937
11 Kopperstad fiskerihamn - Kjøpskontrakt (gamal versjon)
12 Kopperstad fiskerihamn - Tilstandsregistrering kai 2011
13 Kopperstad fiskerihamn - Vedlikeholdsavtale fiskerikai (F-sak 97-1951)
14 Kopperstad fiskerihamn - Vedlikeholdsavtale fiskerikai (K-sak 97-1951)
15 Kopperstad fiskerihamn - Verditakst (23.06.2018)
16 Runde fiskerihamn - Grunneigarerklæring 1895-900084
17 Runde fiskerihamn - Kjøpskontrakt (gamal versjon)
18 Runde fiskerihamn - Tilstandsregistrering kai 2011
19 Runde fiskerihamn - Verditakst (25.06.2018)
20 Sandebukta fiskerihamn - Grunneigarerklæring 6675-1978
21 Sandebukta fiskerihamn - Grunneigarerklæring 6676-1978
22 Sandebukta fiskerihamn - Kjøpskontrakt (gamal versjon)
23 Sandebukta fiskerihamn - Tilstandsregistrering kai 2011
24 Sandebukta fiskerihamn - Vedlikeholdsavtale fiskerikai (F-sak 68-81)
25 Sandebukta fiskerihamn - Vedlikeholdsavtale fiskerikai (K-sak 24-81)
26 Sandebukta fiskerihamn - Verditakst (25.06.2018)
27 Skorpa fiskerihamn - Grunneigarerklæring 1933-900257
28 Skorpa fiskerihamn - Kjøpskontrakt (gamal versjon)
29 Skorpa fiskerihamn - Verditakst (25.06.2018)

Samandrag av saka:

Kystverket har fått i oppdrag å avhende Bøvågen, Kopperstad, Runde, Sandebukta og Skorpa fiskerihamn, som vert vurdert som statlege ikkje næringsaktiv fiskerihamner i Herøy kommune. Kommune har av Kystverket fått tilbod om å overta eigarskap av desse hamnene til takst.

Frist for overtaking er sett til den 01.04.2019.

Saksopplysningar:

Avhendingsobjekt

Kystverket har fått i oppdrag frå stortinget å avhende statlege fiskerihamner som ikkje lenger er næringsaktive.

Av dei 11 statlege fiskerihamnene i Herøy kommune vert Bøvågen, Kopperstad, Runde, Sandebukta og Skorpa fiskerihamn vurdert som ikkje næringsaktive av Kystverket.

Avhendingsobjekt er kaier og moloar, ikkje bygningar. Der føreligg grunneigarerklæringar, men kystverket eig ikkje grunn. Aktuelle grunnerklæringar vert transportert til kjøpar. Fiskeridirektoratet har sett vilkår på tre av hamnene (Bøvågen, Kopperstad og sandbukta).

Det er ikkje konsesjonsplikt på desse anlegga.

Salsvilkår

Kommunen har fått tilbod om å kjøpe anlegga til takst, frist er sett til den 01.04.2019. Om ikkje kommunen kjøper anlegga, får lag/organisasjonar tilbod om overtaking av anlegga til takst før dei vert lagt ut på den opne marknaden. Om anlegga ikkje vert selde vert dei overført til fylkeskommunen i 2020.

Om kommunen ynskjer å overta hamnene, men til ein annan pris enn takst, må det eventuelt leggast inn bod på den opne marknaden, om dei vert lagt ut for sal der.

Anlegga vert selt som dei var ved synfaring.

> *Avhl § 3-9 fråvikas slik at kjøper ikkje kan gjere gjeldande at det føreligg skjulte manglar ved eigedomane, at seljer ikkje har oppfylt sin opplysningsplikt (avhl §§ 3–7 og 3-8), eller at eigedomane er i dårlegare stand enn det kjøper har lagt til grunn (avhl § 3-9, siste punktum), jf. avhl. § 2-1, første ledd. Kjøper kan heller ikkje vise til at det foreligger manglar etter avhl §§ 4-17 og 4–18.*
> *Avhl § 4-19 fråvikas også, slik at den endelige reklamasjonsfristen settas til to år etter overtaking. Seljer teke også atterhald mot at det foreligger feil etter offentlegrettslige krav, jf avhl § 3–2, andre ledd.*
> *Avhl. § 3-3 fråvikas slik at seljer fråskrive seg eitkvart ansvar for eventuelle arealavvik som måtte framkomme ved seinare arealmålingar og et slikt eventuelt arealavvik kan ikkje gjerast gjeldande som en mangel.*

Kjøpekontraktane som ligg ved saka vil av Kystverket verte oppdatert med ny overtakingsdato og vilkår frå Fiskeridepartementet.

Tilstand

Det er føretatt ein visuell synfaring av alle anlegga med unntak av anlegget på Skorpa. Det er ikkje gjort undersøkingar om grunnforhold eller tilstand under vasslinja. Taksten er ei verdivurdering ut frå kva takstmann meiner at marknaden er villig til å betale, ikkje ein tilstandsrapport. Det kan vere skjulte feil og manglar som ikkje er kjende for Statens kystverk eller kommunen. Utvasking og andre manglar som oppstår over tid kan utgjere store kostnader som ikkje vert dekt av ei eventuell forsikring.

Anlegga er gamle og det vil truleg vere behov for framtidig opprusting/vedlikehald i samband med kjøp. Nokon av desse kostnadane kan dekkast over investeringsbudsjettet. Vanleg vedlikehald må takast over driftsbudsjettet.

Kommunen har i dag ansvaret for vedlikehaldet av dei statlege fiskerikaiene i varierande grad.

Kjøpesum

Prisen for alle fem hamner samla er **1.950.000 kroner**.

Runde fiskerihamn: 1.000.000 kroner
Sandebukta fiskerihamn: 300.000 kroner
Bøvågen fiskerihamn: 150.000 kroner
Kopperstad fiskerihamn: 400.000 kroner
Skorpa «fiskerihamn»: 100.000 kroner

Partane dekker eigne utgifter i samband med overdragelsen. For kommunen vil desse utgiftene utgjere om lag **6.000 kroner**.

Oppgjer

Kontant betaling straks før overtaking.

Forsikring

Forsikring av dei 5 anlegga vil koste om lag **52.000 kroner per år**. Eigenandel er då på 50.000 kroner. Forsikringa dekker då brannskade, kaskoskade og naturskade.

Ynskjer ein berre dekning for naturskade, også der med ein eigenandel på 50.000 kroner, vil forsikringa koste om lag **7.300 kroner per år**.

Finansiering

Det står per 25.02.2019 igjen 14.100.000 kroner av løyvinga til strategisk grunnkjøp. Då er grunnkjøp Bø/Arhaug og grunnkjøp Nørvåg teke med, men ikkje grunnkjøp Myrvåg (saka vart utsett).

Saksopplysningar og vurdering for dei einskilde hamnene:

Bøvågen Fiskerihamn

Saksopplysningar:

Om anlegget

Anlegget består av molo med kai.

Moloen er på om lag 20 meter og består av ei støypt betongfylling dels på steinfylling og dels på fast grunn. Noko stålgjerde på eine sida, kai i enden. Kaia er bygget i 1967 og er om lag 50 år gamal. Dette er ei liten kai, bygd i betong med to dragarar og søyler (med forskaling). Kailist er i betong medan fendring er utført av lastebildekk og trebjelkar. Tilkomst frå offentlig veg er køyrbar med lastebil fram til landfeste for fyllingskai. Det er ingen faste tekniske installasjonar utover lys.

Hamna er liggehamn for 3 aktive båtar som sysselset 3 mann.

Landfeste for molo ligg på gnr. 16 bnr. 2. Det er vegrett til anlegget.

Verditakst

Verdi**: 150.000 kroner** per 25.06.2018.

Marknadsvurdering av takstmann:

> *Eiendommen er en mindre molo/kai beliggende i Bøvågen på Leinøya. Bøvågen fiskerihavn ble etablert i 1967 da staten etablerte kai og foretok en mindre utdyping. Her er 4 private kaier/sjøhus. Like ved havna ligger et mindre mekanisk verksted.*
> *Dette er en naturhavn med begrenset potensiale for videre utvikling.*
>
> *Selve havna som inkluderer moloen en mindre kai og det avsatte havnebassenget i kommuneplanen utgjør et areal på ca 31 mål. Av dette*

utgjør selve moloen med kaia ca 80 kvm - i denne taksten er det kun moloen/kaia - ikke havnebassenget som er medtatt. Men her foreligger endel grunneiererklæringer på andre landområder som skulle sikre mulig utmudring av hele havneområde. utifra dagens bruk er ikke disse vektlagt stor verdi.

Molo/kai består idag av en enkel veg/molo på ca 20 m som ligger på Bøholmen - i enden er det bygd ei betongkai med en kailengde på ca 7 m.

Pr idag har selve molo/kai begrenset utviklingspotensiale, sett i sammenheng med grunnstykke arealene som det og er grunneiererklæringer på så kunne området vært utviklet til f.eks. naust/ rorbuer etc, men på disse områdene er det i stor grad allerede oppført bygg og fradelt tomteparseller på.

Objektet er et spesielt objekt i eiendomsmarkedet med begrensede bruksområder og begrenset marked. Det har vært solgt ut tilsvarende moloer andre steder i Norge, men prisene varierer utifra muligheten for alternativ bruk. Den alternative bruken kan f.eks være:

- småbåthavner
- reiselivsutvikling av havna
- gjenfylling av hele havneområde til tomteområde
- eller der finnes ikke interrese for noe bruksmuligheter der havna ligger pr idag

Denne havna har begrensede utviklingsmuligheter i forhold til potensiale opplistet foran. Dette vil gjenspeile seg i prisnivået. Mest naturlig bruk idag vil være å kunne bruke selve kaia for mindre fartøy.

Småbåthavn er ikke mulig uten betydelig utmudring og endring i havnebassenget, markedet er og begrenset her.

Området som sådant har potensiale innen reiseliv/rorbu utbygging etc, men krever endring i kommuneplan.

Basert på den visuelle befaringen, markedskunnskap, forutsetninger, sammenlignbare objekter, beregninger og erfaring antas eiendommen å kunne omsettes for i den stipulerte markedsverdi i dagens markedssituasjon.

Tilstandsvurdering av kaia frå 2011 bestilt av kystverket:

Betongkaia på brukbar stand – dragerne er svekket på grunn av rustangrep, tilstandsgrad 1 (svake symptomer) og bør overvåkes. Kaia er tydeligvis bare i bruk til ombordstigning, og kan stå uendret inntil videre.

Tilstanden på kaia har ikkje vore vurdert etter 2011.

Kommunalt vedlikehaldsansvar

Kommunestyret har i K-sak 241/64 påteke seg vedlikehaldsansvar for Bøvågen almenningskai.

Kjent nødvendig vedlikehald av dette anlegget er vedlikehald som kommunen alt har påteke seg ansvar for. Dette er vedlikehald som vert liggande til kommunen om anlegget vert verande i offentleg eige.

Vilkår frå fiskeridirektoratet

- Må være liggeplass for 1 fiskeriregistrert fartøy under 11 meter.

Grunneigarerklæringar (Dagboknummer 2443/1963, 2444/1963 og 3242/1963)

Grunneigar(ar)

- gjev vederlagsfritt løyve til bruk av grunn under utbygging og vedlikehald av anlegget.
- gjev avkall på krav til erstatning for skader som kan oppstå som ein følgje av anlegg eller arbeid på anlegget.
- gjev rett til veggrunn med inntil 5 meters køyrebredde.
- stiller grunnareal fargelagt med grøn farge på *figur 1* til allmenn bruk som almenningar, båtopptrekk, landingsplassar eller liknande, med rett til eigar av anlegget å tillate oppføring av anlegg som er til allmenne behov.
- forpliktar seg til å bortleige tomter med vegforbindelse på grunnareal fargelagt med gul farge på *figur 1* og *figur 2* til fiskarar, oppkjøparar, selskap og handelsmenn til fiskeriformål.



Figur 1



Figur 2

Vurdering:

Dette er ei naturhamn med avgrensa potensiale for vidare utvikling, men kaia vert nytta av fiskarar.

Ei privatisering av hamna vil kunne føre til at hamna ikkje kan nyttast som i dag, og dermed medføre nedbygging av fiskeriaktiviteten i bygda.

Det må påreknast noko vedlikehald på denne hamna, men dette ansvaret ligg allereie på kommunen så lenge den er i offentleg eige.

Kopperstad Fiskerihamn

Saksopplysningar:

Om anlegget

Anlegget består av molo med kai.

Moloen er på ca. 220 lengdemeter og ein synlig konstruksjonsbredde på om lag 6 meter i øvre del. Vidare 5 meter på kvar side i.h.t. grunneigarerklæring. Toppdekket er støypt betongplate på om lag 3 meter bredde i heile moloens lengde. Det er stadvis føreteke utviding av det støypte dekke samt tredekke ved enkelte av sjøbuene. Støypt betongkant/brystvern mot vest med høgde på om lag 1,3 meter. Moloen har ein nokså rett linje ut frå land mot sør og ein liten dreiing mot aust ytterst. Det er ingen faste tekniske installasjonar på moloen utover lys.

Det er på sjølve moloen oppført fleire sjøbuer/naust av forskjellige karakter. Retten til oppføring av desse bygningane er omtalt/sikra i grunneigarerklæringa, samt i særskilte løyver. Disse sjøbuene/nausta er ikkje en del av salet.

Hamna er liggehamn for 2 aktive båtar som sysselset 5 mann. 2 andre fiskarar har tilknyting til hamna, men dei har båtane liggande i Kvalsund fiskerihamn.

Hamna er noko plaga av sjø frå NØ og er lite nytta av tilfeldige båtar.

Landfeste for molo ligg på gnr. 3 bnr. 7. Det er vegrett til anlegget.

Verditakst

Verdi**: 400.000 kroner** per 23.06.2018.

Marknadsvurdering av takstmann

> *Eiendommen er Kopperstad fiskerihavn beliggende på Nerlandsøy i Herøy kommune. Denne havna ble påbegynt som nødsarbeid med bygging av 170m*

molo i 1941, senere kai i 1952 og videre forlenget med 50m i 1974. Senere er her foretatt en del utbedringsarbeid etter stormskader. Her er bygget flere private kaier med sjøhus på moloen.

Moloen er på ca 220 m - den fungerer idag som skjerm mot sjø fra vest/sydvest - ingen skjerming mot øst. Den har hatt definisjon som "sommerhavn". Havna er nokså utsatt for vind/sjø fra nordøst.

Objektet er et spesielt objekt i eiendomsmarkedet med begrensede bruksområder og begrenset marked. Det har vært solgt ut tilsvarende moloer andre steder i Norge, men prisene varierer utifra muligheten for alternativ bruk. Den alternative bruken kan f.eks være:

- småbåthavner
- reiselivsutvikling av havna
- gjenfylling av hele havneområde til tomteområde
- eller der finnes ikke interrese for noe bruksmuligheter der havna ligger pr idag

Prisnivået på moloen/kai vil være speilbilde av hvilken kategori som nevnt over havna kan brukes til.

Havna er idag lite egnet for f.eks. småbåthavn - til det er den for utsatt for vind fra nordøst. Det ligger og ei relativt stor og skjermet småbåthavn ved Nerlandsøybroa ca 2 km unna, markedet er derfor begrenset Formålet til moloen idag er derfor hovedsak vern for ei regulert naustrekke øst for moloen samt det er bygd 4 bygg på moloen med private kaier etc av forskjellig størrelse. Utvikling av flere tilsvarende bygg kan være et utviklingspotensiale.

Basert på den visuelle befaringen, markedskunnskap, forutsetninger, beregninger, sammenlignbare objekter og erfaring antas eiendommen å kunne omsettes for den stipulerte markedsverdi i dagens markedssituasjon.

Tilstandsvurdering av kaia frå 2011 bestilt av kystverket

Kaia på Kopperstad er en gammel kai, men tilsynelatende i brukbar stand. Fundamentet synes stabilt, tilstandsgrad 2 (middels kraftige symptomer). Fundamentet og fuger kan være utvasket uten at dette er synlig ved enkel inspeksjon. Hyppig kontroll av tilstanden anbefales. Kaia er trolig lite i bruk til fiskeriformål.

Tilstanden på kaia har ikkje vore vurdert etter 2011.

<u>Kommunalt vedlikehaldsansvar</u>

Kommunestyret har i K-sak 97/1951 påteke seg vedlikehaldsansvar for kai og betongdekke på Kopperstad allmenningskai og molo.

Kjent nødvendig vedlikehald av dette anlegget er vedlikehald som kommunen alt har påteke seg ansvar for. Dette er vedlikehald som vert liggande til kommunen om anlegget vert verande i offentleg eige.

Vilkår frå fiskeridirektoratet

- Må være liggeplass for 1 fiskeriregistrert fartøy under 11 meter.

Grunneigarerklæring (Dagboknummer 1591/1937)

Grunneigar(ar)

- avstår all nødvendig grunn samt grunn i 5 meters bredde på alle sider av molo, kai eller vorr.
    - Grunnareal merka med A og grøn farge på *figur 1* vert å stille til allmenn bruk som båtopptrekk, landingsplassar eller liknande, med rett til eigar av anlegget å byggje kaier m.m.
    - På grunnareal merka med B og C og gul farge forpliktar grunneigar(ar) seg på vilkår til å bortleige til fiskarar, oppkjøparar og selskap til fiskeriformål, samt til handelsmenn for vanleg handelsforretning.
        - Areal B føreset utnyttast mot molo.
        - Eigar av molo skal være utan ansvar for byggverk i tilfelle skade på molo.
- gjev rett til å plassere fortøyingsinnretningar.
- gjev rett til veggrunn med 3 meters fri køyrebredde.
- gjev avkall på krav til erstatning for skader som kan oppstå som ein følgje av anlegg eller arbeid på anlegget.
- gjev rett til å utvide, innskrenke eller legge om plan for anlegget.



Figur 1

Vurdering:

Grunna drag i sjøen er hamna dårleg egna som fast liggehamn for båtar, men hamna vert nytta som liggehamn for 2 aktive båtar. Andre fiskarar med tilknyting til

Kopperstad nyttar og hamna aktivt. Det same gjer bygdas bebuarar under krabbe/hummarfiske og laksefiske.

Ei privatisering av hamna vil kunne føre til at hamna ikkje kan nyttast som i dag, og dermed medføre nedbygging av fiskeriaktiviteten i bygda.

Det må påreknast noko vedlikehald på denne hamna, men dette ansvaret ligg allereie på kommunen så lenge den er i offentleg eige.

Runde Fiskerihamn

Saksopplysningar:

Om anlegget

Runde fiskerihamn innehelder 2 moloar (austre og vestre) og 2 kaier. Moloane er kvar på om lag 210 lengdemeter og har ein synlig konstruksjonsbredde i vasslinja på om lag 6-9 meter.

På vestre molo er det i ettertid føreteke utviding av det støypte toppdekket, slik at det har i dag bredder frå 5-6 meter. Brystvern har ei høgde på om lag 1,3 meter og er i betong. Det er etablert to kaier på denne moloen som vart bygde i 1909 som ein del av moloanlegget, ei som fiskerikai og ei som dampskipskai. Fiskerikaia innerst er mura i naturstein medan ytre kai er i betong som ein del av molohode bygd i ettertid. Tilkomst frå offentlig veg over molo er køyrbar med stor lastebil.

Den austre moloen har ingen fasilitetar utover støypt dekke på mellom 2,5-3,5 meter. Brystvernet består her av store natursteinsmurar. Denne moloen er innerst ein del av ei fylling mellom øya Runde og øya Kjerringholmen. Moloen er mura opp i natursteinsblokker og deler kan nyttast til kai for mindre båtar.

Det er ingen faste tekniske installasjonar på moloane utover markeringslys ved innløpet, og lys på den vestre moloen.

Dette er ei god hamn med hamnebasseng og landareal for eventuell vidare utvikling.

Det er i dag ingen aktive fiskebåtar som nyttar denne hamna som fast liggeplass, hamna vert i dag hovudsakleg brukt til fritidsformål og turisme. Under sesongfiske vert hamna tidvis nytta som liggehamn for fiskefartøy.

Runde Miljøsenter nyttar hamna i samband med forskingsoppdrag.

Hamna sin nærleik til fiskefelta, gjer dette til ei naturleg nødhamn.

Runde hamn er einaste hamna på øya.

Landfeste for moloane ligg på umatrikulert grunn. Vegrett til anlegget er ikkje spesifisert i grunneigarerklæringa.

Verditakst

Verdi**: 1.000.000 kroner** per 25.06.2018.

Marknadsvurdering av takstmann

Eiendommen er en eldre fiskerihavn - Runde fiskerihavn beliggende på Runde i Herøy kommune.

Runde fiskerihavn inneholder 2 moloer, 2 almenningskaier og foretatt utdyping i fiskerihavna på Runde. På slutten av 1800-tallet ble der utarbeidet planer for etablering av molo og i 1900 startet arbeidet som pågikk i flere år. Det har siden vært flere tiltak og mindre utbedringer. I denne havna er der mange erklæringer mht sjøhus/naust samt bruk av dampskipskaien på vestre molo, men ingen vedrørende almennings- eller bortleiareal til fiskere.

Moloen er i stor grad i kommuneplanen avsatt til havneområde. Indre deler av moloen er avsatt til "annen bebyggelse". Moloen er ei steinfylling fra ca tidlig 1900-tallet med senere oppgraderinger bl.a. i 1968. Selve havna som inkluderer de to moloene og havnebassenet til østre enden av moloen utgjør et areal på ca 35 mål. Av dette utgjør selve moloen ca 5 mål - i denne taksten er det kun moloene - ikke havnebassenget som vurderes. Moloen mot syd har en lengde på ca 210 m og er i en L-form med ei betongkai. Den nordlige moloen har og en samlet lengde på ca 210 m, men mer i rett form.

Prisnivået på moloen vil være speilbilde av hvilke bruksområder havna kan brukes til. Når det gjelder småbåthavn-alternativet så er det i dag allerede ca 40 båtplasser i havna. Det er mulig å øke dette utifra fysiske forutsetninger - markedsbehovet er mer usikkert. På Sunnmøre varierer prisene på småbåtplasser betydelig fra ca kr 15.000 - 33.000 kr løpemeter båtplass. De rimeligste plassene er der havna/moloen allerede ligger der, mens de dyreste er når havna må bygges også i tillegg til selve småbåthavnopplegget. Dagens bryggeopplegg gir ikke full utnyttelse.
På Runde bor det ca 108 fastboende personer. Det er derfor ikke noe betydelige ytterligere markedspotensiale i den fastboende befolkning. Dette er imidlertid den eneste havna på øya. Det er idag ca 170 løpemeter med brygge + ei gjestebrygge/kai. Hver løpemeter småbåtplass i ei slik havn tåler normalt sett 3-5.000 kr pr løpemeter i molokostnader Utifra befolkningsgrunnlaget legges nivået på det laveste ca kr 3 000,-. Dette priser moloene for dette bruksformålet til ca kr 500.000,-. Det er da ikke lagt inn utvidelse.

Runde er en stor turistattraksjon i Møre og Romsdal med fuglefjell, Rundeskatten og nå senere år og etablering av Runde Miljøsenter. Havna er derfor et naturlig samlingsted på øya, og mange turistaktiviteter har utspring i havna. Her er og et par hundre gjestedøgn i sommersesongen i havna fra småbåtmiljøet. Moloen fungerer og som skjerm for 15-16 bygg av forskjellig

størrelse inne i havna og ved moloen. Videre drives det endel turisme fra havna med båt/fisketurisme etc. Havnas potensiale ligger nok først og fremst i dagens småbåthavn og ytterligere utvikling av havna som utgangspunkt for turisme. Runde miljøsenter markedsfører eks.vis idag båtturer med utgangspunkt fra Runde Hamn. Det er derfor flere aktører som idag har bruksinteresser i havna, og markedet vil nok ligge i disse grupperingene. Samlet stipuleres verdi av disse faktorene til kr 500.000,-.

Basert på den visuelle befaringen, markedskunnskap, forutsetninger, beregninger og erfaring antas eiendommen å kunne omsettes for i dagens markedssituasjon.

Tilstandsvurdering av kaiene frå 2011 bestilt av kystverket

<u>Indre murkai</u>
Murkaia på søndre molo er i brukbar stand – men utvasking av betong fra fuger eller masser frå fundament kan forekomme. Dette er ikke synlig ved bare visuell kontroll – kaia synes tilsynelatende stabil, tilstandsgrad 2 (middels kraftige symptomer) og bør overvåkes jevnlig. Fendring er dårlig – men trolig lite nødvendsig så lenge kaias hovedfunksjon er å være landfeste for flytekai. Ved riktig vedlikehold og uendret bruk kan kaia stå i 100 år til.

<u>Ytre betongkai</u>
Betongkaia på søndre molo er i brukbar stand – men forankring til molo er ikke synlig ved bare visuell kontroll – kaia synes tilsynelatende stabil. Betongoverflater hjørner, kanter og fendring er slitt og bør utbedres. Kaias funksjonelle tilstand settes til tilstandsgrad 1 (svake symptomer). Kailista er ødelagt og fendringen er dårlig.

Tilstanden på kaiene har ikkje vore vurdert etter 2011.

<u>Kommunalt vedlikehaldsansvar</u>

Verken kommunen eller kystverket kan finne dokumentasjon på at kommunen har teke på seg vedlikehaldsansvaret for kaiene på Runde fiskerihamn. Dette betyr ikkje at slik dokumentasjon ikkje eksisterer, det var vanleg å sette krav om at kommunane skulle ivareta enklare vedlikehald for at hamnene skulle etablerast.

Det må påreknast noko enklare opprusting/vedlikehald på denne hamna, blant anna til sikring mot fall (rekkverk) på moloen/fyllinga mellom Runde og Kjerringholmen. Den støype kailista ytterst på vestre molo er også øydelagt.

<u>Vilkår frå fiskeridirektoratet</u>

- Fiskeridirektoratet har ikkje sett vilkår for denne hamna.

<u>Grunneigarerklæring (Dagboknummer 1895/900084)</u>

Grunneigar(ar)

- gjev vederlagsfritt løyve til bruk av grunn under utbygging og vedlikehald av anlegget.
- forpliktar seg til å bortfeste tomter til fiskarar og fiskekjøparar for fiskeriformål. Tomtene det gjeld er 100 meter frå vestre molo mot aust.
- å gje framande fiskarar uhindra og avgiftsfri tilgang til båtopptrekk og landingsplass for fiskereiskap med meir.

Vurdering:

Runde er den største turistdestinasjonen vi har i Herøy, og mykje av aktiviteten knytt mot turisme føregår i hamna.

Hamna vert i dag ikkje nytta fast som liggehamn for fiskebåtar, men auka aktiviteten i sjarknæringa gjer at dette fort kan endre seg. Hamna har også potensiale for å kunne utviklast til å verte ei god fiskerihamn.

Bruken av hamna i samband med turisme og under sesongfiske, og hamn sin naturlege plassering som nødhamn tilseier at hamna bør vere offentleg tilgjengeleg.

Ei privatisering av hamna vil kunne stenge for den bruken som allereie er i turistsesongen og under sesongfiske og hindre etablering av ny aktivitet.

Maritim forsking som vert utført ved Runde Miljøsenter har, og vil ha, betyding for fiskerinæringa og forvaltinga av denne.

Om brua til Runde vert skada er hamna einaste måten å kom til og frå øya. Av omsyn til samfunnstryggleig bør hamna vere i offentleg eige.

Sandebukta Fiskerihamn

Saksopplysningar:

Om anlegget

Anlegget består av molo med kai.

Moloen er på om lag 140 lengdemeter med ein synlig konstruksjonsbredde i vasslinja på om lag 6-7 meter. Toppdekket er støypt betongplate på om lag 3 meter bredde i heile moloens lengde. Støypt betongkant/brystvern mot nord med høgde på om lag 1,3-1,7 meter. Moloen har ein nokså rett linje ut frå land mot aust. Det er ingen faste tekniske installasjonar på moloen utover lys. Det er ei betongkai på moloen med kailengde på om lag 12 meter.

Det er i dag ingen aktive fiskebåtar som nyttar denne hamna som fast liggeplass grunna drag i sjøen, men kaia vert nytta til vegn av lokale fiskarar.

I følgje Herøy Fiskarlag er det no 8 fiskarar som bur i nærområdet og soknar til hamna.

Landfeste for molo ligg på gnr. 14 bnr. 41. tilhøyrande Herøy kommune. Herøy kommune er også grunneigar av vegen og heile moloanlegget.

Verditakst

Verdi**: 300.000 kroner** per 25.06.2018.

Marknadsvurdering av takstmann

> *Eiendommen er en molo med betongkai - Sandebukta fiskerihavn beliggende på Leinøya i Herøy kommune. Denne havna ble etablert rundt 1980/82 og staten har bygget molo og almenningskai. Det foreligger erklæringer vedrørende utbyggingen, samt for mologrunn og bortleieareal innenfor moloen.*

Området som i kommuneplan er avsatt til havneområde og som inkluderer moloen og havnebassenet utgjør et areal på ca 31 mål. Av dette utgjør selve moloen ca 2,4 mål. Moloen har en samlet lengde på ca 140 m. Det er ei betongkai på moloen med kailengde på ca 12 m.

Sandebukta er ei mindre bygd i enden av bilvegen på nordøstsida av Leinøya i Herøy kommune. Det er begrenset aktivitet i området. Det er noen få naust som drar nytte av moloen. Moloen skjermer antagelig for dårlig til å etablere noen småbåthavn i området av noe størrelse. Markedsmessig er og behovet noe begrenset.

Objektet er et spesielt objekt i eiendomsmarkedet med begrensede bruksområder og begrenset marked. Det har vært solgt ut tilsvarende moloer andre steder i Norge, men prisene varierer utifra muligheten for alternativ bruk. Den alternative bruken kan f.eks være:
- småbåthavner
- reiselivsutvikling av havna
- gjenfylling av hele havneområde til tomteområde
- eller der finnes ikke interrese for noe bruksmuligheter der havna ligger pr idag

Prisnivået på moloen vil være speilbilde av hvilken kategori som nevnt over havna kan brukes til. Pr idag er det vanskelig å se for seg at denne havna har noe betydelig utviklingspotensiale i noen av kategoriene over. Den ligger i en ende av vegen - skal en etablere noe innen reiseliv her er det en betydelig risiko, i og med en må starte helt på null - markedsmessig.

Sannsynlig bruk vil være skjermmolo for eksisterende naustrekke og begrenset småbåtaktivitet.

Basert på den visuelle befaringen, markedskunnskap, forutsetninger ,sammenlignbare objekter, beregninger og erfaring antas eiendommen å kunne omsettes for i dagens markedssituasjon.

Tilstandsvurdering av kaia frå 2011 bestilt av kystverket

Betongkaia er i forbausende bra stand, alderen tatt i betraktning. En av dragerne kan være svekket på grunn av rustangrep, tilstandsgrad 1 (svake symptomer). Kaia er i lite bruk, og kan stå uendret inntil videre.

Tilstanden på kaia har ikkje vore vurdert etter 2011.

<u>Kommunalt vedlikehaldsansvar</u>

Kommunestyret har i K-sak 24/81 påteke seg tilsyn og vedlikehaldsansvar for allmenningskaia i Sandebukta hamn.

Kjent nødvendig vedlikehald av dette anlegget er vedlikehald som kommunen alt har påteke seg ansvar for. Dette er vedlikehald som vert liggande til kommunen om anlegget vert verande i offentleg eige.

Vilkår frå fiskeridirektoratet

- Må være liggeplass for 1 fiskeriregistrert fartøy under 15 meter, og lagringsplass på land (molo).

Grunneigarerklæring (Dagboknummer 6675/1978 og 6676/1978)

Grunneigar(ar)

- gjev vederlagsfritt løyve til bruk av grunn under utbygging og vedlikehald av anlegget.
- gjev avkall på krav til erstatning for skader som kan oppstå som ein følgje av anlegg eller arbeid på anlegget.
- gjev rett til veggrunn med inntil 4 meters køyrebredde.
Verditaksten er utført iht. NTF's regler, NS 3451 og NS 3940. Taksten er kun basert på visuell befaring uten inngrep i byggverket, evt. supplert med enkle målinger. Merk at en verditakst ikke er en tilstandsrapport, som beskriver byggverkets tekniske tilstand. Kunden/rekvirenten skal lese gjennom dokumentet før bruk og gi tilbakemelding til takstmannen hvis det finnes feil/ mangler som bør rettes opp.

Takstkonklusjonen er en vurdering av verdien av objektet dvs. det beløp som takstmannen mener at markedet er villig til å betale. Takstmannen er ikke ansvarlig for manglende opplysninger om feil og mangler, som han ikke kunne ha oppdaget, etter å ha undersøkt takstobjektet slik god skikk tilsier. Taksten er avholdt etter beste skjønn. Takstkonklusjonen baserer seg på objektet i den stand og slik det var på takseringsdagen.

Dersom selger fraskriver seg ansvaret for riktigheten av bygningsarealer eller tomtearealer, overføres dette ansvaret ikke til takstmannen. Oppmåling av- og nøyaktig arealfastsettelse av næringseiendommer er en omfattende oppgave og inngår ikke i normaloppdraget 'Taksering av næringseiendom'. De oppgitte arealer er ikke nødvendigvis oppmålt, men kan være hentet fra annen dokumentasjon. Arealmåling kan bestilles som et eget oppdrag.

3.3 Beskrivelse av eiendommen

3.3.1 Eiendomsinformasjon

Konsesjonsplikt Nei

Adkomst Skorpa har ikke fastlandsforbindelse og ingen bilveier på øys, kun gang/traktorstier. Adkomst til øya via egen båt.

Vann Nei

Avløp Nei

Regulering Det er ikke regulert i havneområdet

Kommuneplan Moloen og havna er avsatt i kommuneplan til naustformål.

3.3.2 Matrikkeldata

Matrikkel: Kommune: 1515 HERØY (M.R.) Gnr: Bnr:

Eiet/festet: Eiet

Adresse: Skorpa
6098 NERLANDSØY

Kommentar: Eiendommen har pr i dag ikke eget bnr, det foreligger heller ingen grunneiererklæring på moloen. Det legges imidlertid til grunn at Kystverket er eier av selve moloen og har rett til å ha landfeste der den har det.

Sunnmøre Eiendom Takst AS
v/Frode Mauren, Trollhaugane 20, 6050 VALDERØYA
Telefon: 922 36 850

Norsk takst

3.3.3 Beskrivelse av tomt

Tomtens anvendelse	Skorpa fiskerihavn består av to eldre vører med et smalt sund imellom på ca 15-16 m. Det er nokså grunt i åpningen slik at selve havnebassenget er vanskelig å bruke ved fjøre sjø. Den nordligste døren ser ut til å være benyttet til utfar for båtfeste.
Moloens form	Den nordligste moloen/vøren har en lengde på ca 70 m fra fjørekantent. Bredde ca 3 m på toppdekket. Den sydligste døren har en lengde på ca 40 m. Bredde ca 2 m på toppdekke.
Grunnforhold og fundamentering	Moloene/vørene er ei steinfylling fra 1930-tallet.
Miljø og forurensning	Det er ikke foretatt noen form for undersøkelser av grunnen med tanke på forurensing.
Formål	Skorpa fiskerihavn er utbygd på 1930-tallet med formål som fiskerihavn.
Utbyggingspotensiale	Skorpa er idag ei avfolket øy. Det er rundt havna noen få naust og noen få hus som brukes som fritidsboliger. Grunnlaget for havna som havneformål er bortfalt. Havna tjener idag som ilandstigningskai/molo for denne bebyggelsen. Salgsmarkedet for moloen vil antagelig ligge hos eierne av disse eiendommene

3.3.4 Beskrivelse av områdene rundt

Utbygging, år	Moloene er bygd på 1930-tallet-
Områdene rundt	Skorpa er ei avfolket øy - det ligger noen få naust og noen få hus i havneområdet, husene brukes som fritidsboliger.
Transport og kommunikasjon	Det er ingen offentlig kommunikasjon til øya - kun ved egen båt-
Infrastruktur	Ingen infrastuktur på Skorpa.
Parkering	Ikke noe parkeringsareal på øya heller ingen bilvei.

Sunnmøre Eiendom Takst AS
v/Frode Mauren, Trollhaugane 20, 6050 VALDERØYA
Telefon: 922 36 850

3.4 Bygninger på eiendommen

3.4.1 Molo/fiskerihavn

Bygningsdata

Byggeår: 1936

Konstruksjoner og innvendige forhold:

Molo generelt

Denne fiskerihavna består av 2 vører; en på ca 70 m mot nord. Denne har støpt dekke og et stålrekkverk.

Den sydlige vøren er på ca 40 m -- synes å være oppglødd stein.

Moloens tekniske stand er ikke nærmere vurdert - ikke foretatt besiktigelse. Eventuell utvasking under vannlinje etc er ikke nærmere vurdert.

Det er ingen faste tekniske installasjoner på moloen.

Beskrivelsen bygger utelukkende på bilder av området/moloen - uten befaring. Noe avvik kan forekomme.

Sunnmøre Eiendom Takst AS
v/Frode Mauren, Trollhaugane 20, 6050 VALDERØYA
Telefon: 922 36 850

Norsk takst

4 Verdigrunnlag

4.1 Utleiekontrakter og ledige lokaler

Leiekontrakter/markedsleie:

Bygning/areal	Etg.	Antall	Pris pr år	Enh.pris	Leie f.o.m. mnd/år	Opphør mnd/år	Reg %	Markedsleie pris	Pris pr år	Markedsleie f.o.m. mnd/år	Reg %
Sum:											
Total:											

Bransjer/leiekontrakter:

Bygning/bransje	Etg	Antall	Pris pr år	Enh.pris	Leie f.o.m. mnd/år	Opphør mnd/år	Reg %	Markedsleie pris	Pris pr år	Markedsleie f.o.m. mnd/år	Reg %
Sum:											
Total:											

4.2 Beskrivelse av eiendomsmarkedet

Kort beskrivelse

Skorpa ligger rett vest av Nerlandsøya, delt av Skorpesundet. Terrenget er bratt og ulendt, med Keipen på 431 meter som det høyeste punktet. Det er ikke lenger fast bosetting på øya, og i dag blir Skorpa hovudsakleg brukt til fritidsboliger og fritidsaktiviteter.

Herøy er en kommune på Sunnmøre i Møre og Romsdal. Den grenser i sørvest mot Sande, over Rovdefjorden i sør mot Vanylven og Volda, og mot Ulstein i øst.

Kommunen ligger i sin helhet på øyer, men alle de bebodde øyene er knyttet sammen med broer.

Herøy har et stort næringsliv som først og fremst er knyttet til maritime næringer. Kommunen er blant de viktigste fiskerikommunene i landet. Rederinæringen står svært sterkt.

Kommunesenter er Fosnavåg. Kommunestyret vedtok i 2000 at Fosnavåg kunne kalle seg by.

Alternativ bruk av takstobjektet

Objektet er et spesielt objekt i eiendomsmarkedet med begrensede bruksområder og begrenset marked. Det har vært solgt ut tilsvarende moloer andre steder i Norge, men prisene varierer utifra muligheten for alternativ bruk. Den alternative bruken kan f.eks være:

- småbåthavner
- reiselivsutvikling av havna
- gjenfylling av hele havneområde til tomteområde
- eller der finnes ikke interrese for noe bruksmuligheter der havna ligger pr idag

Prisnivået på moloen vil være speilbilde av hvilken kategori som nevnt over havna kan brukes til.

Denne havna har svært begrensede bruksområder utover som skjerm for båtplasser for fritidsboligene i området.
Takstobjektet er ikke egnet til fiskeriformål.
Når det gjelder utnyttelse til andre formål enn havn/småbåthavn så krever dette endringer i kommunens kommuneplan. I kommuneplanen er strandlinjen ved havna avsatt til naustformål og et omkringliggende område bak til spredt bebyggelse.

Markedsmessig antas den å ha et svært begrenset marked, i og med at den ligger i et område uten bosetting - kun fritidsboliger.
Markedet vil antagelig være blant de som har fritidsbolig på øya.
Har man først fritidsbolig i området så vil tilgang/fortøyning av båt være avgjørende.

Sunnmøre Eiendom Takst AS
v/Frode Mauren, Trollhaugane 20, 6050 VALDERØYA
Telefon: 922 36 850

Salgspriser

Selv om staten ønsker å selge ut et betydelig antall slike eldre fiskerihavner i Norge er det relativt få som har blitt omsatt.
Det er senere tid omsatt moloer/fiskerihavner i Giske/Sandøy kommune i prisleiet NOK 500`/ 900`.

4.3 Inntekter/kostnader

Inntekter

Arealtype			Kontrakter			Markedsleie
	m²	Kr./m²	Pris/år	m²	Kr./m²	Markedsleie pr år
Sum						

Inntektsoverskudd

Inntekter (overført)
Tap ved ledighet, %
Normale eierkostnader, årlig

Eiendommens inntektsoverskudd

Sunnmøre Eiendom Takst AS
v/Frode Mauren, Trollhaugane 20, 6050 VALDERØYA
Telefon: 922 36 850

Norsk takst

5 Verdisetting

5.1 Tomteverdi

Metode: Det legges til grunn at det ikke finnes noe tomtegrunn utover selve moloen.

Verdi tomt

Tomteareal

Tomteareal, overført fra matrikkeldata:	**0,0 m²**
Sum areal:	**0,0 m²**

Verdi tomt

Ansatt verdi tomt:	
Verdi tomt:	

5.2 Teknisk verdi

Metode: Teknisk verdi baserer seg på fremskrevne utlegg justert for prisindeks.

Molo/fiskerihavn

Normale byggekostnader (utregnet som for nybygg)	1 327 000	
Fradrag (alder, utidsmessighet, vedlikeholdsmangler, tilstandssvekkelser, gjenst. arbeider)	600 000	
Sum teknisk verdi – Molo/fiskerihavn		**727 000**
Sum teknisk verdi bygninger		**727 000**

Sunnmøre Eiendom Takst AS
v/Frode Mauren, Trollhaugane 20, 6050 VALDERØYA
Telefon: 922 36 850

6 Andre bilder

Andre bilder for oppdraget

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2018/304
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
41/19	Formannskapet	12.03.2019

OPPSTART AV PLANARBEID - DETALJREGULERINGSPLAN FOR FOSNAVÅG HAMN - NØRVÅGEN

Tilråding:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova §12-8, å melde oppstart av planarbeid (detaljregulering etter pbl. 12-3) for Fosnavåg hamn – Nørvågen.

Regionale mynde og berørte partar skal varslast om oppstart i eige brev med seks veker frist for innspel.

Særutskrift:

Utviklingsavdelinga

Vedlegg:

1 Forvarsling oppstart av planarbeid i Fosnavåg hamn - Nørvågen
2 Sjekkliste ROS

Saksopplysningar:

Herøy kommune ønskjer å starte reguleringsarbeid (detaljregulering etter plan- og bygningslova §12-3 for eit avgrensa område i indre del av Fosnavåg hamn, Nørvågen. Målet med reguleringa er å legge til rette for eit samla deponi for ureine masser i forbindeles med utdjuping av Fosnavåg hamn. I tillegg er det planlagt å regulere for nytt næringsareal på nytt grunnivå over deponiet, samt nye kaier i front.



Figur 1: Planområde i Fosnavågen, markert i raudt.

Gjeldande plan og status:

Området som no skal regulerast er i hovudsak sjøarealet som ligg søraust i Fosnavåg hamn, mot Nørvågen. Arealet er i dag regulert gjennom områdeplan for Fosnavåg hamn (plan ID 201263) til hamneområde i sjø. På landsida er arealet regulert til næringsformål (NF-3), spesifikt fiskeriretta næring. Lengst mot vest er det regulert til hamneområde og kai i detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn (plan ID 201605).



Figur 2: Gjeldande planstatus. Her ser ein mellom anna detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn (plan ID 201605) som la til rette for deponi (gul, stipla) i indre hamn med ei todelt deponiløysing (indre- og ytre hamn). Målet med den nye reguleringa er å utvide dette området slik at deponiet kan samlast i eitt over heile vågen.

Målet med den nye reguleringa er som tidlegare skildra å legge til rette for eitt samla deponi i indre hamn. Landareala rundt er i hovudsak tenkt vidareført frå gjeldande plan (næring).

Vurdering:

Planprogram og konsekvensutgreiing
Herøy kommune har vurdert tiltaket etter *«Forskrift om konsekvensutredning for plan- og bygningsloven»*. I dialog med Fylkesmannen i Møre og Romsdal er det vurdert til at dette ikkje er naudsynt, då det ligg føre ei konsekvensutgreiing til detaljreguleringsplan for indre hamn (201605) som også vil dekkje dei tema som vert aktuelle for den nye reguleringa. Den nye planen vil i praksis bygge på mange av dei vurderingane som er gjort i den førre planprosessen.

Medverknad
Det vert lagt opp til medverknad på fleire nivå under planprosessen. Ein ønskjer god kontakt med fylkeskommune, fylkesmann og andre regionale mynde og høyringsorgan, berørte partar, interessegrupper og andre. Informasjon og medverknad elles i planprosessen vil bli sikra på vanleg måte ved offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at det vert meldt oppstart av planarbeid i Fosnavåg hamn, med sikte på å legge til rette for etableringa av deponi for ureine masser, samt nytt næringsareal og kaier.

Fosnavåg, 06.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad Rådmann	Ole Magne Rotevatn Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

Forvarsling av reguleringsarbeid for Fosnavåg hamn – Nørvågen

Til alle høyringspartar

Varsel om oppstart på reguleringsarbeid:

I samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 12-3 og §12-8 gjer vi med dette det kjent at det vert starta opp arbeid med detaljregulering for eit avgrensa område knytt til Fosnavåg hamn og Nørvågen i Herøy kommune. Området er i dag avsett til næringsføremål i «områdeplan for Fosnavåg hamn» (plan ID 201263). Forslag til planområde er vist i figur 1 (under).

Figur 1: Plangrense (svart stipla linje) ved oppstart av detaljregulering. Grensa går langs Nørvågvegen (men inkluderer ikkje vegen).

Planområdet omfattar eigedomane (gnr./bnr.) 33/30 og del av 33/5.

Formålet med reguleringa er å utvide/bygge vidare på «detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn» (plan ID 201605). Herøy kommune ønskjer å legge til rette for etablering av strandkantdeponi for ureine masser i forbindelse med utdjuping og muddring av hamnebassenget og innseglinga til Fosnavåg hamn. I reguleringsplan for indre hamn (201605) er den vestlege delen av indre hamn

regulert til deponi. Med å regulere den austlege delen er målet å legge til rette for eitt samanhengande strandkantdeponi for indre hamn (figur 2).



Figur 2: Her ser ein det regulerte deponiet frå reguleringsplan for indre hamn (201605) i gul skravur med regulert kailinje i blått mot hamnebassenget. Raud inntegning viser planområde for det nye reguleringsarbeidet.



Figur 3: Arbeidsskisse frå Multiconsult sin forprosjektrapport syner korleis dette deponiet er tenkt utvida mot landfeste i austleg del av hamna (Nørvågen). Deponiet skal etablerast med cellespuntar. Dette er sirkulære stålspuntar som vert fylde med ureine masser, samt at det vert plassert ureine

masser i bakkant mot land. Nye kaier kan etablerast rett over cellene når toppdekket er lagt og massene er stabile. Her er det gamle båtopptrekket på 33/30 bevart for framtidig bruk.

Forhold til gjeldande plan:

Detaljreguleringa vil i hovudsak føre vidare arealformåla for næring på land frå gjeldande områdereguleringsplan. Det kan vere aktuelt å regulere for kombinert bruk i delar av planområdet, på same måte som for detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn (plan ID201605). Det vil verte regulert for deponering av forureina masse på areal der det i dag er sjøareal.

Herøy kommune, utviklingsavdelinga

Februar 2019.

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Fylkesmannen har samla dokument og lenkjer til bruk i arealplanlegginga her:
http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/

GisLink gjev tilgang til kart- og faginformasjon til bruk i arealplanlegginga:
http://www.gislink.no

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Namn på tiltak/plan: Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn - Nørvågen

		Er det knytt risiko til følgjande element? *Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg.* *Grunngje NEI etter behov.*	Ja	Nei	Kommentar
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		x	Jf. undersøkingar i NVE rapport 61/2016
	B	Er området utsett for større fjellskred?		x	Same som over
	c	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		x	Same som over. Omådet ligg innerst i Fosnavågen. Området er skjerma av ein terskel ytst i hamnebassenget
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		x	Området er kartlagt gjennom fleire faser av NGI, Rambøll og Multiconsult. Det er ikkje konkludert med fare for ustabile grunnforhold.
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		x	
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyming i kjellar osb?		x	
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		x	
	H	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?	x		Området som skal regulerast ligg i hovudsak i sjø. Det er forutsett at ei ny fylling skal dimmensjonerast jf. DSB sin rettleiar for havninvåstiging og stormflo.
	I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		x	
	j	Anna (Spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Omgjevnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		x	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		x	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare-liggande område?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Vass-forsyning	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		x	

	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			
Kraft-forsyning		**Er det knytt risiko til følgjande element?**	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspentliner?		x	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?		x	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

Samferdsel		**Er det knytt risiko til følgjande element?**	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?	x		Hamna er grunn, noko som medfører stor risiko for skipstrafikken. Formålet med reguleringa er å legge til rette for deponering av massar som skal takast ut av hamnebassenget for å gjere hamna djupare og dermed trygge ferdsel.
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	x		Skip som grunnstøyter eller feilmanøvrerer kan føre til skader på infrastruktur og miljø.
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		x	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendelser?		x	
	e	Anna (spesifiser)?			

Miljø/ Landbruk		**Er det knytt risiko til følgjande element?**	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?	x		Dette er ikkje venta som varig situasjon, men som ein del av anleggsprosessen med etablering av deponi og mudring av masse må ein pårekne forureining i form av lukt og støy.
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?	x		I anleggsfasen vil det vere fare for utslepp i sjø og på land. Dette kan vere utslepp av forureina masse eller drivstoff frå anleggsmaskiner.
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

Er området påverka/		**Er det knytt risiko til følgjande element?**	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		x	

forureina frå tidlegare bruk	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?		x	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålbrenning, skipsverft, gartneri etc.?	x		Botnen av hamnebassenget er i dag sterkt forureina. Det er også stor forureining i grunnen på land.
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Brann/-ulukkes-beredskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		x	
	b	Har området dårlige tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?	x		Industrien i hamna er avhengige av elektrisistet og vassforsyning.
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?		x	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Verksemds risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		x	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?	x		Usikkert kva industribedriftene har av instalasjonar som t.d. gass.
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		x	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sjekklista er gjennomgått den 06.02.2019 av sign: Utviklingsavd. Herøy kommune v/ Erlend S. Vikestrand

Sjekkliste klimatilpassing

1. Flaumfare

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km2):

- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga?
  - Dette er ikkje gjennomført i forbindelse med oppstart.
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga?
- Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)?
  - Ja.
- Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)?
  - Ikkje kjent.

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

- Det er ingen bekkar/ elvar i området.
- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda?
- Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk?
- Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder?
- Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum?
- Vil utbygginga kunne ligge i vegen for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp?

2. Skred/erosjon

a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon?

- Nei.

3. Avløp

a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssystema ved tidlegare hendingar med intens nedbør?

- Ikkje kjent.

b) Har det vore problem tilbakeslag?

- Ikkje kjent.
c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda?
- Ikkje kjent.
d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)?
- Ja. Dette må vere tema for prosjektering.

4. Havnivå/stormflo

a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstigning og stormflo» (DSB, september 2016)?
- Det er gjort for detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn (plan ID 201605). Resultata her vil vere like for denne planen.

5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)

a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området?
- Ja. I forhold til skipstrafikk og ulykker knytt til denne.

6. Slagregn

a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn?
- Nei. Området ligg sjønært og det skal etablerast tilstrekkeleg drenering av overflatevatn over ny fylling.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2019/45
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
42/19	Formannskapet	12.03.2019

DETALJREGULERINGSPLAN FOR SÆVIKANE GNR. 11 BNR. 6 - OPPSTART AV PLANARBEID

Tilråding:

Formannskapet vedtek at det i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område i Sævikane.

Særutskrift:
B. Tarberg AS
Axel Bjørklid

Vedlegg
1 201827_Planavgrensing
2 201827_Planinitiativ_Detaljreguleringsplan Sævikane 11_6_09.1.19 PDF
3 Ideskisse 18.2.2019
4 Referat frå oppstartsmøte 08.02.2019

Samandrag av saka:

B.Tarberg AS søkjer på vegne av tiltakshavar Axel Bjørklid om oppstart av detaljregulering av eit område i Sævikane på Remøya.

Intensjonen med planarbeidet er å legge til rette for bustadføremål, naust, fritidsbustadar, fritids- og turismeføremål.

Området er i kommuneplanen sin arealdel avsett til SB 3(spreidd busetting for *Vikane*) der det er gitt løyve til oppretting av seks frådelingar(til bustadføremål). Kommunen har såleis gjort vedtak om at arealet kan bebyggast på vilkår(vilkåra framgår av føresegna til arealdelen s. 12 og 13).

Søknad om oppstart er såleis delvis i tråd med kommuneplanen og rådmannen rår til at det vert gjeve løyve til å starte opp detaljreguleringsarbeid i medhald av plan- og bygningslova § 12-8.

Saksopplysningar:

B.Tarberg AS søkjer på vegne av tiltakshavar Axel Bjørklid om oppstart av detaljregulering av eit område i Sævikane på Remøya. Planområdet er om lag 26 daa og omfattar både areal på land og på sjø.

Lokalisering av planområdet.

3D-perspektiv frå sunnmorskart.no

Området er i kommuneplanen sin arealdel avsett til SB 3(spreidd busetting for *Vikane*) der det er gitt løyve til oppretting av seks frådelingar(til bustadføremål). Kommunen har såleis gjort vedtak om at arealet kan bebyggast på vilkår

Det er registrert omsynssone H730 kulturminne nordvest for eksisterande bustadhus på eigedomen. Riksantikvaren har tidlegare gitt dispensasjon frå kulturminnelova og løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne. Forholdet til kulturminne må avklarast i planarbeidet.



Utsnitt frå kommuneplan med SB3 (SB3 er lys grøn og plangrensa er stipla linje)

Henta frå søknaden:

<u>Bustader:</u>

Tiltakshavar ser føre seg følgjande hovudprinsipp for utnytting. Det blir sett av formål til bustad i et belte mellom sjøen og verneområdet, sett i samanheng med eksisterande busetnad frå aust til vest. Dette vil gi moglegheit for frådeling av ei tomt mot vest og ei tomt mot aust i tillegg til å dele frå det gamle huset med nytt tilbygg.

I tillegg ynskjer tiltakshavar å realisere eit kombinert bygg med formåla bustad,naust, servicebygg for å kunne betjene satsinga på turisme – sjå vedlegg Det vert då totalt søkt om 3 nye bueiningar i området. Sjølve tomteinndelinga vil ein kunne kome attende til ved reguleringsplanen.

<u>Fritidshus/turisme:</u>

Område på «Bakarneset» planlegg ein å regulere til areal for turisme. Her ser tiltakshavar føre seg moglegheiter med oppføring av 4 fiskarhytter eller havstover, regulert med bestemt plassering. I tillegg ser ein føre seg eit felles badstuanlegg ytterst på skjæret.

Grunngjevinga for dette formålet vil også vere ut frå kommunen sitt ynskje om satsing på turisme. Området er tatt i bruk til dette formålet i nærområdet. Her kan ein vise til den fantastiske satsinga som har skjedd på Skotholmen og dette prosjektet si lokalisering nær destinasjon Runde og kort veg innover i fjordlandskapet til Sunnmørsalpane.

Tiltakshavar ynskjer primært å realisere denne delen av satsinga som til eit levebrød på lengre sikt.

Småbåthamn og naust.
For å utnytte dei naturlege fortrinna som prosjektet har ved havet og Holmefjorden, så ynskjer tiltakshavar og nytte den naturlege vika til ei lun småbåthamn og kunne føre opp naust for lagring av båtar og utstyr for utleige i turismesamanheng.

Planlagt bebyggelse, utbyggingsvolum og byggjehøgder
Det er ynskje om å etablere ein spreidd busetnad med normale volum og proposjonar. Tiltakshavar er oppteken av å gi nye bygningar ei god estetisk utforming og ein arkitektur som speglar dagens tid.

Antall bygg
3 bustader
4 fritidshus for utleige.
4 naust
1 badstu

Tiltakshavar ynskjer å vektlegge god terrengtilpassing av nye bygningar, vegar og uteområde.
Konkret ser ein føre seg å vektlegge tiltak:

- *Nye murer blir oppført i naturstein. Bruk av lokal stein som blender inn i omgjevnadane.*
- *Kledning og trevirke som blir nytta i bygningsfasade skal ha mørk og avdempa fargebruk. Her vil fargane burgunder, grå, gul vere aktuell i fasade.*
- *Dekke på takkonstruksjon bør vere av grå skifer eller torv, for mest mogleg blending inn i terrenget.*
- *Dekke på Kai/brygge av ubehandla materiale.*
- *Vegskråningar og fyllingar vert tilplanta med stadeigen vegetasjon, og re-etablert med kystlyng.*

Ideskisse frå tiltakshavar:
Skissa er utarbeidd på ei tidleg stadie og er ikkje bindande for arealbruken, men syner og mogleg utvikling av området.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen meiner søknaden har kome langt og skildrar godt potensialet for området. Rådmannen legg likevel ikkje mykje vekt på ideskissa på dette tidspunktet, men ser det som eit positivt vedlegg til saka. Det vert lagt stor vekt på at tiltakshavar i området ynskjer å bygge på naturen sine premiss og at det ikkje vert ei «tung utnytting» av området.

Det omsøkte tiltaket er ei detaljregulering i medhald av plan- og bygningslova § 12-3. Rådmannen viser elles til at det skisserte planformålet er delvis i samsvar med arealføremålet i kommuneplanen og rår på dette grunnlag til at det vert gjeve løyve til oppstart av detaljreguleringsarbeid i medhald av plan- og bygningslova § 12-8.

Fosnavåg, 25.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ole Magne Rotevatn
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



AXEL BJØRKLID REGULERINGSPLAN
GNR. 11 BNR. 6 SÆVIKA

Dato	Konstr./tegnet	Godkjent	Målestokk	
15.06.2016				
Situasjonsplan A3 M 1:1000			Erstatning for:	Erstattet av:
			901	
Henvisning:	Beregning:		B. TARBERG AS	

09.01.2019

Herøy kommune
PB. 183
6099 Fosnavåg
postmottak@heroy.kommune.no

Vår referanse: **2018-27**

PLANINITIATIV - SØKNAD OM OPPSTART AV DETALJREGULERINGSPLAN FOR SÆVIK GNR. 11 BNR. 6 M.FL - HERØY KOMMUNE

«Detaljreguleringsplan for Sævik gnr. 11, bnr. 6 i Herøy kommune – Axel Bjørklid »

DETALJREGULERINGSPLAN PBL §§ 12-3 og 12-10

Planarbeid, planprosess og vurdering i høve konsekvensutgreiing (KU)

I samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova (PBL) vert det med dette søkt om oppstart privat planarbeid for av detaljregulering av området i Sævikane i Herøy kommune. Denne søknaden er retta til kommunen, men vil også kunne vere grunnlag for ei seinare varsling til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet i samband med varsel om oppstart av planarbeid.

Gjeldande planstatus og bakgrunn for planarbeidet.

Området er i kommuneplanens arealdel avsett til LNF-kan område for spreidd busetnad og fritidshus (SB3) på land og område NFFA i sjø, som er eit kombinert arealbruksføremål. Det er etablert busetnad i området i form av bustadhus og naust. Området er soleis ikkje inngrepsfritt.



Det er registrert omsynssone H730 kulturminne nordvest for eksisterande bustadhus på eigedomen. Riksantikvaren har tidlegare gitt dispensasjon frå kulturminnelova og løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne.

Tiltakshavar Axel Bjørklid (også grunneigar av gnr. 11 bnr. 6) har tidlegare fått dispensasjon og løyve til etablering av ny tilkomstveg til bustadhuset på eigedomen og det er gitt byggeløyve for nytt tilbygg til eksisterande bustad.

Tidlegare søknad om dispensasjon MTK sak 78/15 (Ref. ?)

Det er tidlegare søkt om dispensasjon frå byggeforbudet i 100 meterbeltet jf. Pbl § 1-8 for oppføring av ein bustad på eigendomen den 28.01.2015.

Tiltaket som vart omsøkt i januar 2015 omfatta også oppføring av 4 naust og molo. For denne delen av tiltaket vart det også søkt dispensasjon frå kommuneplanens arealdel.
Søknaden vart innvilga av Herøy kommune men påklaga av fylkesmannen i Møre og Romsdal. Vedtaket vart derettet endra av kommunen men fylkesmannen opprettholdt klagen. Den delen av søknaden som gjaldt nytt bustadhus vart tilslutt endelig avslått av fylkesmannen i Sør Trøndelag i april 2016.

Herøy kommune satte ved behandlinga av søknaden frå 2015 som vilkår at det måtte utarbeidast reguleringsplan før tiltaket kunne godkjennast.

Det er her viktig å framheve at kommunen tidlegare har gitt løyve til deler av tiltak gjennom dispensasjonssak.

Ny reguleringsplan

Planarbeidet vil vere ei detaljregulering etter plan- og bygningslova (PBL § 12-3 og § 12-10) for deler av eigedomen. Formål er å legga til rette for utvikling av eigedomen til bustad og fritidsføremål i tillegg til hamn, naust og næringsformål.

Området ligg godt til rette for utbygging og ekstern infrastruktur som veg, gangveg, vatn, avløp er tilrettelagt i nærleiken av planområdet. Det som står att er utbygging av leidningsnett for overvatn.

Reguleringsplanen vil vere avgrensa med ny plangrense og ha eigen planID.

Tiltakshavar vonar det kan startast opp ein detaljreguleringsplan som grunnlag for vidare utbygging, jfr. PBL 12-1.

Det blir søkt om formåla bustad, næring/fritid/turisme og småbåthamn/naust. Om ein ser dette i høve omgjevnadane i Sævikane, så vil ein kunne relatere desse formåla til noko som høyrer naturleg heime i dette området.

Tiltakshavar ser føre seg følgjande hovudprinsipp for utnytting. Det blir sett av formål til bustad i et belte mellom sjøen og verneområdet, sett i samanheng med eksisterande busetnad frå aust til vest. Dette vil gi moglegheit for frådeling av ei tomt mot vest og ei tomt mot aust i tillegg til å dele frå det gamle huset med nytt tilbygg.

I tillegg ynskjer tiltakshavar å realisere eit kombinert bygg med formåla bustad,naust, servicebygg for å kunne betjene satsinga på turisme – sjå vedlegg Det vert då totalt søkt om 3 nye bueiningar i området. Sjølve tomteinndelinga vil ein kunne kome attende til ved reguleringsplanen.

/Fritidshus/turisme:
Område på «Bakarneset» planlegg ein å regulere til areal for turisme. Her ser tiltakshavar føre seg moglegheiter med oppføring av 4 fiskarhytter eller havstover, regulert med bestemt plassering. I tillegg ser ein føre seg eit felles badstuanlegg ytterst på skjæret.

Grunngjevinga for dette formålet vil også vere ut frå kommunen sitt ynskje om satsing på turisme. Området er tatt i bruk til dette formålet i nærområdet. Her kan ein vise til den fantastiske satsinga som har skjedd på Skotholmen og dette prosjektet si lokalisering nær destinasjon Runde og kort veg innover i fjordlandskapet til Sunnmørsalpane.

Tiltakshavar ynskjer primært å realisere denne delen av satsinga som til eit levebrød på lengre sikt.

Småbåthamn og naust.

For å utnytte dei naturlege fortrinna som prosjektet har ved havet og Holmefjorden, så ynskjer tiltakshavar og nytte den naturlege vika til ei lun småbåthamn og kunne føre opp naust for lagring av båtar og utstyr for utleige i turismesamanheng.

Småbåthavna er også vil også gi interesserte bebuarar i nabolaget mulighet til å skaffe seg adkomst til sjøen gjennom kjøp av naust og eller båtplass. Strandlinja i Vikane er utsett, og den tenkte plasseringa av havna er soleis områdets einaste mulighet til å skaffe seg ein sikker adkomst til sjø.

Dei naturgitte tilhøva på staden er såpass krevjande med drag i sjø og bølgjekrefter at det må etablerast ei skikkeleg og robust hamn som kan skjerme båtane gjennom heile året. Her tenker ein å etablere ein molo mot sør og nytte dei to skjæra som forankring for molo mot vest



Kartutsnitt som viser eigedomen gnr. 11 bnr. 6 si lokalisering og avgrensing (Sunnmørskart).

Reguleringsplanen vil tilpasse plangrensa inn til eksisterande reguleringsplan og eksisterande eigedomsgrenser. Gnr. 11 bnr. 6, 16, 169 og 170 som blir omfatta i planområdet.

Planområdet, avgrensing og verknader utover planen



Kartutsnitt som viser planområdet og forslag til avgrensing.

Planlagt arealbruk (bustadformål) er delvis i samsvar med arealformål i forslag til ny kommuneplan. Ein viser til at det er utført konsekvensutgreiing i samband med ny kommuneplanens arealdel.

I tillegg til bustadformål ynskjer ein å utvikle arealet til fritidsbruk og turismeformål, samt legge til rette for skjerma båtplassar, molo/brygge/kaifront og nye naust. Nye naust vil vere ei vidareføring av allereie etablert bruk i området. I tillegg til bebyggelse vil det vere aktuelt med nye interne tilkomstvegar og gangstiar på eigedomen.
Detaljar rundt dette vil bli eit tema i planarbeidet.

Utnytting av området i høve dagens terreng:
Arealet som skal planleggast er i stor grad kupert terreng, og ein ser ikkje for seg at det her blir behov for nokon store endringar i terrenghøgder. Planen ønskast utarbeida som ein detaljplan der området vert regulert til byggeområde med byggelinjer og avgrensingar. Nye tiltak vil bli visualisert med «tenkt» busetnad og bygningsvolum. Den detaljerte arkitekturen og oppteikning av hus skjer i samband med fremming av byggesøknad.

3D perspektiv av område sett frå nord



3D perspektiv av område sett frå sør

Føremålet med planarbeidet

På vegne av forslagsstillar Axel Bjørklid ynskjer ein gjennom reguleringsplanen å leggje til rette for ei vidareutvikling av eigedomen til ein kombinasjon av bustad og fritidsbustader med formål å etablere satsing på turisme

Planlagt bebyggelse, utbyggingsvolum og byggjehøgder

Det er ynskje om å etablere ein spreidd busetnad med normale volum og proposjonar. Tiltakshavar er oppteken av å gi nye bygningar ei god estetisk utforming og ein arkitektur som speglar dagens tid.

Aktuelle arealformål

- Bustad, frittliggende
- Fritidsbustad, frittliggende
- Køyreveg
- Anna veggrunn, tekniske anlegg
- Naust
- Hytter
- Næring
- Småbåthamn
- Friluftsområde i sjø
- LNF-formål
- Grønnstruktur
- Parkering

Antall bygg

3 bustader

4 fritidshus for utleige.

4 naust

1 badstu

Konsekvensar av planarbeidet

Forholdet til overordna planar og retningslinjer
Planlagt arealbruk vil delvis vere i samsvar med overordna kommuneplan.
Det vil også vere behov i planen å avklare arealbruk i høve byggje- og deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona.

Tiltakets verknad på landskap og omgjevnader

Tiltakshavar ynskjer å vektlegge god terrengtilpassing av nye bygningar, vegar og uteområde. Konkret ser ein føre seg å vektlegge tiltak:

- Nye murer blir oppført i naturstein. Bruk av lokal stein som blender inn i omgjevnadane.
- Kledning og trevirke som blir nytta i bygningsfasade skal ha mørk og avdempa fargebruk. Her vil fargane burgunder, grå, gul vere aktuell i fasade.
- Dekke på takkonstruksjon bør vere av grå skifer eller torv, for mest mogleg blending inn i terrenget.
- Dekke på Kai/brygge av ubehandla materiale
- Vegskråningar og fyllingar vert tilplanta med stadeigen vegetasjon, og re-etablert med kystlyng.

Nye bygg på «Bakarneset» bør kunne plasserast og utformast slik at dei vert godt tilpassa dei lokale tilhøva, både i volum og materialbruk. Kombinert med tiltak som nemnt over, så vil desse avdempe inntrykket av hyttene sin plassering sett frå både veg- og sjøside. Riktig kotenivå på ferdig gulv, kombinert med riktig materialbruk og arkitektur vil ha mykje å seie for dei nye bygningane sine plasseringar på Bakarneset.
Avgrensa bygningsstorlik med tilpassing til terrenget og «grøn sone» rundt bygningane/ havhyttene, vil bidra til å redusere privatisering av strandsona. Terrenget her vil kunne behalde sin naturlege utforming med kystlyng samstundes som det vert mogleg å ferdast til og frå dei nye fritidsbustadane.

Bruk av strandsona:
Kartlegging og medverknad frå lokalsamfunnet viser at strandsona og eigedomen ikkje vert nytta av lokalbefolkninga når det kjem til ferdsel eller rekreasjon i 100-metersbeltet.
Klubben og Yste Sævikane er området som Remøy-folket i dag bruker som friområde. Vi meiner dette området ivaretek interessene til ålmenta og at bruken av Klubben tilseier at området 11/6 kan nyttast til dei formåla planforslaget viser.

Naust:
Tiltakshavar ynskjer ei vidareføring av området sin karakter med oppføring av nye naust. Dette blir vurdert som ei naturleg vidareføring av etablert bruk i området. Det visast og til sammenhengen med naustformålet avsatt i arealplanen på naboeiegdomen 11/1 og 11/155.

Småbåthamn:
Ved å samle båtplasser på ein felles stad vil ein kunne minske inngrep og press på øvrig strandsone i høve utlegging av flytebrygger. Dette blir vurdert som positivt i forhold til at det har ei samlande effekt. Nye flytebrygger og utliggarar vil også kunne vere ein viktig føresetnad i høve turisme med moglegheiter for utleige av båter og utgangspunkt for turvirksomhet. Båtplasser vil skjermast avmolo etablert med masse frå hamn og underjordisk garasje. . Fram til holmen vil det være nødvendig med molo mot vest for å sikre havna mot drag i sjøen og som fundament for havhyttene og saunaen..

Funksjonell og miljømessig kvalitet
Nye bygg vil ta omsyn til kringliggande bebyggelse når det kjem til volum og byggjehøgder.
Det vil vidare bli jobba med å oppnå gode estetiske løysingar for det arkitektoniske uttrykket til både nytt bygg og uteområdet, slik at ein på best mogleg måte kan oppnå eit heilskapleg områdeoppfatning. Detaljar rundt nye bygg vil gå fram av seinare byggesøknader basert på godkjend reguleringsplan.

Samfunnstryggleik og risiko og sårbarheit (ROS)
Det vil bli utført risiko- og sårbarheit analyse i reguleringsprosessen.

Det vil i planarbeidet også bli gjort vurderingar i høve naturmangfald. Dette vil inngå som ein del av planomtalen. Ein viser elles til overordna konsekvensutgreiinga som er gjort i samband med kommuneplanen.

Medverknad, vidare planprosess og innspel til planarbeidet

Grunneigarar, offentleg mynde, lag og organisasjonar og dei som blir direkte råka av planarbeidet vil bli varsla om reguleringsplanen i eige skriv. Dette vil inneberer at dei som har innspel eller synspunkt til planarbeidet får høve til å kome med skriftleg innspel innan ein fastsett tidsfrist. Innspel som kjem til varsel om oppstart vil følgje som vedlegg til planomtalen.

Medverknad ønsker ein ved å sende ut førehandsvarsel til alle aktuelle organ, fagmynde og naboar. Ein ønsker å ha ein tett dialog med Herøy kommune i planlegginga.

Aktuelle høyringspartar i tillegg til grunneigarar og naboar vil vere:

Herøy kommune, v/Utviklingsavdelinga
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
- Møre og Romsdal fylke, Fylkeshuset, 6404 Molde
- Statens vegvesen, Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde
- Mørenett AS
- Tussa Nett AS, Dragsund, 6080 Gurskøy
- Telenor Networks v/servicesenter for nettutbygging, sfn@telenor.com
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- Søre Sunnmøre Reinhaldsverk
- Noregs- vassdrags og energidirektorat (NVE)

Planprosessen skal følgje reglane i plan- og bygningslova for utarbeiding av detaljreguleringsplan § 12-14. Planarbeidet vil skje i regi av Aleksander Zahl Tarberg hjå B. Tarberg AS.

Med vennleg helsing



Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar

B. Tarberg AS
Sandvikvegen 174
6070 Tjørvåg
E-post aleksander@btarberg.no
Tlf: +47 46674461

VEDLEGG:

- Kartutsnitt med planavgrensing (A3-format)
- Bestilling/referatskjema oppstartsmøte delvis utfylt
- Plangrense i SOSi-format

Tomt 1

Tomt 2

Tomt 3

Vikane

Stigen

Sævik

Bolig

Bolig

Bolig

Bolig

Båthamn

MOLO

Bakarneset

MOLO

Avløp

7.4

9.8

13.8

8.8

7.2

36.9

16.3

7.1

12.074 m

14.174 m

13.399 m

SØKNAD OM OPPSTART AV ARBEID MED PRIVAT DETALJREGULERINGSPLAN

OG

FØREHANDSUTFYLT INFORMASJON TIL OPPSTARTSMØTE

Etter plan- og bygningslov av 2008, med tilhøyrande forskrifter, sist tredd i kraft 01.01.2018, er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privat detaljreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at plankonsulent har levert tilstrekkeleg informasjon i tråd med krava i dette skrivet.

Dette skjemaet skal fyllast ut etter krava i *forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven.*
Søknad om oppstart med førehandsutfylt referat skal sendast til kommunen seinast samtidig med førespurnad om oppstartsmøte. Oppstartsmøte skal gjennomførast innan rimeleg tid etter kommunen har motteke naudsynt informasjon. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet.

Søknad om oppstart av arbeid med privat detaljregulering skal i nødvendig grad omtale følgande:

a. føremålet med planen
b. planområdet og om planarbeidet vil få verknadar utanfor planområdet
c. planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak
d. utbyggingsvolum og byggehøgder
e. funksjonell og miljømessig kvalitet
f. tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar
g. forholdet til kommuneplan, eventuell gjeldande reguleringsplanar og retningslinjer, og pågåande planarbeid
h. vesentlege interesser som vert berørt av planinitiativet
i. korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast, blant anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit
j. kva berørte offentlige organa og andre interesserte som skal varslast om planoppstart
k. prosessar for samarbeid og medverknad fra berørte fagmyndigheiter, grunneigarar, festere, naboar og andre berørte
l. vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, og korleis krava i tilfelle vil kunne bli ivareteke.

INFORMASJON TIL OPPSTARTSMØTE / REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE

Sak: 2019/45	
Møtestad: Herøy rådhus	**Møtedato:** 08.02.2019
Deltakarar: Frå forslagsstillar: Axel Bjørklid Aleksander Z. Tarberg	Frå plan: Ole Magne Rotevatn Frå drift: Fred Arnesen Frå landbruk: - Andre:

1. Planføresetnader

Plantype
☒ Detaljregulering
☐ Endring av reguleringsplan

Området er omfatta av følgjande planar (informasjon finn ein her www.sunnmorskart.no)
Kommuneplanen sin arealdel.....

Kommuneplan.....

.....

Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....

☐ Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:
.....
☐ Planen vil erstatte delar av følgjande planar:
.....

Avgrensing av planområdet (www.sunnmorskart.no)
☒ Plankonsulent har levert forslag som del av samla søknad om planoppstart. Ev. forslag til justert avgrensing som avtalt i dette møtet må oversendast til kommunen i etterkant.

Mål for planarbeidet:
☒ Forslagsstillar har skildra mål med planarbeidet som del av søknad om planoppstart

Namn på planen:
Forslagsstillar sitt forslag til namn:.....Sævikane 11/6.....

Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.

☐ **Planforslaget er i samsvar med overordna plan.**
☒ **Planforslaget er delvis i samsvar med overordna plan.**
☐ **Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.**

Merknad:.....

Pågåande planarbeid

☒ Det pågår ikkje anna planarbeid i området

☐ Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad:.....

Planprogram

Utløyser planen krav om planprogram? (jf. § 4-1 i planlova)

Merknad:.....NEI.....

Konsekvensutgreiing

Utløyser planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova)?

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad og framdriftsplan:
.....NEI.....
.....

Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak

Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova)

Merknad:.....NEI.....

2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:

Kommunale vedtekter/forskrift	
- Parkeringsvedtekter	sjå føresegna til kommuneplanen sin arealdel
- Forskrift om gebyrregulativ	For private planarbeid skal det betalast to satsar. Første betaling er handsamingsgebyr og er ein fast sum. Frist for innbetaling er innan fristen for å gje høyringsuttalar til varsel om oppstart. Andre betaling er arealgebyr og er todelt. Ein fast sum for planar opp til 5000 m². Andre del er eit beløp per påstarta 1000 m² over 5000 m². Frist for innbetaling er innan fristen for å gje høyringsuttalar til offentleg ettersyn. Sjå Herøy kommune sitt gebyrregulativ på kommunen si heimeside for oppdatert prisar.
- Krav til leikeplassar	Sjå føresegna til kommuneplanen sin arealdel

3. Viktige vurderingar – Skal omtalast i *søknad om oppstart*	
Tema:	**Tilleggsopplysningar, vurdering:**
3.1 Planfaglege vurderingar (utnyttingsgrad, krav til stigning m.m.)	Bustadtomter Fritidsbustader Turisme
3.2. Strandsona til sjø og vassdrag	Veg, molo, hamn, fritidsbruk. Det skal ikkje gjerast inngrep i Bakarneset og vil vere eit naturområde for området.
3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar	Ikkje tema.
3.4 Miljøvernfaglege vurderingar	Vurdering naturmangfald. Planomtale.
3.5 Kulturlandskap og kulturminne	Vil bli vurdert i planutforminga. Lagt vekt på å bevare kulturlandskap og landskapstilpassing.
Samandrag av saka:
Dag Ivar Myrene har utarbeidd eit planforslag for etablering av 3 rorbuer på Budaneset, rett vest for det etablerte fritidsområdet på Budaneset. Rorbuene er regulert over 6 nausttomter med totalt 3 eigarar (ei rorbu til kvar). I tillegg er det regulert for privat småbåthamn.

Det kom inn tre innspel til varsel om oppstart. Innspela er vurderte og gjenstand for innarbeiding i planen.

Rådmannen rår til at planframlegget vert sendt til høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Saksopplysningar:

Området ligg på Budaneset, mot Leikong.

Figur 1: Oversiktskart over lokalisering rorbuer Budaneset.



Figur 2: Avgrensing av planområde ligg innanfor det svartstipla området i den raude ramma.

Innspel til varsel om oppstart

Til varsel om oppstart kom det inn 3 merknader:

1) Statens vegvesen, datert 20.06.2018
   Ingen merknader

2) Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 15.08.2018
   Ynskjer tilsendt referat frå oppstartsmøte.

   Dei fråråd reguleringa med bakgrunn i mogleg presedensverknad for andre naust i området. Strandsona på Leikong kan bli betydeleg meir privatisert enn det enkel naustbygging vil føre til. Vil vise eventuelle hyttebyggjarar til tomter i vedteken tilgrensande plan.

   Ålmenta må sikrast fri ferdsel framfor og mellom rorbuene.

   Stiller spørsmål ved etablering av kai og småbåthamn i og med her er lagt til rette for eit stort tal småbåtplassar like i nærleiken.

   Dei kjenner ikkje til kulturminner i området, men arbeid må stoppast om ein kjem over kulturminner under vatn.

3) Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 10.08.2018
   Vil ikkje gå imot planframlegget, men er uroa over om planen kan gi uheldig presedensverknad for naustområdet vidare sørover.

   Minner om at kommunen må ha ei bevisst haldning til skilnaden på om det byggjast naust eller rorbuer langs sjøen.

Det må utarbeidast ROS-analyse for området.

Kommentar til merknadane frå Fylkeskommunen og Fylkesmannen:
Vi kan forstå uroa for privatisering av strandsona og mogleg uheldig presedens. Problemstillinga er særs aktuell for fleire saker i vår kommune. Denne saka er ikkje den som vekkjer størst uro, då området er såpass avgrensa og mindre tilgjengeleg og nytta av ålmenta enn andre strandområde. I tillegg ligg det i umiddelbar nærleik til allereie regulert og utbygd område for fritidsbustader. Det vil bli lagt til rette for allmenn ferdsle via veg og gangsti.

Planforslaget



Figur 3: Framlegg til reguleringsplan for Budaneset rorbuer.

Planen omfattar 3 rorbuer innanfor gult område BFK, 3 båtplassar ved flytebrygge i sjø, VS, veg og parkeringsareal, grått SPP, og eit grøntområde for sti, G.

Dei tre rorbuene byggjast i inntil 3 etasjar, der første etasje er lagerrom for båt og båtutstyr. Adkomst vert frå baksida, på nivå med køyreareal og parkering (f_SPP). Det er definert eit maksimum bruksareal BRA på inntil 135 m^2 pr rorbu.

Det er presisert i føresegnene at tilkomst til området skal midlertidig vere via innteikna eksisterande midlertidig adkomstveg. Når regulert veg til Budaneset fritidsområde er bygd skal rorbuene ha tilkomst via vist avkøyrsle frå denne nye vegen. Dette då eksisterande tilkomstveg er svært bratt.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen rår til at planforslaget vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.

Fosnavåg, 20.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ole Magne Rotevatn
Leiar utviklingsavdelinga

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth



Tegnforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg

- BFK — Fritidsbebyggelse-konsentrert (annen eierform) (1122)

§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- f_SKV — Kjøreveg (felles) (2011)
- f_SPP — Parkeringsplasser (felles) (2082)

§12-5. Nr. 3 - Grønnstruktur

- f_G — Blågrønnstruktur (felles) (3001)

§12-5. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone

- f_VS — Småbåthavn (felles) (6230)

§12-6 - Hensynssoner

- H140 — Frisikt (140)

Linjesymbol

- RpGrense
- RpFormålGrense
- Frisiktlinje (1222)
- RpSikringGrense

Punktsymboler

- Avkjørsel - både inn og utkjøring (1242)

Kartopplysninger

Kilde for basiskart:
Dato for basiskart:
Koordinatsystem: ETRS89.UTM-33N
Høydegrunnlag: NN54

Ekvidistanse: 1m
Kartmålestokk: 1:500 m

0 12.5 25 m

N

REGULERINGSPLAN FOR

Rorbuer Budaneset

Med tilhørende reguleringsbestemmelser

Herøy kommune

Arealplan-ID: 201802

Forslagsstiller: D.I.M.

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN

		SAKS-NR	DATO	SIGN
Dato -	Revisjon -	-	-	-
Dato -	Revisjon -	-	-	-
Dato -	Revisjon -	-	-	-
Kommunestyret sitt vedtak				
Ny 2. gang behandling			-	
Offentlig ettersyn fra ..... til			-	
2. gangs behandling			-	
Offentlig ettersyn fra ..... til			-	
1. gangs behandling			-	
Kunngjøring av oppstart av planarbeid			08.06.2018	
Oppstartsmøte...			16.03.2018	

PLANEN ER UTARBEIDET AV: DIMCO A/S

TEGNNR.	DATO	SIGN.
01	09.02.2019	D.I.M.

Det bekreftes at planen er i samsvar med kommunestyrets vedtak av

BekreftDato / Dato — PLANSJEFNAVN / Plansjef

HERØY KOMMUNE

FØRESEGNER TIL DETALJREGULERING

Rorbuer Budaneset – Leikong Gnr 76 Bnr 92-97

Datert 09.02.2019 PlanID: 201802

§1 GENERELT

1.1 Gyldighetsområde
Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljplan i samsvar med PBL 2008.
Reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som er vist med reguleringsgrenser på plankartet.

1.2 Privatrettslige avtalar
Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

1.3 Reguleringsføremål
Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til fylgjande formål:

§12-5. Nr.1 – Byggje- og anleggsformål:

BFK Fritidsbusetnad-konsentrert. Rorbuer. (sosi-kode 1122)

§12-5. Nr.2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur:

f_SKV Kjøreveg. (sosi-kode 2011)

f_SPP Parkeringsplasser (sosi-kode 2082)

§12-5. Nr.3 - Grønnstruktur

f_G Blågrønnstruktur. (sosi-kode 3001)

§12-5. Nr.6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone:

f_VS Småbåthamn. (sosi-kode 6230)

§12-6. – Hensynssoner

H140 Frisikt (H140)

§2 FELLESFØRESEGNER:

a. Bygg skal plasserast innanfor byggje og anleggsformål. Plassering av planlagte bygg i plankartet er retningsgivande.

b. Ved handsaming av søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar får ei harmonisk utforming i høve til

terrenget. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg, men dette gjelder ikkje glasfasader.

c. Innanfor byggeområdet kan det førast opp tekniske innretningar som pumpestasjon og koblingsskap. Eventuelle frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bygg ellers i planen.

d. Kulturminne: Dersom ein under utbygging av planområdet kjem over automatisk freda kulturminne i grunnen eller i sjø, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med fylkeskommunen for avklaring. Om det under opparbeiding av tiltak i sjø skulle påvisast skipsvrak, må arbeid stansast. Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum skal då undersøke funn før eventuell frigjeving av området, og arbeid kan vidareførast.

§3 BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL §12-5, nr. 1):

3.1 Fritidsbusetnad – konsentrert (rorbuer) (BFK)

a. I område merka «**BFK**» kan det byggjast konsentrert fritidsbusetnad (rorbuer). Totalt 3 einingar. Det kan også byggjast kaianlegg, landfeste for flytebrygge og kran i området.

b. Grad av utnytting: Maksimum bruksareal BRA inntil 135 m2 for kvar rorbu på inntil tre etasjer. Første etasje skal inneholde lagerrom for båt og båtutstyr.

c. Høgdeplassering over sjø: Golv i rorbuer skal minimum ligge på kote + 3 NGO.

d. Nødvendig mønehøgde blir på maks 10 m for å tilpasse atkomstveg bak bygningane som ligg på kote + 8,5. For å tilpasse høgda på bygningane best mulig i terrenget kan dei utformast med flatt tak.

e. Krav til biloppstillingsplassar er ein (1) stk per eining. Parkering er lokalisert til område f_SPP.

f. Det skal vere mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og på sidene av rorbuene. Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i områda.

§4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5, nr. 2):

4.1 Privat felles avkøyrsle (f_SKV)

a. Avkøyrsla skal vere felles for rorbuene.

b. Avkøyrsla har regulert frisikt 3 x 30 m i begge retningar frå senter avkøyrsle for å sikre tilstrekkelig sikt. Hensynssone frisikt (H140) er vist innanfor det regulerte arealet for avkøyrsla.

4.2 Parkeringsplassar (f_SPP)

a. Parkeringsplassar skal vere felles for rorbuene.

b. Parkeringsplassane etablerast på kote +8,5 for å tilpasse framtidig tilknytning til regulert veg i reguleringsplan Budaneset (PlanID_201103) nord for planområdet.

c. Breidde for arealet er 4,5 m.

d. Arealet innheld biloppstillingsplassar (3 stk) og snuplassar for bil mellom bygningane.

§5 GRØNNSTRUKTUR (PBL §12-5, nr. 3):

5.1 Felles grønnstruktur (f_G)

a. Det etablerast gangsti i regulert formål blågrønnstruktur som skal vere felles for rorbuene og open for allmenn ferdsel. Gangstien går frå parkeringsplassen bak rorbuene ned til bryggeplan framfor rorbuene.

b. Formål blågrønnstruktur har regulert breidde på 2,0 m.

§6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL §12-5, nr. 6):

6.1 Småbåthamn (f_VS)

a. Område f_VS skal nyttast til privat felles småbåthamn. Bryggjeanlegget skal etablerast som eit varig flytebryggjeanlegg med nødvendig forankring for ei sikker bryggjeløysning.

§7 HENSYNSSONER (PBL §12-6):

7.1 Frisikt (H140)

a. Hensynssone frisikt (H140) er vist innanfor regulert areal for felles køyreveg/avkøyrsle (f_SKV).

b. Frisikt 3 x 30 m er regulert i begge retningar frå senter avkøyrsle for å sikre tilstrekkelig sikt i avkøyrsla.

§8 KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL §12-7, nr. 10):

8.1 Midlertidig tilkomstveg

a. Eksisterande tilkomstveg vert nytta som midlertidig tilkomstveg fram til regulert veg i reguleringsplan Budaneset (PlanID_201103) nord for planområdet vert bygd. Rorbuene skal tilknyttast den regulerte vegen med avkjørsel når den regulerte vegen er ferdig bygd.

Herøy kommune, Fosnavåg, den _____

_____

Fredrikstad 09.02.2019

Planbeskrivelse

Reguleringsplan for rorbuer Budaneset – Leikong

Herøy kommune

PlanID: 201802



1. Bakgrunn

Bakgrunnen for planforslaget er å legge til rette for bygging av tre rorbuer på Budaneset i Herøy kommune. Tomtene med Gnr 76 og Bnr 92-97 inngår i planen.

2. Føremålet med planen

Hovedmålet med detaljreguleringa er:

- Legge til rette for bygging av tre rorbuer
- Legge til rette for reguleringsformål i sjø for felles småbåthavn.

3. Tidlegare vedtak i saka

Viser til vedtak i formannskapet 15.05.2018 i sak 85/18 der Herøy kommune gir løyve til oppstart av privat reguleringsplanarbeid for fritidsbygg på Budaneset.
Viser ellers til varslingsbrev i vedlegg .

4. Forslagstiller, plankonsulent, eierforhold

Forslagstiller og plankonsulent: Dimco as v/Dag Ivar Myrene, epost; dim@dimco.no

Tiltakshavere/grunneiere:

Gnr/Bnr:	**Grunneier:**	**Adresse:**
76/92-93	Dag Ivar Myrene	Skytterveien 7C, 1605 Fredrikstad
76/94-95	Nils Johan Myrene	Ædane 12, 6080 Gurskøy
76/96-97	Rachel Canedo Kleppe	Holstun 9, 6065 Ulsteinvik

5. Planprosess

Planprosessen hittil og estimert vidare framdrift:

Oppstartsmøte med kommunen:	16.03.2018
Vedtak om oppstart frå formannskapet, sak 85/18	15.05.2018
Frist for innspill til varsling:	10.08.2018 (17.08.2018 Fylkesmannen)
Utarbeidelse av planforslag:	Desember 2018
Kommunal behandling (12 uker):	Mars 2019
Høring av planforslag (6 uker):	Mai 2019
Behandling av ev. merknader / endringer:	Juni 2019
Godkjenning av planforslag:	Juni 2019
Kunngjøring av godkjent plan:	August 2019

6. Innspel og merknader til varsel om oppstart

Varsel om oppstart av planarbeid vart annonsert i Vestlandsnytt og varslingsbrev datert 08.06.2018 (vedlegg 5) vart sendt til aktuelle offentlege instansar og naboar med høyringsfrist 10.08.2018. Fylkesmannen varsla at på grunn av ferietid måtte dei ha utsatt høyringsfristen til 17.08.2018.

Det kom ingen merknader eller innspel frå naboar til oppstart av planarbeidet.

Statens vegvesen skriv i uttale til varsel om oppstart datert 20.06.2018 (vedlegg 6) at dei ikkje har særskild merknad/ innspel til varsla planarbeid.

Fråsegn frå Fylkesmannen vart mottatt datert 15.08.2018 (vedlegg 7). Fylkesmannen vil fråråd reguleringa, men finn ikkje at planforslaget i seg sjølv har regionale verknader.
Fylkesmannen skriv blant anna: «*Om det vesle arealet vert omdisponert til fritidsbustader vil neppe gjere vesentlig forskjel i det store biletet, men gir likevel presedensverknad for omdisponering av naustareal til fritidsbustader».*

Fylkesmannen skriv vidare at dersom ein går vidare med forslaget, må ein legge føresegnene til arealdelen til grunn og mellom anna sikre ålmenta fri ferdsel framfor og mellom rorbuene.

Fylkesmannen skriv ellers at saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum og museet kjenner ikkje til kulturminne ved gbnr. 76/92-97 som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagte arealinngrepet.

Konklusjon frå Fylkesmannen: «*Ut frå presedensverknad fråråd vi at ein går vidare med planen og viser eventuelle hyttebyggjarar til tomter i vedteken tilgrensande arealplan».*

7. Planområdet

Planområdet er 1,66 daa og ligg sørøst på Budaneset - Leikong – Herøy kommune. Området har eksisterande privat tilkomst frå Rv61 Leikongvegen. Tomtene har tinglyst vegrett og det er regulert ny tilkomstveg i reguleringsplan 201103 Budaneset til regulert småbåthavn som tomtene skal tilknyttast når denne vert opparbeida (sjå reguleringsplankartet i vedlegg 1).



Planområde markert i oversikt med formål frå eksisterande reguleringsplanar og kommuneplan.

8. Planlagte bygningar, anlegg og andre tiltak

Generelt:
Planområdet skal nyttast til konsentrerte rorbuer (BFK) med tilhøyrande anlegg.
Det er planlagt tre rorbuer med tilhøyrande kaianlegg og småbåthamn i sjø.
Kommunen avgjer ved byggemelding den endelige plasseringa av bygg på tomtene.

Parkeringsplassen (f_SPP) bak rorbuene blir liggande på kote +8,5 NGO for å tilpasse framtidig tilknytning til regulert veg til småbåthamn ved Budaneset. Det blir snuplassar for bil mellom bygningane som vist på reguleringsplankartet.

Reguleringsplanen har følgjande arealbruksformål:

Område	Areal m2	Arealbruksformål		Kommentar
BFK	393	Fritidsbebyggelse-konsentrert	BRA maks 135 m2 Høgde maks 10 m.	1 p-plass per rorbu
f_SPP	171.1	Parkeringsplasser	Minste bredde for arealet er 4,5 m.	Kote +8,5 for å tilpasse regulert veg.
f_SKV	20	Kjøreveg	Avkøyrsleareal mot regulert veg	Regulerte hensynssoner (H140) med frisiktsoner 3x30 meter frå senter avkøyrsle er innanfor dette arealet.
f_G	30	Blågrønnstruktur	Breidde 2 m	Gangsti frå p-plasser ned til tomteplannivå
f_VS	1048	Småbåthavn		Område for flytebrygger

Utbyggingsvolum og byggehøgder
Rorbuene skal ha maksimum bruksareal BRA inntil 135 m2 kvar på inntil tre etasjar.
Det vert lagerrom for båt og båtutstyr i første etasje på rorbuene.

Planert tomtenivå er på kote +3,0. Utifrå høgdenivåa på tomtene kan det vere aktuelt med tre etasjar for å få best mulig terrengtilpassing.

Nødvendig mønehøgde blir på maksimum 10 m for å tilpasse regulert atkomstveg bak bygningane som ligg på kote + 8,5. For å tilpasse høgda på bygningane best mulig i terrenget kan dei utformast med flatt tak.

Viser til vedlegg 2: Prinsippsnitt for utbygging v/hus 2.

9. Landskapsvurderingar

Planområdet ligger i bratt fjellterreng som går med bratt helning direkte i sjøen. I skråningen mot sjøen har det vokst lyng, einebusker og furutrær. Rorbuene blir «felt inn» i terrenget med støttemur i bakkant av bygningane. Tomteareal og bygg blir godt tilpassa eksisterande forhold og vil inngå naturlig i landskapsbildet. For å få tilpassa høgdene på bygningane best mulig kan dei utformast med flatt tak, noko som også er i samsvar med nærliggande regulerte bygnader.

Bildet under er tatt mot nord og viser ferdig plastra fylling som er godt tilpassa eksisterande forhold.

Bildet under viser det ferdig planerte tomtearealet som ligg i bratt terreng og er godt tilpassa landskap og omgjevnader.

10. Forholdet til kommuneplan og gjeldande reguleringsplanar

Tomtene i planområdet ligg i kommuneplanen sin arealdel i formålet «Andre typer bygninger og anlegg» utenfor regulert område.

Planforslaget vil ikkje endre området sin karakter, men heller byggje opp under intensjonen i direkte tilgrensande reguleringsplan 201103 Budaneset som er regulert til område for fritidsboligar (sjå figuren under). Det er bygd ca 27 hytter innanfor denne reguleringsplanen og det er planlagt blokker med flatt tak for fritidsleiligheter på tilgrensande område.



Tomtene markert i oversikt mot tilgrensande reguleringsplan 201103 Budaneset.

Figurane på neste side viser samanstilling av kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanen for Budaneset. Figuren til høgre på neste side viser at vegparsellen bak tomtene i denne planen tidligere har blitt regulert som friluftsformål i reguleringsplanen for Budaneset PlanID_201103.

Denne vegparsellen er eigd av Herøy kommune og er opprinneleg avsatt som vegareal tilhøyrande tomtene. Parsellen vert regulert på nytt i denne planen for å sikre tilkomst til bygningane.





Figuren under til venstre viser A) eksisterende tilkomst til tomtene fra eksisterande veg til Budaneset og B) fremtidig tilknytning til regulert veg til regulert småbåthamn. Det forutsettast at A) kan nyttast og at B) etablerast når vegen til regulert småbåthamn vert realisert.

I midlertidig fase A) ved f. eks. brann og glatt vegbane kan brannbil stå på eksisterande veg til Budaneset med avstand 40 m til rorbuene, ref. figuren under til høgre. Det er bekrefta fra brannsjef / leiar beredskap at oppstilling 40 m fra bygningane er godkjent tilkomst for brannbilar.





11. Konsekvensar av planforslaget

Forslagstiller ser ingen vesentlige interesser som vert berørt av plandorslaget. Herøy kommune har bekrefta at planen ikkje utløyser krav om planprogram etter §4-1 i planlova eller konsekvensutredning (KU) etter §4-2 i planlova.

12. Strandsona til sjø og vassdrag

Det skal være mulig for almen ferdsel langs strandsona forbi rorbuene. Terrenget på stedet er svært bratt med bratte berg og planområdet vil få betre tilgjengelighet etter utbygginga enn det har i dag. Det er ikkje registrert spesiell aktivitet i dag for barn og ungdom i planområdet. Det vert etablert gangsti frå parkeringsplassen og ned til bryggenivå vest for bygningane (f_G) som vist på reguleringsplankartet. Dette sikrer almen ferdsel ned til bryggenivået.

Sjøområdet skal nyttast til privat felles småbåthamn (f_VS). Bryggeanlegget skal etablerast som eit varig flytebryggeanlegg med nødvendig forankring og trygghet for en sikker bryggeløsning. Dokumentasjon for bryggjeanlegget skal godkjennast av kommunen før anlegget vert etablert.

13. Jordvern og landbruk

Det er ikkje registrert produktiv mark innanfor planområdet.

14. Miljøvern

Det skal etableres godkjent sanitærsystem for fritidsboliger. Avløp er planlagt etablert med tett tank for svartvann og håndtering av gråvann gjøres utifra gjeldende krav fra kommunen.

Det er planlagt å etablere renovasjonsabonnement for de tre fritidsboligene hos Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR). SSR har eget abonnement for fritidsbustadar.

15. Kulturlandskap og kulturminne

Planområdet ligger innenfor kulturlandskapet Raudøya-Eiksund (Id KF00000227) ifølge søk i naturbase.no frå Miljødirektoratet. Området heng saman med område 5: Fjordlandskapet i Herøy, Ulstein og Hareid, men ligg i landskapsregion 21 som omfattar ytre fjordbygder. Det foreligg ikkje forvaltningsplan for området, kulturhistorisk og biologisk mangfold – interesse er ukjent ifølge registeret.
Tomtene for planområdet er ferdig planerte etter godkjent søknad frå kommunen.

16. Trafikksikkerheit og vegtekniske forhold

Området har eksisterande privat tilkomst frå Rv61 Leikongvegen i kryss med god sikt.
Planen vil ikkje merkbart øke belastninga på dagens kryss/tilkomstveg.
Statens vegvesen har ingen merknadar til varsel om oppstart, sjå vedlegg 6.

Tomtene har tinglyst vegrett og det er regulert ny tilkomstveg til regulert småbåthamn i reguleringsplan 201103 Budaneset som tomtene tilknyttast når denne vert opparbeida.

Den regulerte vegen til småbåthamna har maksimum helning 12 % og rorbuene får tilknytning direkte til denne vegen med tilkomst bak bygningane på kote + 8,5. I midlertidig fase før regulert veg til småbåthamna er etablert nyttast eksisterande tilkomstveg med helning 20% frå dagens veg til Budaneset. Dette krev spesielle omsyn ved nødsituasjonar og glatt køyrebane som omtalt tidligare.

Krav til biloppstillingsplasser er 1 stk per rorbu, totalt 3 stk parkeringsplasser.
Det etablerast snuplassar for bil mellom bygningane som vist i reguleringsplan i vedlegg 1.

17. Kommunaltekniske anlegg

Det skal etablerast godkjent sanitærsystem for fritidsbustadar.. Avløp er planlagt etablert med tank for svartvatn og håndtering av gråvatn vert gjort utifra gjeldende krav fra kommunen.

Rorbuene er planlagt tilknytta abonnement for vatn fra Stemmedalen Vasslag som i dag har forsyningsledning i vegen til Budaneset. Vassledning vert lagt i etablert tilkomstveg ned til tomtene.

Strømforsyning er planlagt etablert av Mørenett AS til einingane. Nødvendig strømkabel vert lagt i etablert tilkomstveg ned til tomtene og vert fordelt til dei tre einingane.

Det er planlagt å etablere renovasjonsabonnement for rorbuene frå Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR). SSR har eget abonnement for fritidsbustadar.

18. Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit

Viser til Fylkesmannen sin sjekkliste for risiko – og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) som er behandla og vedlagt i vedlegg 4.

Nærmaste brannstasjon er i Myrvåg som er ca 5 min kjøring unna.

I følgje NGU sin kartbase er nivå av aktsomhet i området i forhold til radon klassifisert som moderat til lav.

19. Framlegg til offentleg ettersyn

Forslagstiller vurderer det slik at det ikkje er vesentlige merknader til varsel om oppstart av planarbeidet, slik at planforslaget kan leggjast ut til offentlig ettersyn.

Vedlegg:

1. Reguleringsplankart Rorbuer Budaneset PlanID_201802
2. Prinsippsnitt for utbygging v/hus 2.
3. Føresegner til detaljregulering for Rorbuer Budaneset PlanID_201802
4. Sjekkliste ROS PlanID_201802
5. Varselbrev om oppstart av planarbeid datert 08.06.2018, med adresseliste
6. Uttale til varsel om oppstart frå Statens vegvesen
7. Fråsegn ved varsel om oppstart frå Fylkesmannen

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Fylkesmannen har samla dokument og lenkjer til bruk i arealplanlegginga her:
http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/

GisLink gjev tilgang til kart- og faginformasjon til bruk i arealplanlegginga:
http://www.gislink.no

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Namn på tiltak/plan: **Reguleringsplan for rorbuer Budaneset – Leikong PlanID_201802**

		Er det knytt risiko til følgjande element? *Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg.* *Grunngje NEI etter behov.*	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		X	
	B	Er området utsett for større fjellskred?		X	
	c	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		X	
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		X	
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		X	
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyming i kjellar osb?		X	
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?	X		God tilkomst for brannvesenet.
	H	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?	X		Tomtearealet er planert på kote + 3 NGO.
	I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		X	
	j	Anna (Spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Omgjevnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X		Bratte berg mot sjø i sideterrenget til planområdet.
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare-liggande område?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Vass-forsyning	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Kraft-forsyning	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspentliner?		X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?		X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Samferdsel	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		X	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendelser?		X	
	e	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Miljø/ Landbruk	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?		X	
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?		X	
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?		X	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålbrenning, skipsverft, gartneri etc.?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Brann/-ulukkes-beredskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X	
	b	Har området dårlige tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		 X X X X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?		X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Verksemds-risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		X	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sjekklista er gjennomgått den 20/10 - 2018 av sign: D. I. Myrene

Sjekkliste klimatilpassing

1. Flaumfare

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km2): **Irrelevant**

- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga? -
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga?
- Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)?
- Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)?

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør? **Nei**
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda? **Nei**
- Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk? **Nei**
- Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder? **Nei**
- Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum? **Nei**
- Vil utbygginga kunne ligge i vegen for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp? **Nei**

2. Skred/erosjon

a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon? **Nei**

3. Avløp

a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssystema ved tidlegare hendingar med intens nedbør? **Irrelevant**

b) Har det vore problem tilbakeslag? **Irrelevant**

c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda? **Nei**

d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)? **Nei**

4. Havnivå/stormflo

a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstigning og stormflo» (DSB, september 2016)?

Ja, Herøy kommune i sikkerheitsklasse 2 (200 årsflom) = 187 cm + 76 cm havnivåstigning – 4 cm (kartgrunnlag NN2000) = 259 cm (avrundes til 260 cm)

5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)

a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området? **Nei**

6. Slagregn

a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn? **Nei**

Statens vegvesen

Møre og Romsdal fylkeskommune

Dimco AS

Dag Ivar Myrene

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Hallvard Sæverud / 93260501	18/130815-2		20.06.2018

Fv 61 - Herøy kommune - Gnr. 76 bnr. 92-97 - Varsel om oppstart - Reguleringsplan - Budaneset-Leikong - Uttale

Viser til brev av 8.6.2018 frå Dimco as med varsel om oppstart av reguleringsplanlegging med sikte på etablering av 3 rorbuer m.m.

Statens vegvesen har ikkje særskild merknad/innspel til varsla planarbeid.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Herøy kommune i Møre og Romsdal, Postboks 274, 6099 FOSNAVÅG
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Postadresse	Telefon: 22 07 30 00	Kontoradresse	Fakturaadresse
Statens vegvesen		Vestre Olsvikveg 13	Statens vegvesen
Region midt	firmapost-midt@vegvesen.no	6019 ÅLESUND	Regnskap
Postboks 2525			Postboks 702
6404 MOLDE	Org.nr: 971032081		9815 Vadsø

Møre og Romsdal fylkeskommune

Dimco as
Skytterveien 7C
1605 FREDRIKSTAD

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	08.06.2018	76325/2018/REGULERINGSPLAN/1515	Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40	15.08.2018

-

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for rorbuer på Budaneset - Leikong gbnr 76/92-97 - fråsegn ved varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege merknader
Vi registrerer at det har vore oppstartmøte med kommunen, jamfør pbl § 12-8. Vi ønsker gjerne referatet ettersendt.

Det er lagt til rette for omfattande utbygging av fritidsbustader i reguleringsplan Budaneset, seinast gjennom planendring i 2011. Fritidsbustader bør primært tilvisast dit.

Området som no er aktuelt, er i kommuneplanen lagt til rette for naust, men ligg også inneklemt mellom reguleringsplan Budaneset og eit større naustområde vestover stranda. Om det vesle arealet vert omdisponert til fritidbustader vil neppe gjere vesentleg forskjel i det store biletet, men gir likevel presedensverknad for omdisponering av naustareal til fritidsbustader. Dette kan påverke vesentlege delar av strandsona på Leikong, som i verste fall vil bli betydelege meir privatisert enn enkel det naustutbygging vil føre til. Vi vil derfor fråråd reguleringa, men finn ikkje at planforslaget i seg sjølv har regionale verknader.

Dersom ein går vidare med forslaget, må ein legge føresegnene til arealdelen til grunn og mellom anna sikre ålmenta fri ferdsel framfor og mellom rorbuene.

Vi stiller spørsmål ved etablering av nytt kaianlegg og småbåthamn i sjø, all den tid tilgrensande reguleringsplan legg til rette eit stort tal småbåtplassar. Det er tvingande nødvendig å sjå desse i samanheng og samordne behova. Når dette er sagt, vil det truleg også vere behov for småbåtplassar knytt til det betydelege naustområdet i kommuneplanen.

Marine kulturminne
Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved gbnr. 76/92-97 i Herøy kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Dei gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gi melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn

skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

KONKLUSJON
Ut frå presedensverknaden fråråd vi at ein går vidare med planen og viser eventuelle hyttebyggjarar til tomter i vedteken tilgrensande arealplan.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Mari Anne Bjørkmann
rådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Herøy kommune
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
10.08.2018
Dykkar dato
08.06.2018

Vår ref.
2018/3346/KABJ/421.4
Dykkar ref.

DIMCO AS
Skytterveien 7C
1605 FREDRIKSTAD

Herøy kommune
Detaljregulering - reguleringsplan rorbuer - Budaneset gnr76 bnr92-97
Oppstart

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn
Det er meldt om oppstart av detaljreguleringsplan for tre rorbuer med tilhøyrande kaianlegg og småbåthamn i sjø. Planområdet utgjer om lag 1,6 dekar og ligg inntil regulert område for Budaneset. I kommuneplanen er området sett av til naust. Planområdet er bratt og rorbuene skal fellast inn i terrenget med forstøtningsmur i bakkant av bygga.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Strandsone
Planområdet utgjer ein liten, nordlig del av eit mykje større område som i kommuneplanen er sett av til naust. På oppsida av fylkesvegen er det ein del bustader, og det er i kommuneplanen sett av store område til bustader i nærleiken. Strandsona her er såleis viktig for mange. Rorbuer er fritidsbustader (hytter), og har krav på ei privat sone rundt seg. Naust er bygningar til oppbevaring av båt og utstyr, og har ikkje krav på privat sone. Bygging av rorbuer medfører såleis at strandsona privatiserast, og har difor større konsekvensar for ålmenta sine interesser langs sjøen enn det naustbygging har. Kommunen må difor ha ei bevisst haldning til skilnaden på om det byggjast naust eller rorbuer langs sjøen. Dersom også naustområdet vidare sørover blir brukt til å bygge rorbuer, vil dette vere svært negativt med omsyn til tilgang til strandsona for dei som bur i området. Desse tre omsøkte rorbuene har ei plassering som ut frå strandsoneinteressene kan aksepterast, men vi er uroa for om planframlegget kan ha uheldige presedensverknader.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing
Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan og

bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betyding for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6.

For reguleringsplaner av denne typen kan ROS-analysen ta utgangspunkt i Fylkesmannen si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga. Sjekklista er å finne på Fylkesmannen sin nettstad

Konklusjon
Ut frå omsynet til ålmenta sin tilgang til sjø og strandsone, vil vi ikkje gå imot planframlegget. Vi er likevel uroa over om planen kan gi uheldig presedensverknad for naustområdet vidare sørover. Vi viser også til øvrige merknader.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar
Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf 71258489

Kopi

Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde

Rorbuer Budaneset
Prinsippsnitt for utbygging v/hus 2



Myrene - Kleppe	Tegn. DIM Saksb. DIM
Budaneset Gnr:76 Bnr:92 - 97	Sign. DIM Ark nr. Målestokk.
Prinsippsnitt utbygging v/hus 2	Dato: 09.02.2019
Rorbuer Budaneset	Tegn. nr. V2

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2017/422
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
45/19	Formannskapet	12.03.2019

VEDTAK OM HØYRING/OFFENTLEG ETTERSYN FOR PRIVAT REGULERINGSPLANFORSLAG. MASSETAK I SANDVIKA PÅ GNR. 59 BNR.1.

Tilråding:

Herøy kommune vedtek å legge planforslag for Sandvika gnr. 59 bnr. 1 ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.

Plankart, føresegner og planomtale datert 04.02.2019 er gjeldande.

Særutskrift:

Vedlegg

1 Plankart Sandvika 59/1, datert 04.02.2019.
2 V2 Bestemmelser
3 Planomtale Sandvika- 04.02.2019
4 V3 Ros-analyse sandvika
5 V6 merknader samla
6 V7 Geologisk vurdering gbnr 59 1 i Herøy kommune
7 Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Sandvika gbnr 59/1 - massedeponi i Sandvikstranda - Fråsegn etter arkeologisk synfaring
8 V8 Kontroll av stikkrenne under fylkesveg F10

Samandrag av saka:

I mars 2017 mottok kommunen eit privat planinitiativ for midlertidig massetak i Sandvika, gnr. 59 bnr. 1. Føremålet med planen er å etablere eit massetak der det er mogeleg for alle å levere reine masser. Tiltakshavar er Odd Erling Løvøy, konsulent er Sporstøl Arkitekter AS. Det vart helde oppstartsmøte den 28. mars 2017, der kommunen sa seg positive til prosjektet. Saka vart varsla oppstarta og annonsert i mai 2017.

Det kom inn 7 innspel/merknader i samband med varslinga. Blant anna krav om avklaring for arkeologi. Arkeologiske registreringar er gjorde og det er varsla frå fylkeskommunen at det ikkje vart gjort funn (vedlegg 7).

Kommunen fekk tilsendt eit planforslag i oktober 2018. Etter gjennomgang er det gjort nokre justeringar og rettingar og nye plandokument er datert 04.02.2019. I oversendinga ligg også ved ei geologisk vurdering av området. Vurderinga konkluderer med at arealet har akseptabel risiko for ras/skred og at området ut frå ein geofagleg ståstad kan anbefalast for tiltenkt føremål.

Planområdet er på totalt 21,4 dekar og er sett av til massedeponi, køyreveg, grønnstruktur og omsynssone for høgspentline og skredfare. Det går fram av føresegnene at når deponiet er sluttført skal området finstillast slik at det kan brukast til beite. Det er også planlagt innkjøp av soldeverk for utsortering av jord og stein for sal.

Rådmannen rår til at planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.

Saksopplysningar:

Figur 1: Oversiktsbilete som viser kvar massetaket er omsøkt etablert. Vest for Sandvika mot Rysseneset.

I mai 2017 vart det varsla oppstart av planarbeidet med kunngjering i aviser, utsending til naboar/grunneigarar og regionale og kommunale instansar.

Oppstartsvarselet viste plangrensa for området slik:



Figur 2: Plangrense for området slik det gjekk fram av oppstartsvarselet. Planframlegget er basert på same plangrense.

Her er eit samandrag av merknadane som kom inn til varsel om oppstart, med kommentar til korleis desse er følgt opp i planframlegget:

1. NVE, 22.06.2017:
Høgspentlinja gjennom planområdet kan merkast som omsynssone etter pbl § 12.6 og det skal i nødvendig grad fastsettast føresegner som set krav til tryggleiken. Planområdet ligg innanfor potensielt fareområde for skred. Skredfaren må vurderast nærare av fagpersonar og eventuelle faresoner og sikringstiltak må innarbeidast i planen.
Kommentar: Høgspentlinja er merka som omsynssone H370 på plankartet og omtala i føresegnene § 8.2. Skredfaren er vurdert i eigen rapport (vedlegg 6) og faresone for skred om flom er merka H310 på plankartet og omtalt i føresegnene § 8.1.

2. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 22.06.2017
Området må stengast av for ålmenta og det må etablerast mottakskontroll for å hindre at det vert deponert anna enn reine masser. Dei minner om at dersom tiltaket medfører forureining, må ein søkje løyve frå forureiningsmynde, som her er fylkesmannen. Det skal stillast krav i føresegnene om at matjord i området skal takast vare på og skal nyttast mår deponiet sluttførast og blir tilbakeført til fulldyrka jord. Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet etter plan- og bygningslova § 4-3 og eventuelle fareområde må innarbeidast i planen.
Kommentar: Avstenging for ålmenta og mottakskontroll for ureine masser er innarbeidd i føresegnene § 3.9. Tilbakeføring av matjord er kravd i føresegnene §

3.3, ROS-analyse er gjennomført og fareområda er innarbeidde i planen.

3. Herøy Vasslag, 24.05.2017
Dei har ingen anlegg i nærleiken av dette området.

4. Møre og Romsdal fylkeskommune, 21.06.2017
Etterlyser kommunen si vurdering av krav om konsekvensutgreiing og at det ikkje er lagt ved referat frå oppstartsmøte i saka. Dei krev arkeologisk synfaring og eventuelt registrering.
Kommentar: Grunna eit mistak vart det ikkje oppretta offisielt referat av oppstartsmøte 23. mars 2017. Det var uttalt i møte at tiltaket ikkje ville løyse ut krav om konsekvensutgreiing, men krav om geologisk analyse for skred- og flaumfare. Arkeologisk synfaring er gjennomført og klarert (vedlegg 7).

5. Søre Sunnmøre Reinhaldsverk, 29.05.2017
Dei ser positivt på etableringa sidan behovet for massedeponi er stort.

6. Statens vegvesen, 19.06.2017
Dei føreset at eksisterande avkøyrsle frå fylkesvegen vert nytta vidare og at denne vert regulert felles for eigedomane 59/1 og 59/6. Krav til sikt og sikkerheitssoner må overhaldast og regulerast inn på plan.
Kommentar: Vegen er regulert inn på kart og ivaretek desse krava.

7. Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 22.06.2017
Viser til tidlegare landbruksfagleg uttale, datert 22.11.2016. Det går fram av denne uttalen at dei er positive til tiltaket. Presiserer at det må søkjast om mellombels løyve til omdisponering etter jordlova § 9 for 6 dekar fulldyrka jord. Det må også settast krav om at det skal ligge føre ein kanal- og dreneringsplan som er del av detaljreguleringa. Jordlova må nemnast under punkt om statlege retningsliner/rammer/føringar.
Kommentar: Søknad om mellombels løyve til omdisponering etter jordlova er ikkje del av denne plansaka og må takast utanom. Dei andre punkta er stetta i føresegnene.

Alle tilhøva er i tillegg omtala i planomtalen.

Framlegg til plan:



Figur 2: Framlegg til reguleringsplan for massetak i Sandvika, gnr. 59 bnr. 1.

Beskriving av planframlegget:
Planområdet er på totalt 21,4 dekar, derav 6-7 dekar dyrka mark og grøfter for leiing av overflatevatn. MTK gjorde vedtak den 13.02.2017 om at det må utarbeidast reguleringsplan for området. Longva oppmåling as har foretatt masseutrekningar og området planleggast for ein kapasitet på inntil 90 000 m^3. Planen vil auke landbruksarealet til om lag 15 daa.

Planen inneheld 3 område for massedeponi, LAA1, LAA2 og LAA3. I følgje føresegnene § 9.3 skal massedeponiet gjennomførast trinnvist der LAA1 skal fyllast tilbake og tilbakeførast til dyrka mark før ein startar med deponering på LAA2 osv. Det skal utarbeidast ein eigen drensplan i forkant av at massedeponiet startar opp. På LAA4 skal det etablerast ein voll mot steinsprang i forkant av at område LAA2 vert tatt i bruk. (Føresegna § 9.5)

Planen inneheld fareområde for to høgspentlinjer i lufta, merka H 370 på kartet. Den nordlegaste linja med spenning 22 kV har ei omsynssone på 7 meter til kvar side. Den sørlegaste med spenning på 66 kV har 25 meters omsynssone.

Lengst sør på planen er det sett av omsynssone for skred, H310. Sona er avgrensa i samsvar med vedlegg 7 i den geologiske vurderinga (vedlegg 6 i denne saka).

Området skal drenerast og dreneringsvatn skal førast til opa elv vest i området og vidare gjennom eksisterande kulvert (dimensjon 1200 mm) under FV 10 (beskrive i planomtalen s. 22 og pkt. 6.15 s. 24). Det er foretatt kontroll på om kulverten vil ha kapasitet til auka mengde drensvatn. Det er konkludert med at kulvert/stikkrenne under FV 10 har stor nok dimensjon (vedlegg 8).

Vurdering/Konklusjon:
Planframlegget tek omsyn til grensene for eigedomen, geotekniske tilhøve og innkomne merknader i tilstrekkeleg grad.

Planområdet er på totalt 21,4 dekar og er sett av til massedeponi, køyreveg, grønnstruktur og omsynssone for høgspentline og skredfare. Det går fram av føresegnene at når deponiet er sluttført skal området finstillast slik at det kan brukast til beite. Det er også planlagt innkjøp av soldeverk for utsortering av jord og stein for sal.

Rådmannen meiner planframlegget stettar dei krav og anbefalingar som er sett og rår til at planen vert lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.

Fosnavåg, 07.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ole Magne Rotevatn
Leiar utviklingsavdelinga

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

Teiknforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- SKV — Køyreveg
- SVG — Annan veggrunn - grøntareal

§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur

- GAA — Angitt grøntstruktur kombinert med andre angitte hovudformål

§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift

- LAA — LNFR formål kombinert med andre angitte hovudformål

§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

- VN — Naturområde

§12-6 - Omsynssoner

- H140 — Frisikt
- H310 — Ras- og skredfare
- H370 — Høgspenningsanlegg (inkl. høgspentkablar)

Linjesymbol

- Planens begrensning
- Formålgrense
- Byggelinje
- Frisiktlinje
- Regulert kant kjørebane
- Regulert kjørefelt
- Grense for faresone

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart:
Dato for basiskart:
Koordinatsystem: ETRS89.UTM-32N
Høgdegrunnlag:
Ekvidistanse: 1m
Kartmålestokk: 1:1000 m

Herøy

Detaljregulering

Reguleringsplan for Sandvika - gbnr. 59/1

Med tilhørende reguleringsbestemmelser

Arealplan-ID:
Forslag
Forslagsstiller:
Odd Erling Lovøy

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAKS-NR	DATO	SIGN
Dato XXX Revisjon XXX			
Dato XXX Revisjon XXX			
Dato XXX Revisjon XXX			
Kommunestyret sitt vedtak			
Ny 2. gang behandling			
Offentlig ettersyn fra ..... til			
2. gangs behandling			
Offentlig ettersyn fra ..... til			
1. gangs behandling			
Kunngjøring av oppstart av planarbeid		04-4-2017	
Oppstartsmøte- Herøy kommune v/Tanja Rafteseth - notat oppstartsmøte datert 4-4-2017	2017/422	28-3-2017	
PLANEN ER UTARBEIDET AV: [redacted] PLANKONSULENT	TEGNNR	DATO	SIGN.
<tr><td>Høring av planforslag (6 veker)</td><td></td></tr>
<tr><td>Behandling av ev. merknader og endringar</td><td></td></tr>
<tr><td>Godkjenning av planforslag</td><td></td></tr>
<tr><td>Kunngjering av godkjent plan</td><td></td></tr>
</table></td></tr>
<tr><td>Organisering/kontakt</td><td>Planinitiativet er utarbeidd av Sporstøl Arkitekter AS i samarbeid med forslagsstiller.
Forslagsstiller (FS):
Goksøyr eigedom DA – Kleppeåsen 89 – 6080 Gurskøy

Kontaktperson: Arnulf Goksøyr
Tlf: +47 901 07 135 E-post: arnulf@christineborg.no

Plankonsulent (PK):
Sporstøl Arkitekter AS - Postboks 301 - 6067 Ulsteinvik
Tlf: +47 700 18 550 Nettside: www.sporstol.no

Kontaktperson: Bjørnar Sporstøl
Tlf.: +47 918 68 794 E-post: bjornar@sporstol.no

Martine Dalen
Tlf.: +47 994 62 954 E-post: martine@sporstol.no</td></tr>
</table>

2 Bakgrunn

Bakgrunnen for planforslaget er å legge til rette for eit område med fritidsbustadar.

- Det er planlagt oppføring av 9 hytter med tilhøyrande anlegg som skal tilpassast naturen.
- Tilkomst til hyttene skal tilpasse seg terrenget med bruer og mindre fyllingar.

Planomtalen gir ei framstilling av dagens situasjon, planforslaget og verknaden av ei planlagt utbygging.

2.1 Hensikten med planen

Leggje til rette for oppføring av 9 hytter med tilhøyrande anlegg. Området er om lag 19,4 daa og ligg som areal for framtidige fritidsbustadar med reguleringsplikt i gjeldande kommuneplan. Fritidsbustadane er planlagt å tilpasse seg naturen. Målet er å skape bebyggelse og tilkomst som forsterkar naturopplevinga og behandlar omgivnaden med respekt.

2.2 Forslagstiller, plankonsulent, eigarforhold

Forslagsstiller (FS):
Goksøyr eigedom DA – Kleppeåsen 89 – Gurskøy
Kontaktperson: Arnulf Goksøyr
Tlf: +47 901 07 135 E-post: arnulf@christineborg.no

Plankonsulent (PK):
Sporstøl Arkitekter AS - Postboks 301 - 6067 Ulsteinvik
Tlf: 700 18 550 Nettside: www.sporstol.no
Kontaktperson: Bjørnar Sporstøl
Tlf: +47 918 68 794 E-post: bjornar@sporstol.no

Martine Dalen
Tlf.: +47 994 62 954 E-post: martine@sporstol.no

Eigedommar: Gnr. 9 bnr. 80 og 128
Andre eigedomar i planområde: Christineborg Gjesthus Gnr. 9 Bnr. 67



Plangrense vist med svart stripplet linje.

2.3 Tidlegare vedtak i saken

Formannskapet i Herøy kommune vedtok den 14.08.2018 at det i medhald av plan og bygningslova §12-8 kunne startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område på Runde. Vedtak-løyve oppstart vist i V8.

2.4 Utbyggingsavtaler

Det vil ikkje være behov for utbyggingsavtale.

2.5 Krav om konsekvensutredning (KU)

Planen skal i følgje Forskrift om Konsekvensutgreiing § 3b) – Vedlegg II vurderast etter forskrifta § 4. Dette vart vurdert og avklart med kommunen i oppstartmøte.

Kommunen har gjort en slik vurdering:

- Planframlegget skal ikkje konsekvensutgreiast.

3 Planprosessen

Med bakgrunn oppstartmøte vart det varsla start av planarbeid 28. August 2018.
Dei ulike høyringsinstansar, grunneigarar og naboar fekk tilsendt varsel skriftleg.
Det vart gjort kunngjering i ei avis (Vestlandsnytt) og utlegging av varslingsdokument på kommunen og plankonsulenten si nettside. Frist for innspel vart sett til 02. oktober 2018.
Merknadar til varslinga er vurderte i planomtalen kap.9 og lagt ved som vedlegg V6.
Den vidare saksgang ifølge PBL sikrar at kravet til medverknad vert ivareteke gjennom offentleg ettersyn av det utarbeidde planforslaget.

Oppstartsmøte	18.06.2018
Behandling av planinitiativ	14.08.2018
Varsel om start av planarbeid	28.08.2018
Frist for innspel varsling	02.10.2018
Utarbeiding av planforslag	November- Desember 2018
Kommunalbehandling	
Høring av planforslag (6 veker) frist merknad	
Behandling av ev. merknadar og endringar	
Godkjenning av planforslag	
Kunngjering av godkjent plan	

4 Planstatus

4.1 Overordna planer



Utsnitt av gjeldande reguleringsplan. Henta frå Sunnmørskart.no

I den gjeldande kommuneplan er planområdet vist med formål for fritids- og turistformål. Sør vest for planområdet er eit område avsett til Fritidsbebyggelse og området sør aust er avsett til LNFR areal for spreidd bustad- fritids eller næringsbebyggelse, mv. Området som grensar til sjø i nord er avsett til Landbruk,- natur- og friluftsformål samt reindrift (LNFR).
Det er ingen gjeldande reguleringsplan for planområdet.

4.2 Tilgrensande planer

Vest for planområdet føreligger det ein reguleringsplan for hyttebebyggelse, friluftsområde og privat veg. Reguleringsplanen tredde i kraft 18.12.1992.



Utsnitt av tilgrensande reguleringsplan. Henta frå Sunnmørskart.no

4.3 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) 01.juli.2009
- Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) 19.juni.2009
- Reguleringsplanveileder, Kommunal- og Moderniseringsdepartementet, september 2018
- Planlegging av fritidsbebyggelse T-1450

5 Planområdet - Eksisterande forhold

5.1 Lokalisering, avgrensing og storleik

Utbyggingsområdet ligg ved Christineborg på Runde. Det grenser mot Storevågen i nord, Christineborg i øst og andre eigendomar i vest. Mot sør grensar det mot områder som er satt av enten i reguleringsplan eller kommuneplan til spreidd fritidsbustadar/bustad eller næringsformål.

Tomta har svært gode forhold for fritidsbustadar, men det vil være eit viktig element i regulering og bebygging av området at naturen får styre, dvs. at fritidsbustadane må tilpasse seg naturen og ikkje omvendt. Målet er å skape bebyggelse og tilkomst som forsterkar naturopplevinga og behandlar omgivnaden med respekt.



Oversiktsbilde av området. Utsnitt av planinitiativ.

5.2 Dagens arealbruk og tilstøytane arealbruk

Eigendommen har eit område satt av til frtitidsbustadformål, medan arealet ut mot Storevågen og Litlevågen er satt av til Landbruk-, natur- og friluftsformål (LNFR).



Kommuneplan. Henta frå Sunnmørskart

5.3 Stadens karakter

Området er eit typisk kystlandskap, med ulent terreng og havutsikt. Innanfor planområdet ligg Christineborg gjestehus, her held runde kystleirskule til. Leirskulen har teke imot leirskulelevar heilt sidan 1979. Christineborg gjestehus er også opne for kurs og konferansar, selskapslokale og turisme. Sidan eigarskifte i 2009 har store delar av lokaliteten ved gjennomgått renovering og fornying.

5.4 Landskap

Tomta ligg med ein fantastisk utsikt ut mot havet utan hinder og har eit relativt ulent naturleg terreng, med lav vegetasjon og berg, samtidig som det fell ned mot havet. Området har gode solforhold og ei panoramautsikt som gir gode moglegheiter for å fange både soloppgang og solnedgang. Det er eit typisk kystklima på staden og det kan til tider blåse godt i området.

Området sett ovanfrå. Henta frå Norgeskart.no

5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ingen registrerte automatisk freda kulturminne eller SEFRAK registrerte innanfor planområdet. Runde er registrert som eit viktig kulturlandskap og er i kommuneplanen sin arealdel registrert med omsynssone H550.

5.6 Naturverdiar

Området er dyrelivsfreda. Den einaste restriksjonen som gjeld for området er at fugle og pattedyrarter er freda mot jakt og fangst. Det er likevel tillate med jakt og fangst av villmink etter viltlova med forskrifter. Det er også registrert Teist i området, denne er registrert som sårbar art på nasjonal rødliste.



Område med dyrelivsfreding. Henta frå gislink.no

5.7 Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområde

Arealet ut mot Storevågen og Litlevågen er satt av til Landbruk-, natur- og friluftsformål (LNFR). Periodevis har det hekka ein del sjøfuglar i området, men f.t. har det mest interesse som turområde langs stranda, særleg med fine sporstfiskeplassar langs berga. Verdien av området må sjåast i samanheng med sjøfuglfjellet og turristinteressene på runde.

På planområdet ligg Christineborg gjestehus, her er attraktive lokalar for leirskuleklasser, kurs og konferansar, selskapslokale og turisme. Det blir organisert guiding i fjellet og båtturar rundt fugleøya.

5.8 Landbruk

Planområdet er ikkje brukt til landbruk. Arealtypen i området er open fast mark med fjell i dagen.

5.9 Trafikkforhold

En kan nå planområdet via privat avkøyrsel frå Fv18. I området hyttene er planlagt plassert er det ikkje utarbeidd infrastruktur. Området er kupert med berg og lav vegetasjon. Tilkomst til fots er i dag mogleg, men tidvis utfordrande.



Trafikktilkomst. Henta frå google maps

5.10 Barns interesser

Barns interesser i området er i all hovudsak knytt til Christineborg gjesthus. Leirskulen tek i mot barn frå fleire skular rundt om i Norge. Planområdet kan i nokon grad være nytta til leik.

5.11 Universell tilgjengelegheit

Christineborg gjestehus har universell tilgjengelegheit. Resten av planområdet er urørt området med kupert terreng.

5.12 Teknisk infrastruktur

Christineborg gjestehus har etablert vann- og avløpssystem.

5.13 Grunnforhold

Det er ikkje spesielle utfordringar med grunnforhold i området. Grunnen består hovudsakeleg av fjell/berg med tynt jordlag. Det er ikkje fare for ras i planområdet.

5.14 Støyforhold

Det er ikkje registrert utfordringar med støy i området.

5.15 Luftforureining

Det er ikkje registrert luftforureining i området.

5.16 Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)

- Området er i dag innanfor hensynssone H550 i kommunens arealplan
- Det ligg høgspentlinje innanfor planområdet.

Utover dette er det ikkje uakseptabel risiko til området som vi kjenner til.

5.17 Næring

Det er ikkje spesielle næringsinteresser i området

6 Omtale av planforslaget

Planforslaget er utarbeidd av Sporstøl Arkitekter AS i samarbeid med forslagsstillar.
Plannamn og -id: Runde Panorama, 2018XXX

Den framtidige utviklinga av området ligg godt til rette for attraktive fritidsbustadar. Det er eit ønskje om å få rammer som opnar for dett. Illustrasjonar og visualiseringar er utført av arkitektar ved Sporstøl Arkitekter AS. Disse er ikkje juridisk bindande.

I gjeldande arealplan er område vist som Fritids- og turistformål. Planområde vist med mørkt felt.



Utsnitt av gjeldande arealplan, med planavgrensing.

Det samla areal på planområdet er ca.: 19,5 dekar.

6.1 Planlagt arealbruk

Målet med detaljregulering er å få oppført 9 nye hytter med tilhøyrande anlegg på delar av gnr.9 bnr. 80 og 128. Det leggast opp til parkeringsplass ved dagens veg, og smalare sti/veg til fritidsbustadane.

6.1.1 Reguleringsformål

Arealfordeling reguleringsformål	Formål	Daa
§ 12-5 Nr.1 – Bygningar og anlegg		
1120 - Fritidsbebyggelse		5,2
1170 – Fritids- og turistformål		5,9
1500 – Annen type bebyggelse og anlegg		0,2
	Sum	11,3
§ 12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
2011 – Kjøreveg		0,6
2082 – Parkeringsplass		1,1
	Sum	1,7
§ 12-5 Nr. 3– Grønnstruktur		
3031 - Turveg		1,6
	Sum	1,6
§ 12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og fritidsformål samt reindrift		
5130 – Friluftsformål		4,9
	Sum	4,9
Totalt areal planområde	Sum	19,5

6.2 Omtale av reguleringsformål

§ 12-5. Nr. 1 – Bygningar og anlegg		
Fritidsbustad – frittliggjande	BFF1 - BFF5	Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt 7,5 meter og gesimshøgda til 7 meter frå gjennomsnittleg eksisterande terreng. Hyttene skal tilpassast terrenget og naturen. I områda BFF1 og BFF5 er det planlagt 2 fritidsbustadar. I BFF4 skal det planlagt 3 fritidsbustadar BFF2 og BFF3 er områder der det skal oppsettast 1 fritidsbustad. Områder med fleire hytter er regulert med tomtegrenser.
Fritid og turistbustad	BFT	Christineborg Gjesthus. %-BYA=50. Mønehøgd 10 meter og gesimshøgd 8 meter.
Annan type begningar og anlegg	f_BAB	Området er avsett til felles avfallshandtering for fritidsbustadar og Christineborg gjesthus.
§ 12-5. Nr 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, felles		
Køyreveg	f_SKV	Område for eksisterande veg. Denne er felles for BFT og BFF1-BFF5 og tilgrensande eigendommar nord og aust for planområdet.
Parkering	f_SPA1–f_SPA2	Området SPA1 er område for eksisterande parkeringsplass for Christineborg gjesthus. Denne skal også nyttast som gjesteparkering for fritidsbustadar.

		Området SPA2 er område for parkering for Fritidsbustadar. Her skal det etablerast minimum 1 parkeringsplass pr. hytte.
§ 12-5. Nr 3 – Grønstruktur, felles		
Turveg	f_GT1-f_GT2	Turstiane er planlagt som tilkomstar til fritidsbustadar. Dei skal utformast på ein måte som medfører minst mogleg terrenginngrep som sprenging og graving. Ein skal heller vurdere bruer og mindre fyllingar av naturlege materiale. Turstien skal utformast på en måte som gjer det mogleg og nå fritidsbusetnaden med bil dersom nødstilfelle. Turvegen skal være open for allmenta.
§ 12.5. Nr 5 – Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift, felles		
Friluftsformål	f_LF1-f_LF4	Områda LF1-LF4 er satt av til friluftsområde. Det kan i dette området leggast teknisk infrastruktur som vann- og avløpsleidningar og kablar. Områda skal være opne for allmenta

I tillegg til reguleringsformåla kjem omsynssoner og rekkjefølgjekrav.



Utsnitt av V1- Detaljregulering plankart.

6.3 Bygga si plassering og utforming

Det er planlagt å kunne etablere 9 nye fritidsbustadar innanfor planområdet.

6.3.1 Bygga si plassering og utforming

Bygg skal plasserast innanfor byggje og anleggsformål, samt byggegrenser som er vist på plankartet. Plassering av planlagt bygg i illustrasjonar er berre retningsgivande.

Bebyggelsen skal tilpasse seg naturen og ikkje omvendt. Fritidsbustadane skal plasserast i terrenget med omhug, og pelast opp i forkant ved behov. Tanken er at området sjølv etter at bygga ikkje lenger består skal være eit naturleg vakkert område utan øydeleggande "arr". Det er planlagt ei tilnærming med respekt for naturen som vil forsterke atmosfæren i området og på hyttene. Eit viktig grep for å oppnå dette er å ikkje bygge på dei høgste punkta på tomta, men la dei være opne, og heller bygge rundt. Ved graving i terreng skal jord og vegetasjon sidelagrast og tilbakeførast ved sluttføring.

Hyttene vist i skisseprosjektet viser tenkt konsept og variasjon, men vil måtte tilpassast meir nøyaktig kvar tomt ettersom terreng og utsikt varierer. Generelle grep ved alle hytter er at dei opnar seg mot utsikta og lukker seg mot tilkomst og gangsti, har overflater i naturlege materialar som, treverk (brent eller olja) og stein, med store glasfelt. Det vurderast ein heilskapleg tanke rundt standard på energikrav til fritidsbustadane, t.d. lavenergibygg.

6.3.2 Bebyggelsens høgde

Byggjehøgder er regulert i føresegner med maks for møne og gesims. Høgdene på bygga varierer i forhold til de ulike hyttene. For å unngå store inngrep i terreng er bygga planlagt plassert på pelar. Dei høgste bygga er plassert lågt i terrenget og plan 2 ligg parallelt med terreng ved turveg.

6.3.3 Grad av utnytting

Hytter kan førast opp med bruksareal (BRA) inntil 100 m2, jf.. Føresegner til kommuneplan. Hyttene er planlagt på 80-95 m2.

6.3.4 Antall bygningar

Tal på bygg er regulert i føresegn og plankart.
I planområdet er det planlagt oppføring av 9 hytter.



Illustrasjon av planlagt bebyggelse.

6.4 Bustadmiljø/bukvalitet

Området ligg med nydeleg utsikt ut over havet. Bebyggelsen skal etablerast med mål om å sikre godt utsyn og utsikt for alle. Fritidsbustadane plasserast slik at dei ikkje hindrar utsynet til kvarandre, medan vinkling av fritidsbustadane varierer for å skape gode utsiktsforhold og å unngå direkte innsyn til nabo. Hyttene har generelt tett vegg mot tilkomst og opnar seg opp mot utsikta. Området har gode kvalitetar når det gjeld solforhold. Dette skal ivaretakast i planlegging av hytter når de gjeld orientering og plassering. Belysning og materialbruk på området tilpassast den naturlege atmosfæren. Målet er eit område med ei kjensle av ro, stillheit, kos og trivsel.

6.5 Parkering

Det leggast opp til ny parkeringsplass ved dagens veg, og smalare sti til fritidsbustadane. Det skal være mogleg å komme til med bil i nødstilfelle og med 4-hjuling, sykkel og til fots til dagleg. Dette er ein del av atmosfæren, det å komme til hytta, og for å unngå "biltrafikk" rundt på området. Eksisterande parkeringsplass ved Christineborg gjesthus kan nyttast som gjesteparkering for fritidsbustadar.



Illustrasjon som viser planlagt parkering.

6.6 Tilknyting til infrastruktur

- Vassforsyning er planlagt tilknytt offentleg anlegg ved Christineborg Gjesthus
- Vann og avløpsleidningar planleggast i vegtrase. Sjå forenkla VA-plan vedlegg V5
- Bygg er planlagt utbygd med godkjente avløpsanlegg (Jets-system) som ver knytt til eksisterande godkjend avløp til Christineborg gjesthus.

- **Jets hyttesystem**
  Med jets fellesløysning får man en felles pumpeeining og felles oppsamlingstank for alle hytter. Systemet bruker lite vann og behovet for tømming er sjeldnere en vanlige anlegg. Systemet rensar gråvatnet og det infiltrerast på eiga tomt.

6.7 Trafikkløysing

Bebyggelse, arkitektur og tilkomst til hyttene skal tilpasse seg terrenget, og utførast med mist mogleg inngrep i form av sprenging og graving, men heller med bruer og mindre fyllingar i naturlege materialar. Det er ønsket ein veg som glir inn i naturen utan å dominere, men heller tilfører området noko.



Mogleg løysning for mist mogleg terrenginngrep på veg til/mellom hytter



Dimensjoneringsprinsipp, Privatveg.

Det skal være mogleg å komme til med bil i nødstilfelle og med 4-hjuling, sykkel og til fots til dagleg. Dette er ein del av atmosfæren, det å komme til hytta, og for å unngå "biltrafikk" rundt på området. Vegane er planlagt ut i frå rettleiing for dimensjonering av vegar som er utarbeidd av kommunen.

6.8 Planlagde offentlege anlegg

Det er ikkje planlagt offentlege anlegg innanfor planområdet

6.9 Miljøoppfølging

Plan har som mål å gjere minst mogleg endringar på naturen i området. Det skal ikkje gjennomførast tiltak som kan føre til skade på miljøet.

6.10 Universell utforming

Terreng gjer det vanskeleg med tanke på universell utforming i planområdet.

6.11 Uteopphaldsareal

Det er ikkje lagt opp til nye områder for leikeplass i planen. Området rundt hyttene avsett til friluftsområde, og området består hovudsakleg av grønstruktur. Det er også moglegheiter for barn og betytte leikeplass ved Christineborg gjesthus.

6.12 Kollektivtilbod



Busstopp ved avkøyrsel frå fylkesveg 18. Henta frå norgeskart.no

6.13 Avbøtande tiltak/ løysningar ROS

Det går ei kraftleidning sør for Christineborg gjesthus, denne er i planen merket som faresone H_370. Området er i kommuneplanen registrert som et viktig kulturlandskap og registrert me omsynssone H550. Dette tar planen omsyn til. Det er elles ikkje registrert spesiell risiko knytt til området.

6.14 Rekkjefølgeføresegn

- Tursti skal opparbeidast og ferdigstilles seinast saman med midlertidig bruksløyve i område BFF1-BFF5.
- Tekniske planar for heile området skal godkjennast av kommune før utbyggingar i planområdet. Seinast ved søknad om igangsetting.
- Parkering f_SPA2 skal ferdigstillast samstundes som det blir gitt bruksløyve for BFF1-BFF5.

7 Konsekvensutredning

Plandokumentet blir utarbeidet etter reguleringsplanveileder, utarbeidet av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2018. I henhold til forskrift om Konsekvensutredning §4, vedlegg II blir planen ikke vurdert til å medføre konsekvensutredning.

8 Verknadar/konsekvensar av planforslaget

Her skildrast og vurderast verknader og konsekvensar av gjennomføring av planen. Konsekvensar vert skildra når planen avviker frå vedtatt oversiktsplan, temaplan, vedtatt retningslinje, norm eller vedtekt eller når planen vil medføre konsekvensar for natur, miljø eller samfunn. Eventuelle avbøtande tiltak skildrast.

8.1 Overordna planer

Planen er i tråd med prinsippa i Herøy kommunes arealplan. Planen vurderast å være i tråd med Herøys ambisjonar om å legge til rette for fritidsbustadar.

8.2 Landskap

Planen legg føringa for ei utbygging av bygningar med god terrengtilpassing der bygningar tilpassar seg naturen og ikkje omvendt. Eit viktig grep for å oppnå dette er å ikkje bygge på dei høgaste punkta, men la dei være opne og heller bygge rundt.

8.3 Stedens karakter

Det er ei oppfølging av kommunens intensjon om tilrettelegging for fritidsbusetnad. Det ønskast eit område og fritidsbustadar som glir inn i naturen utan å dominere, men heller tilfører området noko.

8.4 Estetikk

Planen er i tråd med den utviklinga som er tenkt for området. Bygga skal utformast for å passe inn i naturen. Material og belysning skal tilpassast den naturlege atmosfæren. Det er planlagt ei tilnærming med respekt for naturen som vil forsterke atmosfæren i området.

8.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller SEFRAK registrerte bygningar i planområdet. Dersom en under utbygging av planområdet kjem over automatisk freda kulturminne gjeld §8 i Kulturminnelova.

8.6 Forholdet til krava i kap. II i Naturmangfaldlova

- Planforslaget har ingen spesielle negative konsekvensar for naturverdiar i området.
  Kunnskap (§8):
  Vi oppfattar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredsstillande for vurderingar etter naturmangfaldlova i denne saken.

- Føre-var-prinsippet (§9):
  Vi har undersøkt tilgjengelege databasar for naturmangfald. Med bakgrunn i dette ser vi ikkje på inngrepet i planframlegget som vesentleg for naturmangfaldet på Runde.

- Samla belastning (§10):
  Deler av planområdet er urørt terreng. Det er derimot planlagt å gjere minst mogleg inngrep i naturen og legge vekt på å tilpasse bygga terrenget og ikkje motsett. Utbygginga vil truleg ikkje påverke den samla belastninga på økosystemet i området, da det allereie er aktivitet i området pga. Christineborg gjesthus.

- Overvaking (§11):
  Så langt vi kan sjå vil det ikkje være nødvendig med ytterlegare overvaking av naturmiljøet enn det som allereie er etablert i dag.

- Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder (§12):
  Bygga er planlagt utbygd med godkjent avløpsanlegg (Jets-system) som vert knytt til eksisterande godkjent avløp til Christineborg Gjesthus. Fritidsbygga og tilhøyrande anlegg er planlagt slik ein ikkje gjer unødvendige store inngrep i terreng.

8.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk

Utbygginga vil ikkje ha negativ innverknad på rekreasjonsinteressene i område. Det gir derimot fleire mulighet til å nytte seg av området.

8.8 Uteområde

Uteområde er sikra gjennom planarbeidet. Planen tar utgangspunkt i å legge til rette for eit område med fokus på natur. Ved og utarbeide veg/sti i område blir området meir tilgjengeleg.

8.9 Trafikkforhold

Planen vil ikkje medføre merkverdig trafikkauke langs fylkesveg 18.

8.10 Barns interesser

Barns interesser er sikra ved Christineborg gjesthus. Planen legg også til rette for leik i natur.

8.11 Sosial infrastruktur

Konsekvensen av utbygginga vil være att det kan komme fleire born til området, men då på fritidsbasis. Dette fører ikkje til større press på barnehage og skuler i kommunen.

8.12 Universell tilgjengelegheit

Det er vanskeleg og oppnå universell tilgjengelegheit i planområdet på grunn av terrenget. Dersom en skal oppnå dette må det truleg gjennomførast sprenging og utfylling i planområdet, noko som ikkje er ønskeleg.

8.13 Energibehov – energiforbruk

Det er vurdert å bygge hyttene som lavenergibygg. Omfanget av prosjektet tilseier at planen ikkje vil ha innverknad på forsyningstryggleiken i området.

8.14 ROS

Viser til V3 ROS sjekkliste. Det er i planen regulert inn hensynssone for kraftlinje.

8.15 Teknisk infrastruktur

Vann og avløp skal koplast på eksisterande anlegg ved Christineborg.

8.16 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Utbygging, opparbeiding og drift er privat og vil ikkje medføre økonomiske konsekvensar for kommunen.

8.17 Konsekvensar for næringsinteresser

Konsekvensen av utbygginga vil vere en liten auke i kundegrunnlag for etablerte næringar i kommunen/regionen.

8.18 Interessemotsetningar

Det er ingen vesentlege interessemotsetnadar.

8.19 Avveging av verknader

Verknadane av planforslaget vil samla sett vere positivt for området.
For å møte dagens utfordringar med klimagassutslepp og befolkningsvekst vil det vere behov for områder med eit variert fritidstilbod i moderne, energieffektive bygningar.

9 Innkomne innspel

Med bakgrunn i oppstartsmøte vart planarbeidet forvarsla. Dei ulike høyringsinstansane, grunneigarar og naboar fekk varselet tilsendt. Det vart i tillegg kunngjering på plankonsulenten og på kommunen sine nettsider. Frist for innspel var sett til 4 veker.

Det vart motteke 4 merknader/innspel etter varsling oppstart planarbeid. Viser her til vedlegg 5. Formell saksgang ifølge PBL sikrar at kravet til medverknad vert ivareteke gjennom offentleg ettersyn av utarbeidd planforslag. Utdrag av merknader:

Merknader
FYLKESMANNEN
Natur og miljøvern: - Legg til grunn at ein tar vare på området sin karakter og unngår å sprenge fjell, også at ein plasserer hyttene slik at dei ikkje ruvar i terrenget. Det same gjeld infrastrukturen. Det er avgjerande og bygge på naturens premissar og ikkje omvendt. Materialval og belysning er vesentleg for at tiltaket tilpassar seg omgjevnadene. Strandsone: - Det er skissert at ein legg opp til felles badeplass og bålplass nede ved havet. Planområdet går ikkje heilt ned til sjøen, og inngrep ved sjøen kan såleis ikkje omfattast av planen. Samfunnstryggleik og klimatilpassing: - Sør for Christineborg Gjesthus går ei kraftlinje gjennom planområdet. Den må sikrast med tilstrekkeleg hensynssone.
Kommentar: - Plassering og materialval skal tilpassast naturen og terrenget. - Hensynssone er tatt med i planen. - Badeplass og bålplass blir ikkje tatt med i planen
SVV
Statens Vegvesen har ikkje merknad/innspel til varsla planarbeid.
Kommentar: Det er tatt til vitande.
NVE
Generelt innspel til planarbeidet. - Viser til korleis saksområde skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplan eller PBL. Det er ikkje komme inn merknader direkte mot planen.
Kommentar: Det er tatt til vitande.
KYSTVERKET
- Kystverket har i utgangspunktet ikkje innvendingar til hytteplasseringane, men er usikker på om dei store glasflatene på hyttene mot nordaust kan få betydning for synbarheita av den nord/nordaustretta hvitsektoren frå fyrlykta på Langeneset.

- I føresegnene til planen bør det takast inn at lyssetting i planområdet skal utførast slik at den, enkeltvis eller samla, ikkje hindrar eller blir til fare for synbarheita til sektorbelysninga frå fyrlykta på Langeneset. Skarpe lyskjelder og punktbelysning i størst mogleg rettes ned mot terrenget og bort frå sjøen der slik skal nyttast.

Kommentar:
Krav til belysning er tatt med i føresegner til planen. «Belysning i området skal være dempa og skal tilpassast den naturlege atmosfæren. Belysning skal ikkje hindre eller blir til fare for synbarheta til sektorbelysninga frå fyrlykta på Langeneset. Skarpe lyskjelder og punktbelysning skal i størst mogleg grad rettes ned mot terrenget.»

10 Avsluttande kommentar

Med bakgrunn i dette planforslaget vil vi på vegne av forslagsstiller be om at utvalet for plansaker behandlar planforslaget i samsvar til plan- og bygningsloven (PBL) § 12-3 og §12-11.

11 Vedlegg

V1	Planforslag/Plankart. Datert 13.12.2018
V2	Reguleringsføresegn. Datert 13.12.2018
V3	ROS sjekkliste. Datert 03.07.2018
V4	Illustrasjonar, situasjonsplan, fasadar og snitt
V5	Forenkla VA-plan
V6	Kopi av innkomne merknadar
V7-1	Kopi av varsling. Datert 28.08.2018
V7-2	Kopi av kunngjering. Datert 27.08.2018
V8	Vedtak- løyve om oppstart planarbeid F-sak 143-18. Datert 14.08.2018
V9	Referat frå oppstartsmøte. Datert 18.06.2018



Tegnforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg

- BFF — Fritidsbebyggelse-frittliggende
- Fritid/Turistformål — Fritids- og turistformål
- BAB — Andre typer bebyggelse og anlegg

§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- Kjøreveg — Kjøreveg
- SPA — Parkering

§12-5. Nr. 3 - Grønnstruktur

- GT — Turveg

§12-5. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift

- LF — Friluftsformål

§12-6 - Hensynssoner

- H370 — Høyspenningsanlegg (inkl høyspentkabler)
- H550 — Hensyn landskap

Linjesymbol

- Planens begrensning
- Formålgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggegrense
- Bebyggelse som inngår i planen
- Regulert senterlinje
- Regulert kant kjørebane
- Grense for faresone
- Grense for angitt hensynssone

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart:	Kartbase Herøy kommune	Ekvidistanse:	1m
Dato for basiskart:		Kartmålestokk:	1:1000 m
Koordinatsystem:	ETRS89.UTM-32N		
Høgdegrunnlag:			

0 25 50 m

N

Herøy kommune

Detaljregulering

Detaljregulering Christineborg

Med tilhøyrande føresegner

Arealplan-ID: 1515_Forslag

Forslagstillar: Goksøyr eigedom DA

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

		SAKS-NR	DATO	SIGN
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Kommunestyret sitt vedtak				
Ny 2. gongs handsaming				
Offentleg ettersyn frå .....til				
2. gongs handsaming				
Offentleg ettersyn frå.....til				
1. gongs handsaming				
Kunngjering av oppstart av planarbeid		143/18	27.08.2018	BS
Oppstartsmøte den 18.06.2018 med Herøy kommune		143/18	14.08.2018	BS

PLANEN ER UTARBEIDD AV: SPORSTØL Sporstøl Arkitekter

TEGNNR.	DATO	SIGN.
001	13.12.2018	MD

Det stadfestas at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak

BekreftDato Dato — PLANSJEFNAVN Plansjef

Detaljregulering for Runde Panorama

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
2018XXXX			Herøy kommunestyre

§ 1 GENERELT

1.1 GYLDIGHETSGRENSE

Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljplan i samsvar med PBL 2008.
Reguleringsføresegner gjeld innanfor det området som er synt med reguleringsgrense på plankartet.

1.2 PRIVATRETSLIGE AVTALAR

Etter reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldene, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

1.3 REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til fylgjande føremål.

Byggje- og anleggsformål (PBL § 12-5 nr.1)

BFF1-BFF5	Fritidsbusetnad – frittliggande	SOSI 1121
BFT	Fritids- og turistformål	SOSI 1170
f_BAB	Annen type bebyggelse og anlegg, felles	SOSI 1500

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr.2)

f_SKV	Køyreveg, felles	SOSI 2011
f_SPA1-f_SPA2	Parkering, felles	SOSI 2080

Grønstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

f_GT1-f_GT2	Turveg, felles	SOSI 3031

Landbruk- natur og friluftsformål (PBL § 12-5, nr. 6)

f_LF1-f_LF4	Friluftsformål, felles	SOSI 5130

Omsynssone (§ 12-6)

H550	Omsynssone landskap
H370	Faresone- Høgspenningsanlegg

§ 2 FELLES FØRESEGN

a. Bygg skal plasserast innanfor byggje og anleggsformål, samt byggegrenser som er vist på plankartet

b. Ved søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bygg.

c. Kulturminne og varsemdplikt. Skulle det under bygge-anleggsarbeid i området komme fram gjenstandar eller andre spor som viser eldre aktivitet i området, må arbeidet stanses og melding sendes til Møre og Romsdal fylkeskommune, jf. Kulturminnelova §8.

d. Belysning i området skal være dempa og skal tilpassast den naturlege atmosfæren. Belysning skal ikkje hindre eller blir til fare for synbarheta til sektorbelysninga frå fyrlykta på Langeneset. Skarpe lyskjelder og punktbelysning skal i størst mogleg grad rettes ned mot terrenget.

§ 3 AREALBRUK

I områda «BFF1-BFF5» kan det byggjast frittliggjande fritidsbusetnad.
I område «BFT» ligg Christineborg gjesthus.
I området «f_GT1-f_GT2» er det planlagt tursti til fritidsbusetnad.
I området «f_SPA1-f_SPA2) er det planlagt parkering
I området «f_BAB» er det planlagt felles areal for avfallshandtering

§ 4 BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 12-5. nr 1)

4.1 Generelt

a. Kommunen skal ved handsamling av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og tilpassast naturen rundt med godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Det skal ikkje nyttast reflekterande material på bygningar. Unntaket er glasfasade
b. For fritidsbygg skal det nyttast bruksareal BRA per eining.
c. Høgder på bygg: Gesims-mønehøgde vert målt ut frå gjennomsnitt nivå terreng rundt bygget, jf. Rettleiar «T-1459 Grad av utnytting» eller tilsvarande gjeldande rettleiar.
d. Uteareal og tilhøyrande byggeareal: Ein skal i størst mogleg grad ta vare på og nytte eksisterande terreng i området. Bygg skal tilpassast terreng og natur.

4.2 Fritidsbusetnad – frittliggjande (BFF1- BFF5)

a. Områda merka BFF1 - BFF5 på plankartet skal nyttast til fritidsbusetnad.
b. I områda BFF1 og BFF5 er det planlagt 2 fritidsbustadar
I BFF4 skal det planlagt 3 fritidsbustadar
BFF2 og BFF3 er områder der det skal oppsettast 1 fritidsbustad.
c. Hytter kan førast opp med bruksareal (BRA) inntil 100 m2. jf. Herøy kommune- føresegn til arealdelen.
d. Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt 7,5 meter og gesimshøgda til 7 meter frå gjennomsnittleg eksisterande terreng.
e. Det kan førast opp eitt uthus/anneks pr. hytteeining i storleik på inntil 15 m2 BRA, mønehøgde inntil 3 meter og gesimshøgd inntil 2,5 meter. Avstand frå hytte maks 10 meter.
f. Det kan lagast terrasse/utegolv på inntil 30 m2.
g. Parkering for fritidsbusetnad vil være ved f_SPA2 og gjesteparkering ved f_SPA1.

h. Kommunen avgjer ved byggjemelding den endelege plasseringa av bygg på tomtene. Ved byggjemelding skal tilkomst, stigningstilhøve, høgder og biloppstilling vere synt på situasjonsplanen.

4.3 Fritids- og turistformål (BFT)

a. Området er avsett til Christineborg gjesthus
b. %-BYA=50%
c. Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt 10 meter og gesimshøgda til 8 meter

4.4 Andre typar bebyggelse og anlegg (f_BAB)

Området f_BAB er avsett til felles avfallshandtering for fritidsbustadar(BFF) og Christineborg gjesthus(BFT). Lagring og handtering av avfall skal skje her.

§ 5 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INNFRASTRUKTUR (PBL §12-5. nr. 2)

5.1 Generelt

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn som følgje av detaljprosjektering. Planen regulerer at inngrep skal tilordnast og det skal nyttast stadlege masser som topplag på grøfter, vegskråningar og liknande.

5.3 Køyreveg (f_SKV)

Område f_SKV er eksisterande tilkomstveg. Denne skal være felles for BFT, BFF1-BFF5 og tilgjengeleg for eigendommane nord og aust av planen. Vegen skal være open for allmenta.

5.4 Parkering (f_SPA1 og f_SPA 2)

a. Område f_SPA2 er avsett til felles parkering for fritidsbusetnadar(BFF1-BFF5). Det skal være 1 parkeringsplass per hytte.
b. SPA1 er område for eksisterande parkering for Christineborg gjesthus. Det er planlagt gjesteparkering for fritidsbusetnad(BFF1-BFF5) i området.

§ 6 GRØNSTRUKTUR (PBL § 12-5, nr. 5)

6.1 Turveg (f_GT1-f_GT2)

a. Områda f_GT1 og f_GT2 er avsett til tursti.
b. Turstiane er planlagt som tilkomst til fritidsbustadar.
c. Turstiane skal utformast på ein måte som medfører minst mogleg terrenginngrep som sprenging og graving. Ein skal heller vurdere bruer på pelar og mindre fyllingar av naturlege materiale. Stien skal ikkje dominere terrenget.
d. Stien skal utformast på ein måte som gjer det mogleg og nå fritidsbusetnaden med bil i nødstilfelle, og med sykkel og firehjuling til vanleg.
e. Turstien er felles for BFF1-BFF5, den skal også kunne nyttast av allmenta.

§ 7 LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT (PBL § 12-5 nr.5)

7.1 Friluftsformål (f_LF1 – f_LF4)

a. Området merka f_LF1-f_LF4 på plankartet er satt av til felles friluftsområde. I dette området kan det leggast teknisk infrastruktur som vann- og avløpsleidningar og kablar. Området skal være open for allmenta.

§ 8 OMSYNSSONE

8.1 Omsynssone – Landskap 550

Runde er registrer som eit viktig kulturlandskap, planområdet er derfor lagt inn under omsynssone H550.

8.2 Faresone - Høgspent H370

a. Innanfor faresona knytt til eksisterande høgspentlinje tillatast det ikkje oppført bygningar.
b. Det må ikkje fjernast masser rundt stolper og barduner på en slik måte at det svekker konstruksjonen.
c. Netteigar skal kontaktast ved inngrep der det kan være fare for skade på høgspentanlegg.

§ 9 KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL § 12-7, pkt. 10)

9.1 Tursti skal opparbeidast og ferdigstilles seinast saman med midlertidig bruksløyve i område BFF1-BFF5.

9.2 Tekniske planar for heile området skal godkjennast av kommune før utbyggingar i planområdet. Seinast ved søknad om igangsetting.

9.3 Parkering f_SPA2 skal ferdigstillast samstundes som det blir gitt bruksløyve for BFF1-BFF5.

X _____ X _____

Sted, Dato Ordførar

Runde Panorama



SPORSTÖL

Oversiktsbilde mot øst av tomta



21.06 soloversikt

Bilde mot nordvest frå tomta

Tomt:

Tomta ligg ved Christineborg på Runde. Den grenser mot Storevågen i nord, Christineborg i øst og aqndre eigendomar i vest. Mot sør grensar dei mot områder som er satt av enten i reguleringsplan eller kommuneplan til spredte fritidsboliger/bolig eller næringsformål.

Tomta ligg med ei fantastisk utsikt ut mot havet utan hinder og har eit relativt ulent naturlig terreng, med lav vegitasjon og berg, samtidig som den fell ned mot havet.

Eigendommen har eit område satt av til frtitidsboligformål, medan arealet ut mot storevågen og litlevågen er satt av til Landbruk-, natur- og friluftsformål (LNFR).

Området har gode solforhold og ei panoramautsikt som gir gode muligheiter for å fange både soloppgang og solnedgang frå fritidsbustadane. Det kan blåse godt i området og det er derfor viktig å tenke på uteområdet som får le i planlegginga av området.

Tomta har svært gode forhold for fritidsbustadar, men det vil være eit viktig element i regulering og bebygging av området at naturen får styre, dvs at fritidsboligane må tilpasse seg naturen og ikkje omvendt. Målet er å skape bebyggelse og tilkomst som forsterker naturopplevelsen og behandler omgivelsane med respekt.

REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
01

Runde Panorama

Tomt

06.06.2018

SPORSTÖL

P:\1781 Chritineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\Christineborg - Situasjonsplan 3(Recovery).rvt

07.06.2018 12.59.08



Gnr./Bnr.: **9/13 og 9/80**

Tomteareal: 33345 m2

Arealformål:
Planidentifikasjon: 201250
Oversiktsplanareal: Fritids- og turistformål
Arealbrukstatus: Framtidig
Områdenavn: FT4

Landbruk-, natur- og friluftsformål samt reindrift (LNFR).

Byggeområde/ fritidsbustadar

Formålsgrense

REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
02

Runde Panorama

Kommuneplan

06.06.2018

SPORSTÖL

07.06.2018 12.59.08

P:\1781 Chritineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\Christineborg - Situasjonsplan 3(Recovery).rvt



REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
03

Runde Panorama

Situasjonsplan

06.06.2018
1 : 1000

SPORSTÖL

P:\1781 Christineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\Christineborg - Situasjonsplan 3(Recovery).rvt

07.06.2018 12.59.12



Tilkomst

Tilkomst: Tomta er kupert med berg og lav vegetasjon. Tikomst til fots er i dag mulig, men tidvis utfordrande. Samtidig er området vakkert og variert slik det er. Bebyggelse, arkitektur og tilkomst til hyttene skal tilpasse seg terrenget, og utførast med mist mulig inngrep i form av sprenging og graving, men heller med bruer og mindre fyllinger i naturlige materialer. Det vil etterstrebast eit område og fritidsbustadar som glir inn i naturen uten å dominere, men heller tilfører området noko.



Utsikt

Utsikt: Tomta ligg med nydelig utsikt ut over havet. Området etablerast for med mål om å sikre godt utsyn og utsikt for alle. Fritidsbustadane plasserast slik at dei ikkje hindrer utsynet til kvarandre, medan vinkling av fritidsbustadane varierer for å skape gode utsiktsforhold og å unngå direkte innsyn til nabo. Hyttene har generelt tett vegg mot tilkomst og åpner seg
opp mot utsikta.



Bebyggelse

Bebyggelse: Bebyggelsen tilpasser seg naturen og ikkje omvendt. Fritidsbustadane plasserast i terrenget med omhu, og pelast opp i forkant ved behov. Tanken er at området sjølv etter at bygga ikkje lenger består skal være eit naturlig vakkert område uten ødeleggande "arr". Ei tilnærming med respekt for naturen som vil forsterke atmosfæra i området og på hyttene. Eit viktig grep for å oppnå dette er å ikkje bygge på dei høgste punkta på tomta, men la dei være åpne, og heller bygge rundt.

REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
04

Runde Panorama

Tilnærming

06.06.2018

SPORSTÖL

P:\1781 Chritineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\Christineborg - Situasjonsplan 3(Recovery).rvt

07.06.2018 12.59.13

Atmosfære:

Det leggast opp til parkeringsplasser ved dagens veg, og smalare sti til fritidsbustadane. Det skal være mulig å komme til med bil i nødstilfeller og med 4-hjuling, sykkel og til fots til daglig.

Dette er ein del av atmosfæra, det å komme til hytta, og for å unngå "biltrafikk" rundt på området.

Belysning og materialbruk ellers på området tilpassast også denne naturlige atmosfæra.

Målet er eit område med ei kjense av ro, stillheit, kos og trivsel.

REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
05

Runde Panorama

Atmosfære

06.06.2018

SPORSTÖL

07.06.2018 12.59.13

P:\1781 Chritineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\Christineborg - Situasjonsplan 3(Recovery).rvt

Fritidsbustader:

Hyttene vist i skisseprosjektet viser tenkt konsept og variasjon, men vil måtte tilpassast meir nøyaktig kvar tomt ettersom terreng og utsikt varierer.

Generelle grep ved alle hytter er at dei åpner seg mot utsikta og lukker seg mot tilkomst og gangsti, har overflater i naturlige materialer som, treverk (brent eller olja) og stein, med store glassfelt.

Alle hytter er på 80 -90 m2 med to soverom og alkoveløsning. Dei har varierte uteområdet for å nyte naturen på som også gir variert grad av skjerming for vind i området.

Det vurderast ein heilheitlig tanke rundt standard på energikrav til fritidsbustadane, td. lavenergibygg.

Det leggast opp til felles badeplass og bålplass for fritidsbustadane nede ved havet. og eit felles avfallssystem.

REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
06

Runde Panorama

Fritidsbustadar

06.06.2018

SPORSTÖL

07.06.2018 12.59.14

P:\1781 Chritineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\Christineborg - Situasjonsplan 3(Recovery).rvt

REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
07

Runde Panorama

Oversikt mot nordvest

06.06.2018

SPORSTÖL

07.06.2018 12.59.58

P:\1781 Chritineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\Christineborg - Situasjonsplan 3(Recovery).rvt



REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
08

Runde Panorama

Oversikt mot nord

06.06.2018

SPORSTÖL

07.06.2018 13.00.42

P:\1781 Chritineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\619 Skisseprosjekt\Christineborg - Situasjonsplan 3(Recovery).rvt

Situasjonsplan område 1



Terrengsnbitt område 1

Foto frå området



21.06 kl 08.00



21.06 kl 16.00



21.06 kl 22.00

REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
09

Runde Panorama

Område 1

06.06.2018

SPORSTÖL

P:\1781 Chritineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\Christineborg - Situasjonsplan 3(Recovery).rvt

07.06.2018 13.01.12

5
09



5
09







REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
10

Runde Panorama

Utsikt område 1

06.06.2018
1 : 750

SPORSTÖL

P:\1781 Chritineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\Christineborg - Situasjonsplan 3(Recovery).rvt

07.06.2018 13.01.56

Situasjonsplan område 2



Terrengsnitt område 2

Foto av området



21.06 kl 08.00



21.06 kl 16.00



21.06 kl 22.00

REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
11

Runde Panorama

Område 2

06.06.2018

SPORSTÖL

07.06.2018 13.02.37

P:\1781 Chritineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\Christineborg - Situasjonsplan 3(Recovery).rvt









REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
12

Runde Panorama

Utsikt område 2

06.06.2018
1 : 750

SPORSTÖL

07.06.2018 13.03.25

P:\1781 Christineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\Christineborg - Situasjonsplan 3(Recovery).rvt



Situasjonsplan område 3

5
13



Terrengsnitt område 3

Foto av omårdet



21.06 kl 08.00



21.06 kl 16.00



21.06 kl 22.00

REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
13

Runde Panorama

Område 3

06.06.2018

SPORSTÖL

P:\1781 Chritineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\Christineborg - Situasjonsplan 3(Recovery).rvt

07.06.2018 13.03.54





5
13

5
13

REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
14

Runde Panorama

Utsikt område 3

06.06.2018
1 : 750

SPORSTÖL

07.06.2018 13.04.18

P:\1781 Chritineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\Christineborg - Situasjonsplan 3(Recovery).rvt



Lett konstruksjon
med glass mot utsikt



Tung konstruksjon i
stein mot tilkomst





BRA 82 m2

REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
15

Fritidsboliger Christineborg

Hytte type 1

06.06.2018
1 : 100

SPORSTÖL

07.06.2018 12.48.41

P:\1781 Chritineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\BYGG Christineborg 6.rvt





2
A101



2
A101

Åpenheit og glass mot utsikt



Tett og privatiserande mot tilkomst



BRA 82 m2

REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
16

Fritidsboliger Christineborg

Hytte type 2

06.06.2018
1 : 100

SPORSTÖL

07.06.2018 12.30.37

P:\1781 Chritineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\BYGG Christineborg type 8.rvt





Åpenheit og glass mot utsikt



Tett og privatiserande mot tilkomst





BRA 93 m2

REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

07.06.2018 12.59.27

1781
17

Fritidsboliger Christineborg

Hytte type 3

06.06.2018
1 : 100

SPORSTÖL

P:\1781 Chritineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\BYGG Christineborg type 3.rvt.rvt

REV	DATO	BESKRIVELSE
Prosjektstatus:		Skisseprosjekt

1781
18

Runde Panorama

Illustrasjon

06.06.2018

SPORSTÖL

P:\1781 Christineborg Fritidshus\6 Tegninger og beskrivelse\61 Tegninger Ark\610 Skisseprosjekt\Christineborg - Situasjonsplan 3(Recovery).rvt

07.06.2018 13.08.07



- Vassforsyning er planlagt tilknytt offentleg anlegg ved Christineborg Gjesthus

- Avløpsanlegg er planlagt som Jets-system og er planlagt knytt til avløp nord for Christineborg

TEGNFORKLARING

Avløp
Vann

Rev.	Revisjonen gjelder	Dato	Tegnet	Kontr.	Godkjent

Runde panorama

Forenklet VA-Plan

Målestokk	Dato	11.12.2018	
1:1000	Tegnet		
	Kontr.		
	Godkjent		
Arkiv bet.			
Erstatn. for			

SPORSTÖL

Tegning nr.

Rev.

14.10.2003 Forenklet VA-plan.dwg

Statens vegvesen

Møre og Romsdal fylkeskommune

Sporstøl Arkitekter AS
Postboks 301
6067 ULSTEINVIK

Stine Sporstøl

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Hallvard Sæverud / 93260501	18/188674-2	1782/BS	25.09.2018

Fv 18 – Herøy kommune – Varsel om oppstart – Reguleringsplan – Runde panorama – Uttale

Viser til brev av 28.8.2018 frå Sportstøl Arkitekter AS med varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Runde panorama.

Statens vegvesen har ikkje merknad/innspel til varsla planarbeid.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Herøy kommune i Møre og Romsdal, Postboks 274, 6099 FOSNAVÅG
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00

firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
28.09.2018
Dykkar dato
28.08.2018

Vår ref.
2018/4787/KABJ/421.4
Dykkar ref.
1782/BS

SPORSTØL ARKITEKTER AS
Postboks 301
6067 ULSTEINVIK

Herøy kommune
Detaljregulering - reguleringsplan for Runde Panorama
Oppstart

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn
Det er varsla om oppstart av planarbeid på Runde for å legge til rette for oppføring av 9 hytter med tilhøyrande anlegg. Området er om lag 19,4 og ligg som areal for framtidige fritidsbustader med reguleringsplikt i gjeldande kommuneplan.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Natur- og miljøvern (naturmangfald, landskap, friluftsliv, grønstruktur)
Området ligg på veg frå Rundebrua til Goksøyra og er godt synleg og eksponert frå vegen utover til Goksøyra og Rundebranden. Området er nokså kupert og er eit spanande topografisk område med dramatisk natur i nærleiken. Vi legg til grunn at ein tar vare på området sin karakter og unngår å sprenge fjell, og også at ein plasserer hyttene slik at dei ikkje ruvar i terrenget. Det same gjeld for infrastrukturen. Det er heilt avgjerande at ein byggjer ut på naturen sine premissar slik at tiltaket tilpasser seg naturen og ikkje omvendt. Materialvalg og belysning er sjølvsagt også vesentleg for at tiltaket tilpassar seg omgjevnadene.

Strandsone
Det er skissert at ein legg opp til felles badeplass og bålplass nede ved havet. Planområdet går ikkje heilt ned til sjøen, og inngrep ved sjøen kan såleis ikkje omfattast av denne planen.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing
Fylkesmannen ser at *Sporstøl Arkitekter AS* har utført ein risiko- og sårbarheitsvurdering for planområdet, jf. pbl. § 4-3, Fylkesmannen har nokre innvendingar til denne.

Sør for Christineborg gjestehus går ei kraftline gjennom planområde. Kraftlina må sikrast med tilstrekkeleg omsynssone som inkluderer heile området som er omfatta av magnetfelt over 0,4 mikrotesla.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i plankartet som omsynssone, jf. pbl. § 12-6. Til omsynssonene skal det knytast føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik.

Konklusjon
Vi viser til våre merknader og ber om at desse takast inn i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar
Samfunnstryggleik: Martha Helle Dybo, tlf. 71 25 85 91

Kopi

HERØY KOMMUNE	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE

Fra:	Stine Sporstøl
Til:	Bjørnar Sporstøl
Emne:	VS: NVE sitt generelle innspel - Varsel om oppstart - Detaljregulering for Runde Panorama - GBnr 9/80 og 128 - Herøy kommune
Dato:	mandag 24. september 2018 14:55:12
Vedlegg:	image001.png image002.png

Med vennlig hilsen

Stine Sporstøl
Kontormedarbeider
Interiørarkitekt MIAF
stine@sporstol.no Tel: 451 98 707

SPORSTÖL
Sporstøl Arkitekter AS
Tlf: 70 01 85 50
www.sporstol.no

Før du skriver ut,
tenk på miljøet

Fra: Sande Ole-Jakob <ojs@nve.no>
Sendt: mandag 24. september 2018 14:44
Til: Stine Sporstøl <stine@sporstol.no>
Kopi: Herøy kommune (Møre og Romsdal <postmottak@heroy.kommune.no>
Emne: NVE sitt generelle innspel - Varsel om oppstart - Detaljregulering for Runde Panorama - GBnr 9/80 og 128 - Herøy kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 28.08.2018.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL). Forslagsstillar har ansvaret for at desse interessene vurdert i planarbeidet.

Flaum, erosjon og skred

God arealplanlegging er det viktigaste virkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred. Plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK17) set tydelige krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte være trong for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast.

Vassdrag- og grunnvasstiltak

Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesse, kan utløyse konsesjonsplikt etter Vassressurslova (VRL). Viss det er trong for at NVE skal gjere vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen, ber vi om at dette kjem klart fram i oversendingsbrevet. NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.

Energianlegg

Eit vel fungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle

energiselskap involverast tidleg

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- NVE sine karttenester viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- NVE si sjekkliste for reguleringsplan kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn.

NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlige regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta. Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til rv@nve.no.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplaner der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen». Vi ber difor om at det vert skrive tydeleg i oversendingsbrevet til NVE kva ein ønskjer bistand til i den enkelte saka.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør
Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga
Seksjon: Region vest
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Telefon: 22 95 95 45/90 88 78 30
E-post: ojs@nve.no
Web: www.nve.no

NVE

KYSTVERKET
Midt-Norge

SPORSTØL ARKITEKTER AS
Postboks 301
6067 ULSTEINVIK

Deres ref.:	Vår ref.:	Arkiv nr.:	Saksbehandler:	Dato:
	2018/2905-2	413.2	Oddbjørn Sæther	11.10.2018

Uttalelse - Oppstartvarsel privat detaljregulering for Runde Panorama - Herøy kommune - Møre og Romsadla fylke

Viser til oppstartvarsel 11.10.2018

Saka gjelder regulering av hytter med panoramautsikt på nordøstre del av Runde, sørvest for fyrlykta ytterst på Langeneset.

Hovedformålet er hytter plasser høyt i terrenget med panoramautsikt så langt vi kan se av vedlagte skisser.

Kystverket har i utgangspunktet ikke innvendinger til hytteplasseringene, men er usikker på om de store glassflatene på hyttene mot nordøst kan få betydning for synbarheten av den nord/nordøstretta hvitsektoren fra fyrlykta på Langeneset. Denne er ganske brei og dekker sjøområdet fra nordsiden av Grasøyane i sør til Vallabåane i nord.

Vi ber om at dette vurderes i planen og anbefaler visualisering av situasjonen, sett fra en høy og lav båt i de mest kritiske retningene i sektoren, og med ulik avstand fra fyrlykta. Dette for eventuelt å kunne optimalisere plassering av vindusflater hvis det viser seg nødvendig.

Det bør være tilstrekkelig å vurdere dette i den sørligste del av sektoren som vil få hyttene høyere, men rett bak fyrlykta.

I planbestemmelsene bør det uansett tas inn at lyssetting i planområdet skal utføres slik at den, enkeltvis eller samlet, ikke hindrer eller blir til fare for synbarheten til sektorbelysningen fra fyrlykta på Langeneset.

Forøvrig at skarpe lyskilder og punktbelysning i størst mulig rettes ned mot terrenget og bort fra sjøen der slik skal benyttes.

Se kartskisse under.

Med hilsen

Harald Tronstad
regiondirektør

Oddbjørn Sæther
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og uten signaturer

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett: E-post:	www.kystverket.no post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson


Litlesøyla
Skjerøya
Olavsbåden
Teklaskallen
Tekleskjæret
Trehørmane
Tupsen
Djupeflueteinen

SØKNAD OM OPPSTART AV ARBEID MED PRIVAT DETALJREGULERINGSPLAN

OG

FØREHANDSUTFYLT INFORMASJON TIL OPPSTARTSMØTE

Etter plan- og bygningslov av 2008, med tilhøyrande forskrifter, sist tredd i kraft 01.01.2018, er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privat detaljreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at plankonsulent har levert tilstrekkeleg informasjon i tråd med krava i dette skrivet.

Dette skjemaet skal fyllast ut etter krava i *forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven.*
Søknad om oppstart med førehandsutfylt referat skal sendast til kommunen seinast samtidig med førespurnad om oppstartsmøte. Oppstartsmøte skal gjennomførast innan rimeleg tid etter kommunen har motteke naudsynt informasjon. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet.

Søknad om oppstart av arbeid med privat detaljregulering skal i nødvendig grad omtale følgande:

a. føremålet med planen
b. planområdet og om planarbeidet vil få verknadar utanfor planområdet
c. planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak
d. utbyggingsvolum og byggehøgder
e. funksjonell og miljømessig kvalitet
f. tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar
g. forholdet til kommuneplan, eventuell gjeldande reguleringsplanar og retningslinjer, og pågåande planarbeid
h. vesentlege interesser som vert berørt av planinitiativet
i. korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast, blant anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit
j. kva berørte offentlige organa og andre interesserte som skal varslast om planoppstart
k. prosessar for samarbeid og medverknad fra berørte fagmyndigheiter, grunneigarar, festere, naboar og andre berørte
l. vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, og korleis krava i tilfelle vil kunne bli ivareteke.

INFORMASJON TIL OPPSTARTSMØTE / REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE

Sak: Detaljreguleringsplan – Runde panorama	
Møtestad: Sporstøl arkitekter, Ulsteinvik	**Møtedato:** 18.06.2018
Deltakarar: Frå forslagsstillar: Arnulf Goksøyr (tiltakshavar) Bjørnar Sporstøl Karen-Ann Rødseth	Frå plan: Ole Magne Rotevatn Frå drift: - Frå landbruk: - Andre: Jarl Martin Møller

1. Planføresetnader

Plantype
X Detaljregulering
☐ Endring av reguleringsplan

Området er omfatta av følgjande planar (informasjon finn ein her www.sunnmorskart.no)
Kommuneplanen sin arealdel: Ja .....
Kommunedelplan.....
Reguleringsplan.....
Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....

☐ Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:
.....
☐ Planen vil erstatte delar av følgjande planar:
.....

Avgrensing av planområdet (www.sunnmorskart.no)
☒ Plankonsulent har levert forslag som del av samla søknad om planoppstart. Ev. forslag til justert avgrensing som avtalt i dette møtet må oversendast til kommunen i etterkant.

Mål for planarbeidet:
☒ Forslagsstillar har skildra mål med planarbeidet som del av søknad om planoppstart

Namn på planen:
☒Forslagsstillar sitt forslag til namn: Detaljreguleringsplan for Runde Panorama

Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.

☒ **Planforslaget er i samsvar med overordna plan.**
☐ **Planforslaget er delvis i samsvar med overordna plan.**
☐ **Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.**

Merknad:.....

Pågåande planarbeid

☒ Det pågår ikkje anna planarbeid i området

☐ Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad:.....

Planprogram
Utløyser planen krav om planprogram? (jf. § 4-1 i planlova)

Merknad: **Nei.**

Konsekvensutgreiing

Utløyser planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova)? **Nei.**

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad og framdriftsplan: .....
.....

Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak
Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova)

Merknad: **Nei.**

2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:

Kommunale vedtekter/forskrift	
- Parkeringsvedtekter	Sjå føresegna til kommuneplanen sin arealdel
- Forskrift om gebyrregulativ	For private planarbeid skal det betalast to satsar. Første betaling er handsamingsgebyr og er ein fast sum. Frist for innbetaling er innan fristen for å gje høyringsuttalar til varsel om oppstart. Andre betaling er arealgebyr og er todelt. Ein fast sum for planar opp til 5000 m². Andre del er eit beløp per påstarta 1000 m² over 5000 m². Frist for innbetaling er innan fristen for å gje høyringsuttalar til offentleg ettersyn. Sjå Herøy kommune sitt gebyrregulativ på kommunen si heimeside for oppdatert prisar.
- Krav til leikeplassar	Sjå føresegna til kommuneplanen sin arealdel

3. Viktige vurderingar – Skal omtalast i *søknad om oppstart*	
Tema:	**Tilleggsopplysningar, vurdering:**
3.1 Planfaglege vurderingar (utnyttingsgrad, krav til stigning m.m.)	Planarbeidet må syne og avgrense korleis vegane i området skal nyttast. Terreng gjer ndet vanskeleg med universell utforming
3.2. Strandsona til sjø og vassdrag	Fri ferdsel langs sjøen må ivaretakast.
3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar	Ikkje relevant.
3.4 Miljøvernfaglege vurderingar	Må inkluderast i planarbeidet.
3.5 Kulturlandskap og kulturminne	Runde er registrert som eit viktig kulturlandskap og er i kommuneplanen sin arealdel registrert med omsynsone H550. 
3.6 Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS)	Fylkesmannen sitt ROS-skjema.
3.7 Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser	Universell uforming, stigning mm.
3.8 Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafikksikkerheit, støy	Ikkje relevant.
3.9 Kommunaltekniske anlegg	Ikkje relevant.
3.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen	Ingen.
3.11 Enkel trafikkanalyse (køyrevegar og sykkelvegar), dagens situasjon.	Inkluderer tilkomstvegen frå riksvegen? Privat veg, lågaste krav til vegbreidde.
3.12 Kontroll av grenser innanfor planområdet og tilgrensande eigedomar	Herøy kommune kan ta ein kontroll av kvaliteten på grensene dersom det er ynskjeleg.
3.13 Er utnyttinga i samsvar med areal og terreng?	Ja.
Anna:	
4. Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan:	

Tema:	Vurdering:
Opplegg for samarbeid, medverknad og samfunnstryggleik?	Merknad:
Skal det lagast utgreiingar eller rapportar om andre tema?	Rapport for private planar skal utarbeidast av plankonsulent eller fagkyndige.
Kommunalt bidrag i planarbeidet?	Nei.
Behov for dialogmøte med kommunen?	Plankonsulent presenterer planarbeidet for administrasjonen ved overlevering til offentleg ettersyn
Framdriftsplan:	
5. Kommunalteknisk anlegg	
Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betyding for tiltaket.	Avløpsløysing må avklarast med Anleggs- og driftsavdelinga.
Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det kommunaltekniske anlegget	Nei.
Tiltaket utløyser krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale	Nei.

6. Kommunen sine råd og vurderingar

Er det usemje om vesentlege punkt? **Nei.**
Kva er det usemje om?

Vil kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan eller er det aktuelt å stoppe planarbeidet etter pbl. § 12-8, andre ledd? Kommunen vil tilrå oppstart med justert søknad.

Dersom det er usemje om vesentlege punkt eller administrasjonen foreslår å stoppe planarbeidet jf. § 12-8 kan foreslagsstillaren krevje saka framlagt kommunestyret jf. delegeringsreglement for Herøy kommune.

Er plankonsulent registrert med sentral godkjenning? Nei.

Er kravet til fagkyndigheit etter § 12-3 oppfylt? Ja.

Skal planforslaget leggast fram for regionalt planforum? Nei.

Skal forslaget leggjast fram for formannskapet? Ja.

Vidare saksgang:
- Plankonsulent leverer søknad om oppstart før 01.august.
- Sak om oppstart 14.08. i Formannskapet.

Anna:

7. Stadfesting

Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.

Endringar som må gjerast i planen etter offentleg ettersyn skal som hovudregel gjerast av konsulent.

Stad, dato: Ulsteinvik 18.06.2018

Representantar frå kommunen:.....

Referatet er godkjent og mottatt 26/6-2018

For forslagsstillar.....

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Fylkesmannen har samla dokument og lenkjer til bruk i arealplanlegginga her:
http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/

GisLink gjev tilgang til kart- og faginformasjon til bruk i arealplanlegginga:
http://www.gislink.no

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Namn på tiltak/plan DETALJREGULERING RUNDE PANORAMA

		Er det knytt risiko til følgjande element? *Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg.* *Grunngje NEI etter behov.*	Ja	Nei	Kommentar
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		x	Sjekka mot kartbase til NVE.
	B	Er området utsett for større fjellskred?		x	Sjekka mot kartbase til NVE.
	c	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		x	Sjekka mot kartbase til NVE.
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		x	Det er ikkje kjende tilfelle av ustabil grunn i planområder og tilgrensande område med eksistende bygg. Området er for det meste berg opp i dagen med eit tynt jordlag.
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		X	Sjekka mot kartbase til NVE. Området er for det meste berg opp i dagen med eit tynt jordlag.
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyming i kjellar osb?		x	Det er ikkje kjende tilfelle i planområder og tilgrensande område med eksistende bygg.
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		x	Området har lite vegetasjon, mykje berg opp i dag.
	H	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?		x	Området ligg ikkje i strandsone og utafor områder med stormflo. Bygg i området er ikkje lagt på toppar i terreng, men ligg i le av mindre knausar. Det er ikkje i seinare tid registrert skade på eksiseterande bygg i område.
	I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		x	Bygg i planområdet skal utformast i samsvar med TEK17
	j	Anna (Spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Omgjevnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		x	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		x	Område er småkupert men her er ikkje stup i planområde.
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare-liggande område?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Vass-forsyning	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		x	Det er planlagt tilknytt offentlig anlegg med Christineborg Gjesthus.

	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			
Kraft-forsyning		**Er det knytt risiko til følgjande element?**	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspentliner?	x		Det er høgspentlinje innanfor planområdet. Denne er merket med omsynssone i plan.
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?		x	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		x	Omfanget tilseier at dette ikkje har innverknad. Uendra.
	d	Anna (spesifiser)?			

Samferdsel		**Er det knytt risiko til følgjande element?**	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		x	Det er relativt liten trafikk i og til område.
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		x	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		x	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendelser?		x	Området er fritidsbebyggelse om vil få liten konsekvens.
	e	Anna (spesifiser)?			

Miljø/ Landbruk		**Er det knytt risiko til følgjande element?**	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?		x	
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?		x	Bygg er planlagd utbygd med godkjent avløpsanlegg (Jets-system) som vert knytt til eksisterande godkjend avløp til Chrstineborg Gjesthus. Fritidsbygga og tilhøyranda anlegg er planlagt slika t en ikkje gjer unødige store inngrep i eksisterande terreng. Sti og tilkomstveger skal følgjer terrengformasjonar og ikkje leggar til toppar i terrenget.
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		x	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?		x	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålbrenning, skipsverft, gartneri etc.?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Brann/- ulukkes- beredskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		x	Område frå same forsyning som Christineborg Gjestehus. Det er og mulig med pumpe og sjøvatn då et er langt til sjø.
	b	Har området dårlige tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		x	Det er planlagt at tilkomst il hytten kan får delvis tilkomst for utrykkningskjøretøy.
	c	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		x	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	x		Christineborg Gjestehus.
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Verksemds- risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		x	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		x	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sjekklista er gjennomgått den 13.12 - 2018 av sign: ___Bjørnar Sporstøl___

Sjekkliste klimatilpassing

1. Flaumfare

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km2):

- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga?
- Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)?
- Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)?

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda?
- Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk?
- Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder?
- Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum?
- Vil utbygginga kunne ligge i vegen for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp?

2. Skred/erosjon

a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon?

3. Avløp

a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssystema ved tidlegare hendingar med intens nedbør?

b) Har det vore problem tilbakeslag?

c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda?

d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)?

4. Havnivå/stormflo

a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstigning og stormflo» (DSB, september 2016)?

5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)

a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området?

6. Slagregn

a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn?

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2017/1531
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
47/19	Formannskapet	12.03.2019
	Kommunestyret	21.03.2019

SLUTTHANDSAMING: REGULERINGSENDRING FOR BERGSHAUGEN NORD (GBNR 28/6)

Tilråding:

Kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova §12-14, reguleringsendring for Bergshaugen Nord (gnr. 28, bnr. 6 m. fl.) med plankart og føresegner datert 28.02.2019.

Del av Områdeplan for Indre Bergsøy (plan ID 201247) som reguleringsendring for Bergshaugen Nord får konsekvensar for, vert oppheva, i medhald av plan og bygningslova §12-14.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan tre – 3 veker frå kunngjeringsdato. Klaga skal stillast Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er klageinstans og sendast Herøy kommune.

Særutskrift:

Utviklingsavdelinga

Vedlegg:

1 Føresegner 280219
2 Plankart 280219
3 Planomtale 280219
4 Samla innspel til planforslag
5 Referat frå avklaringsmøte

Samandrag av saka:

Saka omhandlar tiltakshavar Eldar Lillerovde (grunneigar av gnr. 28, bnr. 6) på Bergshaugen sitt ønskje om å omregulere eigedomen frå frittståande småhusbusettand til konsentrert busetnad og oppføring av firemannsbustadar. Tiltakshavar har nytta konsulent B. Tarberg AS i reguleringsarbeidet. Herøy kommune har gjort endringar i plandokumenta etter offentleg ettersyn. Arealet er regulert gjennom områdeplan for indre Bergsøy, plan ID 201247 (gjeldande plan). Rådmannen rår til at planen, slike den no ligg føre, vert godkjend av kommunestyret.

Saksopplysningar:
Det aktuelle området er lokalisert på Bergshaugen, i nordleg ytterkant av eksisterande bustadfelt. Området ligg nær turstiar til fjella *Tverrfjellet* og *Hornseten.* Tilkomst til Fv 654 er via Bergslibakken. Her er også relativt kort veg til skule og fritidsaktivitetar sentralt på Bergsøya.



Figur 1: Geografisk plassering av planområdet (markert i raud sirkel). Kartet viser området Bergslia, Flusund, Straumane og Nærøya.

Det har tidlegare vore søkt om oppstart av privat planarbeid med sikte på utviding av området FS11 (områdeplan for indre Bergsøy) til å omfatte LNF-formål og omdisponering av dette til bustadformål. I F-sak 14/18 gav formannskapet avslaget på søknad om oppstart. Grunneigar ønskjer i staden å sjå på moglegheitene for ei annleis utnytting av området FS11 i gjeldande områdereguleringsplan.

Reguleringsgrensene for denne endringa er sett til å omfatte FS11 i gjeldande plan, samt noko mindre areal vest for FS 11 som omfattar areal til veg og gangveg (reguleringsgrense vist med tjukk svart stipla linje i figur 2, under).



Figur 2: Omriss av planområdet er markert med tjukk, stipla svart linje. Dette omfattar i hovudsak FS 11 i gjeldande områdereguleringsplan for Indre Bergsøy, samt noko veg og gangveg vest for FS11 for å legge til rette for ny tilkomst frå sørvest.

Planforslaget vart levert Herøy kommune 20.03.2018. Det vart då levert som ein søknad om ei mindre endring etter PBL §12-14. Kommunen vurderte søknaden og konkluderte med at dette kan handsamast som ei reguleringsendring etter PBL §12-14. Planforlaget vart handsama i F-sak 103/18, der det vart gjort vedtak om å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn i minst seks veker. Det kom inn fire brev med innspel til planforslaget innanfor fristen. I tillegg vart det levert eitt brev med innspel frå tiltakshavar og konsulent etter fristen. Samtlege innspel er oppsumert og kommentert i planomtalen.

Det er vurdert til at det ikkje er naudsynt med konsekvensutgreiing for denne planen, då mykje allereie er avklart i gjeldande plan. Formålet med reguleringsendringa er å gjere arealformålet frå frittståande til konsentrert bustadområde (KS-område). Planområdet er om lag 3,8 daa stort og det vert lagt opp til etablering av totalt 12 bueiningar i dette planforslaget, eit stort felles leike- og uteopphaldsareal på 390 m², samt ei omlegging av f_V19 frå gjeldande plan (områdeplan for indre Bergsøy, plan ID 201247).

18.02.2019 vart det halde møte mellom utviklingsavdelinga, tiltakshavar og konsulent. Saksgangen vart oppsumert og konsulent presenterte idear til justeringar i planen frå offentleg ettersyn. Revidert plandokument vart sendt utviklingsavdelinga 03. mars 2019. Justeringane som er gjort er at ein har teke ut illustrasjonsplanen. Ein forheld seg dermed berre til eitt kart (plankartet) saman med føresegnene. Plankartet er revidert og det er teikna inn leikeareal i plankartet (figur 3 og 4). Talet på bueiningar er sett til maksimalt 12, i konsentrert utnytting (KS-område). Tiltakshavar ønskjer å ha meir fridom når det gjeld plassering og storleik på hus (deriblant talet på bueiningar per hus). Derfor har ein gått vekk frå illustrasjonsplanen, då denne binder plassering og volum på husa meir. I føresegnene framgår det at garasjer/carportar også skal plasserast innanfor byggegrensene i plankartet.

Arealformål:
Bustadar – konsentrerte småhus (KS16)
I området markert KS16 kan det byggjast totalt 12 bueiningar. Utnyttingsgrad (BYA) er sett til maksimalt 40%. Garasjer/carport skal førast opp innanfor byggegrensene som er angitt i plankartet.

Felles leikeplass (f_LP1)
Felles privat leikeplass med areal på 0,39 daa. Leikeplassen skal vere opparbeidd med leikeaparat og vere universelt utforma og tilgjengeleg.

Felles privat køyreveg (f_V19)
Denne er flytta sørover i forhold til plassering i gjeldande plan til det sørvestlege hjørnet av KS16 (sjå figur 3 og 4). Formålet med vegen er å gi tilkomst til bustadområdet.



Figur 3: Plankart til planforslaget, lagt på gjeldande plankart (NB! Reguleringsgrense er ikkje vist).



Figur 4: Illustrasjonsplan for reguleringsendringa som viser mellom anna plassering av bygg, parkering, leike- og uteopphaldsareal og ny tilkomst.

Vurdering:

Planmaterialet som no ligg føre er etter rådmannen si vurdering godt gjennomarbeidd og i tråd med kommunale og nasjonale krav. Planen er i strid med gjeldande områdereguleringsplan på det som omhandlar frittståande og konsentrert busetnad. Likevel vil rådmannen tilrå reguleringsendringa med bakgrunn i kommuneplanen sin arealdel der det vert framheva at det bør byggjast fortetta i sentrumsnære område, som til dømes på Bergsøya. Signala frå formannskapet i F-sak 103/18, samt merknadane frå bebuarane i nærområdet gjer at rådmannen rår til å redusere talet på bueiningar, frå 16 til 12 bueiningar. Merknadane frå bebuarane i nærområdet, samt merknadar frå regionale mynde er oppsumert og kommentert i planomtalen (vedlagt). Det same er gjort med eit følgjebrev frå tiltakshavar og konsulent datert 22.10.2018). Tiltakshavar/konsulent har etter møte med utviklingsavdelinga 18.02.2019 lagt fram eit justert planforslag for slutthandsaming. For ytterlegare vurderingar kring endringane i planen syner vi til planomtalen og føresegner datert 28.02.2019 (vedlagt).

Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12
§7 prinsipp for offentleg beslutningstaking i §§ 8 til 12
«Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eigedom. Vurderingene etter første punktum skal fremgå av beslutningen».
§8 Kunnskapsgrunnlaget
Ved ein gjennomgang av database for naturmangfald ser ein at utbygging i området ikkje vil vere i konflikt med naturtypar som er nasjonalt eller regionalt viktige områder.

§9, Føre-var-prinsippet

Ikkje relevant då det ikkje er kartlagt naturtypar av nasjonalt eller regionalt viktige områder.

Med bakgrunn i vurderingane som er gjort i §§ 8 og 9 kjem ikkje §§ 10 til 12 som gjeld *Økosystemtilnærming og samlet belastning, kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad*, *miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar* til bruk i denne saka.

Barn og unge
Forholdet til barn og unge er vurdert og planforslaget vil styrke barn og unge sine interesser ved at planen sett krav til opparbeiding av nytt felles leike- og uteopphaldsareal. Som vist i illustrasjonsplanen regulerer ein her for eit felles tun med leik og uteopphald som samlar bebuarane i sentrum av det nye bustadområdet. Parkeringa er plassert i ytterkant av planområdet, noko som skjermar leikearealet for motorisert trafikk. Tunet er sørvendt og vil vere skjerma mot trafikk, samt vere opent og oversiktleg for bebuarane.

Konklusjon:

Rådmannen rår Kommunestyret til å, i medhald av plan- og bygningslova §12-14, godkjenne reguleringsendring for Bergshaugen Nord (gnr. 28, bnr. 6 m. fl.) med plankart og føresegner datert 28.02.2019.

Fosnavåg, 04.03.2019

Olaus-Jon Kopperstad	Ole Magne Rotevatn
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

Reguleringsføresegner – reguleringsendring av områdereguleringsplan for indre Bergsøy

Reguleringsendring for Bergshaugen Nord, gnr. 28, bnr. 6 m. fl.

§ 1 – Avgrensing av planområdet
Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Eigedomar dette gjeld er delar av gnr. 26, bnr. 6 og delar av gnr. 30, bnr. 105. Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - Andre bestemmelsar
Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner. Desse føresegner er juridisk bindande saman med plankartet datert 28.02.2019.

§ 3 - Privatrettslege avtalar
Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFORMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar plan- og bygningslova til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12 – 5, nr.1)
- Bustader - konsentrerte småhus (KS16)
- Leikeplass (LP1)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12 – 5, nr. 2)
- Køyreveg (V)
- Gang- og sykkelveg (GS)
- Annan veggrunn – tekniske anlegg
- Annan veggrunn – grøntareal

§ 5 – FELLESFØRESEGNER
a. Reguleringsendringa fastset hovudstrukturen for utbyggingsmønsteret. I tillegg til dei viste vegane kan mindre korte tilkomstvegar takast inn i planen som følgje av situasjonsplan i byggesak.

b. Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillatt bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.

c. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.

d. Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.

e. Innafor byggeområdet kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar, der nødvendig. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området. Det skal plasserast brannkum innanfor planområdet. Plassering av denne skal synast i situasjonsplan.

f. For område som er utsett for støy ut over grenseverdiane for ny bustadbygging, jf rettleiar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere støysituasjonen i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindu til ei side der støynivået er Lden=55 dB eller mindre. Private uteareal (MUA) skal leggjast på leside av støykjelda. Viser elles til desse føresegnene sine § 15 vedkomande rekkjefølgje.

§ 6 – SITUASJONSPLAN, PBL § 12-3

Ved byggesøknad for KS- området skal det utarbeidast ein samla situasjonsplan. Situasjonsplan skal godkjennast av kommunen før utbygging kan skje, jf. også rekkjefølgjekrava i desse føresegnene sin § 10. Planane skal utarbeidast i henhald til Miljøverndepartementets retningsliner og skal fastlegge arealbruk, bygge- og fellesområde og høgder. Som prinsipp for utbygging av konsentrerte småhusområde skal livsløpsstandard/universell utforming leggast til grunn. Universell utforming skal også leggast til grunn for utforming leikeplassar, jf. TEK.

§ 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr.1)

1. Generelt

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.

Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav.

På situasjonsplan skal plassering av overbygd parkering (garasje og/eller carport (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.
Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):
• KS - område: minimum BYA 25 % og maksimum BYA 40 %.

Dersom garasje og/eller carport ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m^2 pr. bilplass.

Som minste opphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan KS-området skal det setjast av min. 15 m^2 eigna areal for leik per bueining. Arealet skal gå fram av situasjonsplan. Innan KS-område skal areal til MUA samlast i område med minimum netto leikeareal på 60 m^2.

2. Bustader – konsentrerte småhus
a. I område KS16 kan det byggjast totalt (12) bueiningar der plassering av desse skal skje innanfor byggegrensen som vist på plankartet. Plassering utover dette skal avklarast i byggjesak. KS16 skal planleggjast under eitt, men kan byggjast ut i trinn. Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.

b. I område KS16 skal bustadhus ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m.

I område KS16 skal garasjar/ carportar ikkje ha større gesimshøgd enn 3 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m. Plassering av garasjar/ carport skal synast i situasjonsplan i byggesak. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

c. Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggande bustadhus takast omsyn til. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

3. Leikeplass
Området merka LP1 er felles for tilgrensande tomter innanfor området. Leikeplassen skal ved utbygging setjast i ein slik stand at dei er eigna for leik og opphald. Leikearealet skal utførast som rekreasjons- og leikeområde. Prinsippa om universell utforming skal så langt råd, leggjast til grunn slik at leikeplassen heilt eller delvis kan nyttast av alle.

Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Leikeplassen skal opparbeidast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande forskrift om leikeplassutstyr.
Leikeplassen skal ha areal og utstyr nok til varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og moglegheit for læring og meistring.

Nærleikeplass (felles) skal etablerast jf. plasseringa i planen (plankart), der minst 250m2 av arealet skal settast av til leik. Leikeplassen skal opparbeidast og møblerast med minst tre leikeaparat, benk og noko fast dekke. På nærleikeplassen skal leik for barn i alderen 1-7 år prioriterast.

§ 8 Uteareal tilhøyrande byggjeareal
a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.

b. Ein skal i størst mogleg grad søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen krevje at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

c. Evt. utelagring kan berre tillatast dersom funksjonane vert skjerma av vegetasjon, gjerde eller overdekkande bygning. Dette må vurderast i kvar enkelt sak og ut i frå funksjon og omfang. Skjermingstiltak skal godkjennast av kommunen.

d. Opphaldsareal ute skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget.

e. Ved evt. trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon e. l. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.

f. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen. Det skal vere plassert brannkum med god tilkomst for utrykkingskøyretøy.

g. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

h. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsle gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisiktlinjer.

§ 9 - SAMF.ANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2)
I offentlege trafikkområde skal det byggjast:
- køyreveg med tilhøyrande areal
- gang-/sykkelveg med tilhøyrande areal
- annan veggrunn - tekniske anlegg
- annan veggrunn - grøntareal

Følgjande vegar er vist som felles vegar (f_V): V19.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. kap. 16. Vist skråningsutslag på plankartet kan endrast som følgje av nærare detaljprosjektering. I vegareal og gangvegareal kan det leggjast VA-leidningar, EL-, tele- og fiberkablar.

§ 10 – REKKJEFØLGJEKRAV (PBL. § 12-7, nr. 10)
a. Det vert vist til føresegnene § 7 vedrørande område med krav om situajonsplan. Før frådeling og utbygging kan finne stad innan dei nemnde områda skal kommunen ha godkjent situasjonsplan for området.

b. Felles nærleikeplass skal vere ferdig opparbeidd og møblert jf. § 7.2 i desse føresegnene før bruksløyve for første bueining vert gjeve.

28.02.2019

N

KS16
3.38 daa
%-BYA=40%

f_LP1
Leik 0.39 daa

5.0

R=10.0

f_V19

Bergshaugen

Bergshbakken

Eldar Lillerovde
Detaljregulering Bergshaugen nord 28/6

Dato	Konstr./tegnet	Godkjent	Målestokk	
14.03.2018	Azt	Azt	1:500	Eldar Lillerovde

0 5m 10m 15m 20m

Plankart ME
Mindre endring PBL § 12-14
Revidert 28.02.2019

Erstatning for:	Erstattet av:
	902

Henvisning:	Beregning:	
		B. Tarberg AS

PLANOMTALE REGULERINGSENDRING BERGSHAUGEN NORD (GNR. 28, BNR. 6 M. FL).

«Områdereguleringsplan for indre Bergsøy (plan ID 201247 - reguleringsendring av føresegner og plankart knytt til område FS11 og f_V19 – plan- og bygningsloven (PBL) § 12-14»

REGULERINGSENDRING AV OMRÅDEREGULERINGSPLAN PBL § 12-14

Planarbeid, planprosess og vurdering i høve konsekvensutgreiing (KU)

Det har tidlegare vore søkt om oppstart av privat planarbeid med sikte på utviding av området FS11 til å omfatte LNF-formål og omdisponering av dette til bustadformål. I F-sak 14/18 gav formannskapet avslaget på søknad om oppstart.

Grunneigar ynskjer i staden å sjå på moglegheitene for ei anna utnytting av området FS11 i gjeldande områdereguleringsplan. I tillegg til dette ynskjer grunneigar avklaringar på ein del spørsmål som vedkjem infrastruktur, grunnerverv og offentlege interesser i området.

Den omsøkte endringa (konsentrert utnytting) er ikkje i samsvar med formål som allereie eksisterer i dagens områdereguleringsplan (frittståande bebyggelse). Planendringa vil gjerast innanfor rammene til avsett byggeområde i gjeldande reguleringsplan. Endringa vil ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn og, ein vurderer det derfor til å ikkje vere krav om konsekvensutgreiing.

Planområdet, avgrensing og verknader utover planen
Endringa vil omfatte ei tekstendring av reguleringsføresegnene til gjeldande plan og ei endring av formål i plankart og føresegner frå frittliggande bustadformål til konsentrert bustadformål. Planområdet omfattar eigedomane gnr/bnr 28/6 (Lillerovde) og 30/105 (Storøy).

Planområdet er om lag 3.8 daa stort. Det er foreslått at det nye området blir KS-område (KS16). Endringa vil ikkje få særskilte verknader utover planen etter det vi er kjende med. Det er ingen vesentlege interesser som vert berørt av planinitiativet slik Som vi ser det.



Figur 1: Gjeldande plansituasjon (områdeplan for indre Bergsøy, plan ID 201247).

Figur 2: Flyfoto av eigedomar som inngår i planområdet

Bakgrunn

Forslagstiller har vore i kontakt med Utviklingsavdelinga i Herøy kommune v/sakshandsamar Ole Magne Rotevatn, der det tidlegare har vore drøfta å søkje om ei mindre endring av gjeldande reguleringsplan etter PBL § 12-14.

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 13.12.2017 (sjølv om det ikkje er krav til dette etter PBL 12-14 for mindre endringar) og seinare førehandskonferanse i 2018. I desse møta blei det drøfta ei rekkje planfaglege problemstillingar, samt stilt eit par spørsmål rundt infrastruktur i området. Kommunen har uttrykt i møta at dei er positive til planane under visse føresetnader. Planforslaget vart handsama i F-sak 103/18, 29.05.2018. Planforslaget la til rette for etablering av fire firemannsbustader, parkering med carport/garasje samt leike- og uteopphaldsareal (figur 3).



Figur 3: Illustrasjonsplan frå planforslaget som låg til offentleg ettersyn sommaren 2018. Ein har gått bort frå dette forslaget, og redusert talet på bustadhus. Illustrasjonsplanen er teken ut, samstundes som at det går fram av føresegnene at maksimalt tal på bueiningar er 12 einingar (byggegrenser og BYA m.v. er skildra i føresegner og plankart).

Ved offentleg ettersyn av planforslaget kom det inn merknader frå naboar og bebuarar i nærområdet. Naboane meiner planforslaget legg opp til ei for høg utnytting av arealet, og ønskjer at det skal førast opp einmannsbustadar etter gjeldande plan.

Kommunen har omarbeidd planen etter offentleg ettersyn, og redusert talet på firemannsbustader til tre stk. Parkering (deriblant garasje/carport) er flytta lenger frå eigedomsgrensa til naboane og skaper dermed meir avstand mellom naboar og nye bygg. Det reviderte planforslaget reduserer samstundes noko av biltrafikken til området.



Figur 4: 3D illustrasjon (dagens situasjon) frå sørvest.

Figur 5: 3D illustrasjon (dagens situasjon) frå søraust.

Merknader ved offentleg ettersyn

Innspel	Kommentar
Kommunen skal også sjå til at nybygg har arkitektoniske kvalitetar som speglar si eiga tid. Bygg og uteområde skal opparbeidast med god estetisk standard. Nye bygg skal ha ei bevisst utforming i forhold til omkringliggande bygningar. Utforminga skal vere moderne og avdempa i forhold til fargebruk og materialval. Det må ikkje nyttast utvendig kledning, faste

bygningselement eller taktekking som i material- og/eller fargebruk verkar dominerande (t.d. signalfargar) eller skjemmande for omgjevnaden.

2.2 Byggjegrenser
Byggjegrenser mot offentlege vegar er vist på plankartet. For BF- og BK-områda er det dessutan vist byggjegrenser mot øvrige tomtegrenser der desse ligg nærare enn 100 meter frå strandlina. For BB-områda er tilsvarande byggjegrenser identisk med formålsgrensa for områda.
Der byggjegrenser ikkje er vist, gjeld reglane i plan- og bygningslova § 29 om avstand frå veg, annan bygning og eigedomsgrense.

2.3 Utnyttingsgrad
Utnyttingsgraden er ført på plankartet. Tillate tomteutnytting vert oppgjeve som utbygd areal i prosent av tomtearealet, BYA. Utbygd areal er definert i NS 3940. Maks. BYA er påført byggjeområda på plankartet.

2.4 Gesimshøgder
Gesimshøgde skal målast som definert i Teknisk forskrift til plan- og bygningslova. Tillatne gesimshøgder er oppgjevne under dei enkelte byggjeområda i føresegnene.

2.5 Krav til uteopphaldsareal for husvære
For alle frittliggande bustader skal det i tilknyting til husværet vere minst 50 m² uteopphaldsareal som er eigna til rekreasjon, leik og opphald. For konsentrerte bustader skal det tilsvarande vere minst 25 m2 uteopphaldsareal i nær tilknyting til husværet.
Som uteopphaldsareal kan reknast dei deler av tomta som ikkje er bebygd eller avsett til køyring og parkering, og er eigna til formålet. Plassen bør ha solinnfall. Arealet bør primært vere på bakken, men areal på terrasse/balkong kan også godtakast. Uteopphaldsarealet kan vere felles eller privat.

2.6 Avfallshandtering
Området skal haldast ryddig. Bygningar innanfor BB skal ha eigne rom for oppbevaring av avfallscontainerar. Utelagring er ikkje tillate. Kommunen kan om naudsynt pålegge leigar av området å rydde. Dersom slike pålegg ikkje vert etterkome kan kommunen utføre opprydding for eigaren si rekning.

2.7 Landskap og vegetasjon
Ein skal i størst mogleg grad prøve å ta vare på eksisterande verdifull vegetasjon ved planlegging av bustadane. Viktige terrengformer og kulturminne som for eksempel steingjerde og liknande, bør så langt som mogleg bevarast og innpassast i utomhusanlegga. I spesielle situasjonar kan også landskapstilpassing av bygningar vere eit overordna mål.

2.8 Leikeplassar
Areal brattare enn 1:3 skal ikkje reknast inn som del av leik- og opphaldsareal. Arealet skal skjermast mot trafikkstøy over 55 dBA.

2.9 Parkering
Kvar utbyggar skal på eigen grunn opparbeide parkeringsplassar i samsvar med kommunen sine parkeringsvedtekter. Med eigen grunn meiner ein og dokumentert del av fellesareal. Alle parkeringsplassar skal vere opparbeidde innan det tilsvarande byggjearealet vert teke i bruk. Parkeringsplassar skal reknast med i % BYA.
For området avsett til blokkbebyggelse kan parkeringsplassar skje i nedgravd eller delvis nedgravd parkeringskjellar.

2.10 Krav til infrastruktur før utbygging

Ny busetnad i bustadområda kan ikkje førast opp før tilkomstvegar til dei enkelte eigedomane er opparbeidd i høve til planane. Bustadbygging kan likevel skje ved bruk av regulerte vegtrasèar med anleggsvegstandard. Tilkomstvegane skal byggjast ut etter detaljplanar godkjend av kommunen.

2.11 Universell utforming
Planlegging av bygg, uteområde og leikeplassar skal basere seg på prinsippet om universell utforming/tilgjenge for alle.

2.12 Skjering og fylling
Skjering og fylling frå vegane kan komme inn på andre regulerte formål.

2.13 Unntak
Mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene kan, når særlege grunnar talar for det, tillatast av kommunen innanfor ramma av plan- og bygningslova og bygningsvedtektene i kommunen

§3 BEBYGGELSE OG ANLEGG

3.1 Frittliggjande småhus - BF
Maksimal utnyttingsgrad for områda BF1, BF2, BF6, BF7 og BF8 er sett til BYA=40%.

Bustadane skal plasserast med ferdig gulv på kote +3 over NN2000. Alle bygningsdelar som ligg lavare enn cote 2,7 må tole sjøvatn og stormflo / bølgepådriv.

Innanfor område frittliggjande småhus kan det byggast inntil to (2) bueiningar pr tomt.
Det vert tillate å bygge bustadhus med utleigeleilegheit.

Møneretning skal som hovudregel følgje terrengkotene.
Bygga skal ha byggjestil tilpassa det omkringliggande bustadmiljøet, og ha fasadekledning i trepanel eller mur.

Bygningar kan ha delvis nedgraven sokkeletasje der terrenget er tilpassa denne løysinga, ein hovudetasje og ein loftetasje.

Maksimal gesimshøgd er sett til 6 m og maksimal mønehøgd til 8 m. Bygningane kan ha saltak, pulttak eller tilnærma flatt tak. Det er høve til å innreie utleigehusvære i bustaden. For eksisterande bygningar gjeld dette tilsvarande ved gjenoppbygging, endringar og tilbygg.

Kvar utbyggjar skal på eigen grunn legge til rette for 2 biloppstillings-plassar for kvar einebustad. For evt. hyblar/utleigehusvære er parkeringskravet 1 plass pr. bueining. Alle parkeringsplassar skal vere opparbeidde innan det tilsvarande byggjearealet vert teke i bruk.

3.2 Blokkbebyggelse - BB
Områda merka **BB1** på plankartet er sett av til bustadblokker.
For bustadblokker er maksimal utnyttingsgrad sett til BYA=60%. Det kan førast opp bygg i inntil 3 etasjar over kote +2,7. Maksimal gesims- og mønehøgd er sett til kote +13,5.

Plassering av bygg på kartet er retningsgivande, og ved utbygging av tomtene må ein legge vekt på å finne ei så god løysing som mogleg i forhold til terrengforhold og utsikt for naboar.

Bygningane skal ha eit moderne formspråk og ein materialbruk etter si tid og stå fram som bygg med høg arkitektonisk kvalitet. Uteområda skal ha høg materialstandard.

Utbyggjar skal på eigen grunn legge til rette for biloppstillingsplassar i samsvar med dei kommunale parkeringsvedtektene. Kvar bueining skal ha minimum 1 parkeringsplass som sin faste garasjeplass. Alle parkeringsplassar skal vere opparbeidde innan det tilsvarande byggjearealet vert teke i bruk. Parkeringsplassar kan plasserast i nedgravd eller delvis nedgravd parkeringskjellar. Parkeringsdekning skal dokumenterast i samband med byggesøknad.

3.3 Leikeareal for born
Leik 1 er felles for bustader innanfor bustadblokkene (BB1), BF1, BF2, BF6, BF7 og BF8 Leikeplassen skal ved utbygging setjast i slik stand at den er eigna for leik og opphald. Prinsippa om universell utforming bør så langt råd er leggjast til grunn slik at leikeplassen heilt eller delvis kan nyttast av alle. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast og leikeplassen skal opparbeidast i samsvar med den til den kvar tid gjeldande forskrift om leikeplassutstyr. Leikeplassen skal ha areal og utstyr nok til varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og moglegheit for læring og meistring. Leikeplassen skal minimum opparbeidast med sandkasse, benk og eitt leikeapparat. Der leikeplassen grensar til trafikkareal skal det setjast opp gjerde.

Tilkomst og opparbeiding skal tilfredsstille prinsippa om universell utforming.

Leikeplassen skal vere ferdig opparbeidd innan første bustad/bueining kan takast i bruk.
Vi har motsegn til planen inntil dette er innarbeid i føresegnene.

§ 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1 Køyreveg
Areala er sett av til felles privat køyreveg. Standard er påført plankartet. Areala skal ha asfaltdekke eller tilsvarande.

f_veg 2 er felles privat tilkomstveg til BF2, BF3, BF6, BF7 og BF8. Vegbreidde 4,0 m.

Vegskulder skal vere 0,25 m og det skal reknast med breiddeutviding i kurvene. Det er høve til å legge rør og kablar i vegbana.

4.2 Kai
Område merka **f_Kai** er offentleg område for tilkomst langs sjøen og til småbåthamna. Området skal opparbeidast i høg materialstandard og avgrensast mot BF1 med beplanting, gjerde eller murar. Det skal vere ope for gjennomgang i området.

§ 5 GRØNTSTRUKTUR

5.1 Grøntstruktur
f_GR1-GR2 er sti som skal vere open for ålment ferdsel til friområdet i aust og tilkomst til f_kai i vest.

F_GR1 og f_GR2 skal opparbeidast/grusast samtidig med utbygging av området.

§ 6 REKKEFØLGJEKRAV

6.1 Rekkjefølgjekrav Nærøykrysset
Før utbygging av bustadfeltet skal mellombels utbetringsløysing i Nærøykrysset vere etablert. Det inneber at det ikkje kan gjevast ferdigattest eller bruksløyve etter § 21-10 i plan-

og bygningslova til bygningar (bustadhus/husvære) innanfor byggeområda (BF og BB) før mellombelse utbetringstiltak i Nærøykrysset er etablert med T-kryss, samanhengande fortau fram til busslomme og tilrettelagt kryssing av fylkesvegen.

6.1. Rekkjefølgjekrav leikeplass
Felles nærleikeplass skal opparbeidast og ferdigstillast før det vert gjeve mellombels bruksløyve og ferdigattest. Leikeareal innanfor byggjeareala (MUA) skal opparbeidast samtidig med bustadhusa.

Reguleringsføresegnene er sist revidert 21.02.2019.

Reguleringsføresegnene er vedtekne DATO av Herøy kommunestyre i møte den DATO (K-sak 00/14).

Fosnavåg, den 00.00.2019

Arnulf Goksøyr
Ordførar

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ELDHAN	Arkivsaknr:	2018/589
		Arkiv:	Q52

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
49/19	Formannskapet	12.03.2019
	Kommunestyret	21.03.2019

ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 50017 - HURTIGLADAR FOR ELBIL I FOSNAVÅG PARKERINGSHUS

Tilråding:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på 268.575,- kr.
2. Det vert gjort slik budsjettendring:
   Til: konto 02300, ansvar 5011, funksjon 301, prosjekt 50017 - kr. 268.575,-
   Frå: konto 02300, ansvar 5011, funksjon 301, prosjekt 70008 (byutvikling) - kr. 268.575,-

Særutskrift:
- Økonomi, her

Samandrag av saka:
Prosjektet er ferdigstilt, denne saka gjeld økonomisk avslutning.

Saksopplysningar:
Det vart gjort politisk vedtak om å etablere hurtigladar for elbil i eigen (kommunal) seksjon i Fosnavåg parkeringshus, med følgjande finansieringsplan:

Finansiering (tal er ex mva):

Byutviklingsmidlar	220.000,-
+ Tilskot frå Enova	200.000,-
= Samla finansiering	420.000,-

Grunna utfordringar med lang leveringstid på hurtigladaren, så kom ikkje arbeidet med montering av denne i gang før november/desember 2018. Den 22.1.2019 vart hurtigladaren sett i drift.

Rekneskap (tal ex mva):

Samla forbruk	436.575,-
- Tilskot frå Enova	168.000,-
= Samla kostnad	268.575,-

Dette resulterte i eit meirforbruk på 48.575,- kr i høve bruk av byutviklingsmidlar.

Bakgrunnen for meirforbruket skyldast følgjande:

1. Stønadsbeløpet frå Enova vart redusert frå 200.000,- kr til 168.000,- kr, grunna revidert søknad i og med at lokasjonen for ladaren vart flytta frå sentrum til parkeringshuset. Beløpet er innbetalt og bokført.
2. Interne føringar til kommunal prosjektleiar, 16.575,- kr, var ikkje med i kostnadsoppsettet i saka om etablering av hurtigladar for elbil.

Vurdering og konklusjon:
Arbeidet er utført, og ein har eit meirforbruk i høve bruk av byutviklingsmidlar. Prosjektet kan avsluttast og rådmannen tilrår at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre ovanfor.

Fosnavåg, 07.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Fred Arnesen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eldar Hansen

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ELDHAN	Arkivsaknr:	2017/259
		Arkiv:	N64

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
50/19	Formannskapet	12.03.2019
	Kommunestyret	21.03.2019

ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 18001 - TELENOR BASESTASJON PÅ RUNDE

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit samla forbruk på 902.767,- kr.
2. Mindreforbruk på 97.233,- kr vert tilbakeført til unytta lånemidlar.

Særutskrift:
- Økonomi, her

Samandrag av saka:
Prosjektet er ferdigstilt, denne saka gjeld økonomisk avslutning.

Saksopplysningar:
I august 2017 signerte Herøy kommune ein intensjonsavtale med Telenor Norge AS, og arbeidet starta opp året etter, med bakgrunn i at det vart sett av midlar på budsjettet for 2018.

Arbeidet som kommunen skulle stå for (grunn, hytte, mobilmast og infrastruktur for straum) var ferdig før sommaren 2018. Grunna utfordringar Telenor hadde med å få på plass infrastrukturen for fiber, kom ikkje basestasjonen i drift før desember 2018. Den 18.12.2018 var det opningsmarkering på Runde.

Finansiering (tal er ex mva):

Løyving 2018	1.000.000,-

Rekneskap (tal ex mva):

Samla forbruk	902.767,-

DETTE RESULTERTE I EIT MINDREFORBRUK PÅ 97.233,- KR.

Vurdering og konklusjon:
Arbeidet er utført, og ein har eit mindreforbruk i høve til budsjettet. Prosjektet kan avsluttast og rådmann tilrår at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre ovanfor.

Konsekvensar for folkehelse:
Positiv verknad. Mangelfull mobildekning kan i verste fall utgjere fare for liv og helse.

Konsekvensar for beredskap:
Positiv verknad. Mobildekning på Runde har betra forholda i høve beredskap.

Konsekvensar for drift:
Negativ verknad, då tiltaket fører til auka kostnadar på drift i form av straumutgifter.

Fosnavåg, 05.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Fred Arnesen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eldar Hansen

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/448
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
51/19	Formannskapet	12.03.2019
	Kommunestyret	21.03.2019

GRUNNKJØP STOKKSUND BUSTADFELT

Tilråding:

Kommunestyret godkjenner tilbodet frå Opplysningsvesenets fond (OVF) om å kjøpe heile området som vist på kartutsnittet for ein samla sum kr 4.100.000 for å legge til rette for utbygging av Stokksund bustadfelt i samsvar med budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022. I tillegg kjem dokumentavgift og tinglysingsgebyr.

Grunnkjøpet vert finansiert av løyvinga til strategisk grunnkjøp, prosjekt 50153.

Særutskrift:

- **Opplysningsvesenets fond** Rådhusgata 1-3, Postboks 535 Sentrum, 0105 Oslo v/Mads Jansen

Vedlegg
1 Reguleringsplan Stokksund bustadfelt

Samandrag av saka:
Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner tilbodet frå Opplysningsvesenets fond (OVF) om å kjøpe heile området som vist på kartutsnittet for ein samla sum kr 4.100.000 for å legge til rette for utbygging av Stokksund bustadfelt i samsvar med budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022. I tillegg kjem dokumentavgift og tinglysingsgebyr.

Rådmannen rår vidare til at grunnkjøpet vert finansiert av løyvinga til strategisk grunnkjøp.

Saksopplysningar:
Kommunestyret vedtok i møte 22.06.2016, K-sak 109/16, Detaljreguleringsplan for Stokksund B33 med tilhøyrande reguleringsføresegner. Melding om vedtak vart sendt til offentlege høyringsinstansar, grunneigarar og naboar.

Innan klagefristen vart det sett fram ei klage datert 22.07.2016 frå Curt Åge og Åse Karin S. Hauge, Preben og Janne Hestad, Johan Ole og Hege Abeltun, Kristoffer og Guro Aksnes, Rolf Arne Nilsen og Hallgjerd Nilsen, Odd Helge Nilsen og Jorunn Nilsen m/Fam, Hallgeir og Sigrund Hauge, Oddvin og Sissel Leikanger, Andre og Kristin M. Gjerde, Kåre M. Mikalsen, Erling og Marit Storøy, David Andersen og Evy P. Flusund og Jarl-Åge og Elise M. Vågsholm.

Kommunestyret handsama saka i møte 24.11.16 og gjorde slikt vedtak:

«Kommunestyret tek klagen delvis til fylgje og gjer fylgjande endring i § 12, bokstav d, i føresegna:

Adkomstvegane o_SKV1 og o_SKV2 skal utbyggast i si heilheit slik vist på reguleringsplanen før nye bustadar som soknar til vegen får bruksløyve.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.»

I samband med budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 vart det avsett 1,0 mill i 2020 og 14,0 mill i 2021 til opparbeiding av Stokksund bustadfelt.

Den 15.01.2019 vart det sett fram slikt tilbod til Opplysningsvesenets fond (OVF):

«Viser til korrespondanse vedrørande kjøp av grunn til framtidig bustadfelt i Tjørvåg på gnr 58 bnr 1.

Herøy kommune ønskjer å erverve areal til framtidig busdtadfelt og tilbodet er satt fram under føresetnad politisk godkjenning.



Bildet illustrerer omfanget av ervervet og omfattar regulert område.
Ein tilbyr å kjøpe arealet slik:
Areal avsatt til bustadføremål – 50 kroner pr.m2
Anna areal innanfor regulert område – 25 kr pr. m2
Basert på arealberegning vert samla kjøpesum kr 3 685 342. Kommunen tek alle omkostningar med kjøpet.»

Herøy kommune mottok slik tilbakemelding 05.02.2019 frå Opplysningsvesenets fond (OVF):

«Vi beklager forsinket tilbakemelding på mottatt tilbud, og takker samtidig for interessen og tilbudet.

Denne prosessen har gått litt annerledes enn vanlig. Som regel er det OVF som gir et tilbud, som kjøper enten aksepterer eller avslå. Det har for så vidt skjedd her også, men tilbudet ble bare gitt muntlig, som en råtomtpris, kr 50 pr kvadratmeter, for hele planområdet.

I kommunens tilbud er det tilbudt kr 25 for alle arealer som ikke er byggeområde for bolig. Hvis vi hadde sendt kommunen et tilbud, hadde vi tilbudt hele planområdet for råtomtprisen kr 50/m². Hvis en skulle legge til grunn en lavere pris for «sekundære» arealer, måtte en samtidig legge til grunn en høyere pris for boligområdene.

Ved å tilby hele planområdet til kr 50/m² ville prisen blitt ca kr 4.660.000. (Jeg måler totalt 93 213 m².) Kommunen har tilbudt kr 3.685.342.

Vi kan ikke akseptere tilbudt kjøpspris. Samtidig ser vi at OVF vil være tjent med å selge hele arealet samlet, snarere enn å følge opp stykkevise salg over tid.
Vi kan derfor tilby hele planområdet for rund sum kr 4.100.000. Prisen inkluderer hele planområdet, også små-arealene langs nordvestsiden av vegen. Kr 10.000 av kjøpesummen vil faktureres ved kontraktsinngåelse, som et administrasjonsgebyr. Dette gebyret blir ikke refundert dersom salget ikke blir gjennomført av årsaker utenfor OVFs kontroll. Resterende kjøpesum faktureres når matrikkelbrev foreligger. Dersom kommunen aksepterer dette tilbudet utarbeider vi kjøpekontrakt og oversender for signering.

Vi ber om tilbakemelding innen 20.03.2019. Etter denne datoen er tilbudet ikke lenger gyldig.»

Det står per dato igjen 14,1 mill kr av løyvinga til strategisk grunnkjøp. Då er grunnkjøp Bø/Arhaug og grunnkjøp Nørvåg teke med, men ikkje grunnkjøp Myrvåg (saka vart utsett).

Vurdering og konklusjon:

Eg rår til at kommunestyret godkjenner tilbodet frå Opplysningsvesenets fond (OVF) om å kjøpe heile området som vist på kartet for ein samla sum kr 4.100.000 for å legge til rette for utbygging av Stokksund bustadfelt i samsvar med budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022. I tillegg kjem dokumentavgift og tinglysingsgebyr.

Rådmannen rår til at grunnkjøpet vert finansiert av løyvinga til strategisk grunnkjøp.

Fosnavåg, 25.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

, sted eller eiendon

Grønd

Grøndalsvegen

Prestemyrane

Prestegardsmyrane

Tjørvågvegen

654

BA

V3

• 1
• 3
• 5
• 6
• 7

BFS1
A=5.1 daa
BYA=30%

f_BLK1
A=1.8 daa

BKS1
A=1.7 daa
BYA=40%

f_BLK2
A=3.9 daa

BFS2
A=2.9 daa
BYA=30%

BKS2
A=4.1 daa
BYA=40%

f_BLK3
A=0.9 daa

f_BLK4
A=1.2 daa

BFS3
BYA=30%

BKS3
A=4.6 daa
BYA=40%

BFS4
A=2.1 daa
BYA=30%

f_BLK5
A=1.1 daa

BFS5
A=1.5 daa
BYA=30%

BKS4
A=1.4 daa
BYA=40%

LNFR
A=4.5 daa

BKT2
A=1.9 daa

BKT3
A=0.9 daa

f_BLK6
A=1.4 daa

BKS5
A=3.0 daa
BYA=40%

f_BLK7
A=2.8 daa

BFS6
A=2.5 daa
BYA=30%

BFS8
A=2.7 daa
BYA=30%

BKT1
A=3.6 daa

BFS9
A=7.2 daa
BYA=30%

BFS10
A=0.9 daa
BYA=30%

BFS11
A=2.7 daa
BYA=30%

f_BLK8
A=1.6 daa

f_BLK9
A=1.0 daa

BFS7
A=3.2 daa
BYA=30%

f_BLK10

Gangsti

• 19
• 17
• 30

© 2019 Norkart AS/Geovekst og kommune

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2017/242
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
52/19	Formannskapet	12.03.2019

RESERVASJON AV NÆRINGSTOMT PÅ MJØLSTADNESET - KO&KO AS

Tilråding:

Formannskapet vedtek at Ko&Ko AS får reservere tomteareal som omsøkt.

Frist for å kjøpe tomta er satt til : **30.09.2019**

Særutskrift:
Ko&ko AS

Vedlegg
1 KOKO - kontor og lager - Sak 2017/242 - TOMTEAREAL
2 Reservert tomteareal
3 Tidlegare reservert areal

Samandrag av saka:

Ko&Ko AS ønskjer å reservere tomt på Mjølstadneset. Rådmannen rår til at firmaet får reservere tomt som omsøkt.

Saksopplysningar:

Ko&Ko AS har etablert seg på Mjølstadneset i dag på gnr. 23/49 og 23/46. Dei har allereie reservert eit areal aust for si tomt på ca. 750m2. Dei ynskjer no å utvide denne tomta med ytterlegare 750m2. Ny reservert tomt blir på omlag 1500m2. Sjå vedlagte skisser.

Vurdering og konklusjon:
Reguleringsplanen tilseier at på området kan det etablerast industribygg med tilhøyrande lagerbygg som ikkje skal være til vesentleg ulempe for nærliggande områder. Det er gitt opning i §3 i føresegnene at dersom særlege grunnar ligg føre kan ein gjere unntak frå reguleringsbestemmelsane.

KO&KO AS si etablering er i hovudsak knytt til lager og pakkeverksemd med tilhøyrande fasilitetar. Omsøkt areal ligg i utkanten av eit større regulert område og kan lett tilpassast eigedomstrukturen i området.

Rådmannen kan ikkje sjå at næringsetableringa som omsøkt er til vesentleg ulempe for nærliggande områder med visning til at etableringa er knytt til lager og pakkeverksemd med tilhøyrande fasilitetar.

Rådmannen rår til at Ko&Ko AS får reservere tomtearealet som omsøkt.

Fosnavåg, 25.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad	Ole Magne Rotevatn
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Fra: Frank Robert Stenersen[frank.robert.stenersen@heroy.kommune.no]
Sendt: 06.02.2019 08:51:48
Til: Ole Magne Rotevatn
Kopi: 'Øyvind Rekkedal'
Tittel: VS: KOKO - kontor og lager - Sak 2017/242 - TOMTE-AREAL

Ole Magne, sjå e-post under, kven har med reservasjon av areal på Mjølstadneset no?

Kan du sørge for at dette blir gjort asap? ☺

Helsing

Frank Robert Stenersen
Byggesakshandsamar
Samfunnsutvikling

Tlf. 70081300 Mob. 90407955

www.heroy.kommune.no

Fra: Øyvind Rekkedal <oyvind@kokonorway.no>
Sendt: 5. februar 2019 09:01
Til: Frank Robert Stenersen <frank.robert.stenersen@heroy.kommune.no>
Emne: Re: KOKO - kontor og lager - Sak 2017/242 - TOMTE-AREAL

Heisann!

Her fant eg dokumentet om reservasjonen.

Men vi vil gjerne doble arealet på reservasjonen slik at det blir 1500 m2

Høyrer frå deg!

Mvh.
Ko&ko AS
Øyvind Rekkedal

Fra: Iver Olaf Grimstad <iver@bucci.no>
Dato: torsdag 10. august 2017 23:28
Til: 'Frank Robert Stenersen' <frank.robert.stenersen@heroy.kommune.no>, 'Agita Freimane' <agita.freimane@heroy.kommune.no>
Kopi: Øyvind Rekkedal <oyvind@kokonorway.no>, 'Jarl Martin Møller' <jarl.martin.moller@heroy.kommune.no>, 'Georg Grimstad' <georg@bucci.no>, 'Ole Magne Rotevatn' <ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no>
Emne: KOKO - kontor og lager - Sak 2017/242 - TOMTE-AREAL

Hei Frank og Agita,

Vi har no dreia prosjektet litt, samt flytta det litt, spesielt sørover.
Vi er då ikkje i konflikt med det skraverte arealet for kommunal teknikk (vest og nord-vestre del av grøn tomt), med unntak av avkøyrsel.
Tiltakshavar aksepterer dette..

Vi har då rekna ut at tomtearealet i grønt er 936.5 m2.
Reservert areal (ekstra-areal potensielt for framtida) er 776,6 m2.

4 meters regelen (8 meter til neste bygg for brannhensikter) i vest blir uansett holdt, sidan ingen kan bygge over areal for teknikk.
Kan vi få aksept på dette?

Vi tenkte å gjere klar nabovarsel i dag, så set stor pris på rask tilbakemelding.

Med vennlig helsing

Dagleg leiar
Iver-O. Grimstad

Bucci logo epost signatur

Mob: 41233955
E-post: iver@bucci.no
www.bucci.no

Fra: Frank Robert Stenersen [mailto:frank.robert.stenersen@heroy.kommune.no]
Sendt: 9. august 2017 13:49
Til: 'Iver Olaf Grimstad' <iver@bucci.no>
Kopi: 'Øyvind Rekkedal' <oyvind@kokonorway.no>; Agita Freimane <agita.freimane@heroy.kommune.no>; Jarl Martin Møller <jarl.martin.moller@heroy.kommune.no>; Georg Grimstad <georg@bucci.no>
Emne: SV: Koko kontor og lager - Sak 2017/242 - ARBEIDSTILSYNETS TILLATELSE

Hei, ja det var omsnakka på møtet med Stine og Øyvind at det var lurt å få inn søknad til arbeidstilsynet så snart som mogleg. Dette for at denne søknaden ikkje skal hefte framdrift seinare i prosessen.

Helsing

Frank Robert Stenersen
Byggesakshandsamar
Samfunnsutvikling

Tlf. 70081300 Mob. 90407955

www.heroy.kommune.no

Fra: Iver Olaf Grimstad [mailto:iver@bucci.no]
Sendt: 8. august 2017 15:53
Til: Frank Robert Stenersen <frank.robert.stenersen@heroy.kommune.no>; Agita Freimane <agita.freimane@heroy.kommune.no>; Jarl Martin Møller <jarl.martin.moller@heroy.kommune.no>
Kopi: 'Øyvind Rekkedal' <oyvind@kokonorway.no>; Georg Grimstad <georg@bucci.no>
Emne: Koko kontor og lager - Sak 2017/242 - ARBEIDSTILSYNETS TILLATELSE

Hei,

I orienterings-eposten for ei lita stund tilbake, skreiv de denne presisjonen:
NB! Husk å få inn godkjenning frå arbeidstilsynet før søknaden vert levert inn.

Ved søknad om arbeidstilsynets løyve, skal det første vedlegget (vedlegga) innehalde dei utvalde viktigaste dokumenta frå søknaden om rammeløyve.
Med andre ord er det uvanlig på dette tidspunkt å sende inn arb.tils. løyve-søknad, men heller vente til etter søknad om rammeløyve er innsendt til kommunen.
Er det tidspresset som gjer at de anbefalar dette?

På den andre side vil eg kanskje prøve meg på å sende inn søknad for å starte prosessen, og så ettersende dei resterande dokumenta, for å spare tid.

Med vennlig helsing

Dagleg leiar
Iver-O. Grimstad

Bucci logo epost signatur

Mob: 41233955
E-post: iver@bucci.no
www.bucci.no

M= 1 : 500

Bruttoareal

Reservert areal

Tomteareal



Arealoppsett tomt

10.08.17

KOKO - hovudkontor

304.01

M= 1 : 500

Bruttoareal

Reservert areal

Tomteareal



Arealoppsett tomt

10.08.17

KOKO - hovudkontor

304.01

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2019/86
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
53/19	Formannskapet	12.03.2019

RESERVASJON AV NÆRINGSTOMT PÅ MJØLSTADNESET - VIKANE EIENDOM AS

Tilråding:

Formannskapet vedtek at Vikane Eiendom AS får reservere arealet slik det går fram på vedlagt skisse datert 25.02.019.

Frist for å kjøpe tomta er satt til: **30.09.2019**

Særutskrift:
Vikane Eiendom AS

Vedlegg
1 Skisse av næringstomt 25.02.2019
2 scan
3 Herøy Kommune, Vikane Eiendom Tomt Mjølstadneset 19

Samandrag av saka:

Vikane Eiendom AS ønskjer å reservere tomt på Mjølstadneset. Bruken av arealet slik det går fram på skisse i søknaden er i konflikt med kommunalteknisk anlegg som ligg i veien og rådmannen legg ved ei alternativ skisse datert 25.02.2019 til avgrensing av tomta.

Rådmannen rår til at Vikane Eiendom får reservere tomt slik det går fram av revidert skisse datert 25.02.2019.

Saksopplysningar:

Vikane Eiendom AS ønskjer å reservere tomt på Mjølstadneset. I søknaden oppgir søkjar at det er behov for å etablere ein produksjonshall på om lag 800m2.

Vikane Eiendom AS er eigedomsselskap som eig tomta der Lextor Marin har sin produksjon i dag. Lextor Marin produserer og sel mindre arbeidsfartøy og anna utstyr til maritim sektor. Dei ynskjer no å sjå på moglegheit for å flytte verksemda då eigedomen deira er regulert til turismeføremål og inngår som ein del av Torvik Resort sine planar.

Vikane Eiendom AS ynskjer primært eit sjøtomt der dei kan legge til rette for sjøsetting av båtane direkte med ein slipp. Arealet på Mjølstadneset vil ikkje vere eigna til å lage ein slipp då det ligg ein del kommunalteknisk anlegg i grunnen foran tomta(mot sjøen). Ein har derfor valt å lage ei alternativ skisse til reservasjon av industriområde og dette er formidla til søkjar. Søkjar har akseptert avgrensinga på den omsøkte tomta og saka vert lagt fram med revidert skisse.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at Vikane Eiendom AS får reservere arealet slik det går fram av vedlagt skisse datert 25.02.2019.

Fosnavåg, 25.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ole Magne Rotevatn
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Utskrift fra Norkart AS kartklient

Dato: 25.02.2019 Målestokk: 1:1000 Koordinatsystem: UTM 32N



Tegnforklaring



Herøy kommune

Dato: 14.01.2019 Målestokk: 1:1500 Koordinatsystem: UTM 32N



Herøy Kommune
Rådhuset
6099 Fosnavåg
Attn: Rotevatn

Fosnavåg, 15.01.19

Ref. til hyggelig møte på Herøy Rådhus, den 14.01.2019
Tilstede for Kommunen var Olaus-Jon Kopperstad og Ole Magne Rotevatn.
Møtet gjaldt erstatningstomt på Mjølstadneset, til Vikane Eiendom AS

En liten oppsummering av saken.

I forbindelse med at Nordic Resort AS skulle få regulere området i Torvik, ble alle grunneiere i området kontaktet av utbygger, og tilbudt å inngå intensjonsavtale om kjøp, dersom reguleringsplanen kom på plass.
For Vikane Eiendom AS ble det inngått en avtale om å sette opp et erstatningsbygg på Mjølstadneset, med de fasiliteter et moderne industribygg innehar. Denne avtalen ble inngått i 2009. Det ble umiddelbart reservert ei tomt på Mjølstadneset som et ledd i avtalen.

Tiden gikk, og reguleringsplanen kom på plass. Det har blitt gjort flere forsøk på å realisere denne avtalen fra 2009, men uten å lykkes.

I 2016 ble jeg kontaktet av Jarl Martin Møller fra Kommunen. Han stilte da et konkret spørsmål om status i forhold til denne avtalen. Jeg svarte som sant var, at det var ingen progresjon i forhold til den, da Nils Chr. Gevelt mente avtalen var terminert i forbindelse med at jeg hadde overtatt 100% av aksjene i Vikane Eiendom AS.
Vikane Eiendom mistet da reservasjonen for den aktuelle tomten. Den ble etter dette en del av planene om et mottaksanlegg for fisk. Jeg mottok kort tid etter et brev fra Kommunen (saksnr. 2016/659) som bekrefter dette.

I januar 2018 fikk jeg besøk av Nils Chr. Gevelt på mitt kontor. Han ville da prøve å komme frem til en konstruktiv løsning på «problemet» vårt. Ifølge han selv, ville han gi meg et generøst tilbud på kjøp av eiendommen. Han kom da med et bud på 2,7 mill. for det hele. Noe jeg avviste der og da. Senere samme dag hadde han synfaring på Mjølstadneset, og fikk da reservert ei tomt midt inne på området. Da jeg fikk høre om dette, ga jeg umiddelbar beskjed til Gevelt og Kommunen at dette var ei helt uaktuell tomt.
I juli fikk jeg en mail fra han. Da hadde han rekvirert en takstmann, for å taksere eiendommen (17/57) Dette avviste jeg.

Den 09.08-2018 mottok jeg et brev på mail fra Møller. (Saksnr. 2018/612) Da hadde Gevelt henvendt seg til Kommunen ang. muligheten til å ekspropriere 17/57. Da oppfordret Møller partene til å gjennomføre en forhandling med advokater til stede. Jeg etablerte da kontakt med advokatfirmaet SANDS i Ålesund. Vi sendte brev til Gevelt, den 19.10.2018, der vi ba om et møte den 29.10.2018. dette brevet besvarte han ikke før fristen for møtet var over.

Etter dette har det ikke vært noen form for kontakt, og jeg personlig har ikke snakket med Gevelt siden januar 2018.

Da jeg så i Vestlandsnytt at Sigurd Teige skrinla sine planer for utbygging på Mjølstadneset, tok jeg umiddelbart kontakt med Herøy Kommune og tilkjennega min interesse for å kunne få tilbake den tomten vi først hadde reservert på Mjølstadneset. I vårt møte den 14.01.19, ble vi enige om at jeg lager en skisse på kartet hva som er ønskelig, samt en oppsummering av saken.

Vi ser for oss å sette opp en isolert monteringshall med innvendig høyde på ca.8 meter. Denne hallen blir ca. 800 kvm.
Videre er det ønskelig å lage en dokk inn i terrenget (se kart) hvor vi kan sjøsette og ferdigstille båtene. Dette krever at det kan fylles ut en liten molo for skjerming av innløp.

Vedlegg: Kartutsnitt av tomten Vikane Eiendom ønsker å reservere i 6 mnd.
Nordic Ressort har frist for byggemelding til 16.07-2019. Dersom vi ikke har kommet til en signert avtale mellom Vikane Eiendom AS og Nordic Resort AS innen den tid, bør Kommunen gå til det skritt å benytte seg av gjenkjøpsretten de har på tomtene de solgte i Vikane/Torvik, så vi kan benytte oss av nærliggende område.
Vi MÅ ha større monteringshall i nær fremtid.

Ber om at dere behandler forespørselen, og håper på et positivt svar.

For Vikane Eiendom AS

_____
Aasmund Torvik

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2019/292
		Arkiv:	435

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
54/19	Formannskapet	12.03.2019

SAMARBEIDSPILOT HERØY - SKULE OG ARBEIDSLIV I HERØY

Tilråding:

Formannskapet har følgjande innspel til samarbeidspiloten:

-

Særutskrift:

Vedlegg:

Bakgrunn for prosjektet

Seksjon opplæring i bedrift har som ei av sine arbeidsoppgåver å "Bidra til meir systematisk og tettare samarbeid mellom skole - arbeidsliv". I prosjektperioden til formidlingskoordinatorane (2017/18 – 2018/19) har ein valt å prøve ut ulike tiltak i dei fire regionane.

For Søre Sunnmøre er det bestemt å prøve ut ein samarbeidspilot mellom skule og arbeidsliv, med Herøy vidaregåande skule som pilotskule.

På Søre Sunnmøre har ein samla erfaringar med «Ulsteinmodellen» sidan 2015. Dette er ein forpliktande plan for samarbeidet mellom næringsliv og grunnskulen i Ustein kommune. MAFOSS en pådrivar og tilretteleggar for dette samarbeidet og ønsker no å bidra til at blir laga ein tilsvarande plan for samarbeidet på vidaregåande skule - nivå. Erfaringane frå Ulstein er positive, med auka forutsigbarheit for bedriftene og lærarane, likare tilbod for alle elevar og meir ansvarleggjering av dei involverte.

Samarbeidspiloten er strategisk forankra i nasjonale og fylkeskommunale mål om auka gjennomføring i vidaregåande opplæring, Samfunnskontrakt for fleire læreplasser (2016 – 2020), Forskrift om yrkesfaglig fordjuping (YFF), vedtak i Fylkestinget desember 2016 (Kvalitetsmeldinga), vedtak i yrkesopplæringsnemnda og utdanningsutvalet mars 2017 (om prosjektet med formidlingskoordinatorar i skolane) og arbeidsmål for formidlingskoordinatorane 2017 – 2019.

Overordna mål

Auka gjennomføring i vidaregåande opplæring og tilgang til kvalifisert arbeidskraft for arbeidslivet.

Sluttprodukt og ønska effekt

Sluttproduktet (samarbeidsavtalen) skal strukturere og betre kvaliteten på samarbeidet om yrkesfagleg opplæring mellom Møre og Romsdal fylkeskommune (skuleeigar), Herøy vidaregåande skule, lokalt arbeidsliv og vertskommunen Herøy.

Samarbeidsavtalen skal vere gjensidig forpliktande. Måla, aktivitetane, ansvarsfordelinga og tidsplanen (årshjulet) for samarbeidet skal vere tydelege for alle. Avtalen skal gjere både planlegginga, kunnskapsoverføringa og sjølve samarbeidet enklare og betre, både på skulen og i bedriftene.

Samarbeidsavtalen skal også:

- bidra til felles tolking og bruk av YFF - faget
- sikre at elevane får tilnærma lik informasjon og kompetanse om potensielle lærebedrifter, yrkesval, arbeidsliv og utdanningsmuligheiter i Herøy
- bidra til å forenkle overgangane mellom opplæring i skule og bedrift for ungdom under yrkesfagleg utdanning
- gi grunnlag for meir kvalifiserte yrkes - og utdanningsval
- bidra til ei felles og meir heilskapleg forståing for situasjonen lokalt:
    - søkarmasse og utdanningstilbod

- tilgangen til gode opplæringsarenaer
- lokal næringsstruktur og rammevilkåra for lokalt arbeidsliv
- behovet for fagutdanna arbeidskraft

Status februar 2019

Arbeidsgruppa som no arbeidar med prosjektet gjennomfører intervju av elevar, lærar og praksisplassar der ein vil ha svar på følgande spørsmål:

1) Korleis er samarbeidet mellom skule og bedrift i dag?

(type samarbeid, elevtal og når, fast samarbeid eller sporadisk, godt/dårleg, kven har ansvar for kva i praksisperioden, klare/uklare forventningar, skrivne eller uskrivne avtalar, korleis foregår kontakten skule/bedrift før, under og etter praksisperioden, læreplanmål og evaluering av elevane, samarbeidet om formidling til læreplass)

2) Kva må vi behalde?

(kva må vere med/kome fram i ein fast samarbeidsavtale mellom skule og bedrift)

3) Kva saknar du, kva bør endrast og korleis?

(kva må vere med/kome fram i ein fast samarbeidsavtale mellom skule og bedrift)

4) Dine beste råd?

(Kva har du erfart som andre kan ha nytte av)

Kva seier Herøy kommune sin samfunnsdel?

Ytre krefter som påverkar Herøy:
Herøy og dei andre kommunane på Søre Sunnmøre står overfor utfordringar knytt til sterke samfunnskrefter som står utanfor lokalsamfunnet sin kontroll. Desse drivkreftene utviklar seg og vil fortsetje å utvikle seg i distriktskommunane sin disfavør.

- *Lite tilgang til kompetent arbeidskraft innanfor **barnehage**, **skule**, tekniske fag, **helse og eldreomsorg**.*
- *Fram mot **2040 vil det verte nesten dobbelt så mange personar over 67 år** i Noreg og færre i arbeidsfør alder som skal finansiere velferdstilbodet.*

Satsingsområde: Kompetanse og næringsutvikling:
Herøy kommune ynskjer å vere i forkant av samfunnsutviklinga innan helse og omsorg og ynskjer å vere oppdatert på fag og ha tilgang på moderne hjelpemiddel. Samhandling både mellom avdelingar og interkommunale prosjekt er sentralt for å finne felles løysingar i og mellom kommunane. ***Kommunen og nasjonen sett under eitt, har utfordringar knytt til rekruttering av helsepersonell og i Herøy arbeidar kommunen for å rekruttere, behalde og utvikle den naudsynte kompetansen****. Kommunen har fleire tilsette i alderen 50-60 år og ein står snart ovanfor eit generasjonsskifte innan helse- og omsorgssektoren som gjer at ein vil få* ***store utfordringar knytt til å fornye arbeidsstokken****.* ***Ein må vurdere bruk av ny kompetanse og samarbeidet med utdanningssystemet Herøy vidaregåande skule vil spele ei stadig viktigare rolle for å få tilgang på kvalifisert kompetanse lokalt.***

Målsetjingar for Herøy kommune:

- *Herøy kommune, med sine fagmiljø,* ***skal vere attraktiv nok til å tiltrekke seg den arbeidskrafta det er behov for.***
- Herøy skal vere **leiande innan fiskeri- og offshorenæringa** i landet.
- *Herøy kommune skal* ***arbeide for å behalde og vidareutvikle utdanningsprogram på Herøy vidaregåande skule****.*

Strategiar for at vi skal nå målsetjingane:

- *Kommunen vil satse på å* ***byggje sterke fagmiljø*** *i organisasjonen.*
- *Kommunen ynskjer* ***at linjer og utdanningsprogram ved Herøy vidaregåande, retta mot næringslivet og det offentlege i Herøy og deira behov for arbeidskraft, vert opprettheldt og vidareutvikla.***
- *Kommunen vil vere innovative ved å ta i bruk ny teknologi innan helse- og omsorgssektoren.*

Spørsmål til Herøy kommune:

Arbeidsgruppa ynskjer no også tilbakemelding frå Herøy kommune kva ein ynskjer ut av samarbeidet med Herøy vidaregåande skule.

Arbeidsgruppa ber om at følgjande spørsmål vert lagt fram for relevante politiske organ for uttale:

1. Kor mange læring- og praksisplassar har Herøy kommune per år?
    a. *Er dette det optimale antalet eller burde det vore færre/fleire?*
2. Korleis brukar Herøy kommune moglegheita med læring- og praksisplassar til å behalde og rekruttere ungdom i kommunen?
    a. *Er moglegheita med læring- og praksisplassar ein del av ein overordna rekrutteringsstrategi for Herøy kommune?*
3. Korleis kan Herøy kommune og Herøy vidaregåande skule utvikle best mogleg samarbeid?
4. Kva positive effektar trur kommunen ein kan ha ved eit forpliktande samarbeid mellom den vidaregåande skulen og arbeidslivet?
5. Kva kan konsekvensen bli dersom ein ikkje har ein avtale om samarbeid mellom den vidaregåande skulen og arbeidslivet?
6. Kva arena for samarbeid bør Herøy kommune og Herøy vidaregåande ha?

Fosnavåg, 27.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ole Magne Rotevatn
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

HERØY KOMMUNE

Stab – Innkjøp

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2018/384
		Arkiv:	646

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
55/19	Formannskapet	12.03.2019
	Kommunestyret	21.03.2019

INNKJØP AV SKULEBØKER OG LÆREMATERIELL

Tilråding:

Herøy kommune tiltrer «Rammeavtalen for skolebøker og læremateriell» frå og med den 15.04.2019

Herøy kommune sin innkjøpsorganisering og innkjøpssamarbeid med Ålesund kommune held fram som i dag.

Herøy kommune tek mål av seg å gjennomføre lokal leverandørdialog og sikre god tilgang på naudsynt informasjon om kommunale innkjøp via kommunen sine eigen nettsider i løpet av 2019.

Særutskrift:
- Kommunalsjefane
- Innkjøpskonsulent
- Kozmos bokhandel, Fosnavåg

Samandrag av saka:

Saka gjaldt i utgangspunktet rammeavtale ved innkjøp av skulebøker og læremateriell, heretter omtalt som avtale om skulebøker. I løpet av handsaminga og saksgangen har fleire meir generelle og prinsipielle spørsmål kring innkjøp i Herøy kommune kome på banen. Saksframstillinga vil m.a. gjere greie for saksgang, historikk og innkjøpsorganisering. Deretter gjere greie for rettsleg utgangspunk, drøfte og vurdere alternativ til å ta del i rammeavtalen og vurdere kva handlingsrom kommunen har i forhold til å legge til rette for at lokalt næringsliv i større grad kan konkurrere om kommunale innkjøp.

Saksgang:

F-sak 63/18, om rammeavtale for innkjøp av lærebøker. Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

«Formannskapet ber administrasjonen innhente juridisk vurdering av kva handlingsrom kommunen har i forhold til å legge til rette for at lokalt næringsliv i større grad kan konkurrere om kommunale innkjøp, med bakgrunn i det nye off.anskaffelsesregelverket som trådte i kraft 1.januar 2017.»

Spørsmål frå Herøy Arbeidarparti i ein e-post til rådmannen den 31.06.18, der det vert bedt om ei orientering til Formannskapet:

«Eg ber om at Formannskapet får ei orientering om følgande sak:
Tidligare har det vore oppe ei sak som gjeld moglegheita for lokale innkjøp av skulemateriell, og det vart då informert om at innkjøpa låg under beløpsgrensa for å måtte benytte offentlig anbud, og at ein dermed ville satse på lokal handel. Det som no kjem fram er at den lokale bokhandelen har blitt «tvinga» til å levere anbud på levering av skulebøker og læremateriell, då til eit innkjøpssamarbeide mellom fleire kommunar, organisert av Ålesund kommune. Kontrakta på leveransane vart, utifra poeng på eit utval av kriterier, tildelt BS Undervisning AS.

Dermed vil ikkje den lokale bokhandelen få dei leveransane vi politikarar trudde vi hadde sikra dei. Slik eg forstår det så er BS Undervisning AS eigd av Bokhandlarsentralen (Oslo kommune ?), dvs. eit offentlig organ.

Eg ber om ei orientering om kva som har skjedd sidan vi «vedtok» at innkjøpa av skulemateriell skulle handlast lokalt, og om noko kan gjerast for å reversere Herøy kommune si deltaking i innkjøpssamarbeidet.»

Administrasjonen kan ikkje sjå at det er gjort politisk vedtak om at innkjøp av skulemateriell skal gjerast lokalt, slik det vert hevda i e-posten. Eit notat vart lagt fram som referatsak for formannskapet i møtet den 16.10.18. Formannskapet bad om at det vart lagt fram fullstendig sak. I samband med handsaming av F-sak 203/18 den 13.11.18 orienterte Innkjøpskonsulent Margrethe Steinsvik og Kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy formannskapet om saka. Det vart halde gruppemøte. formannskapet kom med slik samrøystes tilråding:

> *«1. Herøy kommune skal gjennomføre innkjøp som legg til rette for deltakelse frå lokalt næringsliv ihht. nytt anskaffelsesregelverk/nye mulegheiter.*
> *2. Herøy kommune inviterar lokalt næringslive til dialogmøte med dette som tema.*
> *3. Ordninga varer førebels 1 år fram til mars 2020»*

Kommunestyret vedtok den 06.12.2018 at K-sak 154/18 skulle utsettast.

Kort historikk og organisering av innkjøp i Herøy kommune:

I 2001 starta Herøy kommune opp i det små med å samarbeide om felles innkjøpsavtalar. Herøy kommune og Volda kommune hadde på den tid kvar si stilling som innkjøpskonsulent, og inviterte dei andre nabokommunane til å vere med på dette samarbeidet. I 2002 vart innkjøpssamarbeidet formalisert i Søre Sunnmøre Innkjøpsforum (SSIF), med kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Volda som deltakarar. I 2005 vart det gjennomført ei evaluering av samarbeidet og på bakgrunn av dette vart organiseringa endra. Det vart m.a. oppretta ei 100 % stilling og samarbeidet vart organisert etter vertskommunemodell, Søre Sunnmøre Innkjøpssamarbeid (SSIS). Ørsta kommune kom inn i samarbeidet frå 2005 og Vanylven kommune i 2006. Innkjøpskonsulentane i Herøy kommune og Volda kommune brukte om lag 40 % kvar på det interkommunale arbeidet. I byrjinga vart det gjennomført anbodskonkurransar der alle kommunane hadde felles interesse, t.d. forbruksvarer, straum og telefon. Vanylven kommune var vertskommune ut 2011. Etter det vart Margrethe Stølan Steinsvik tilsett og Herøy kommune vart vertskommune for SSIS.

Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre:

Denne organiseringa fungerte fram til 2014, då kommunestyret i K-sak 151/14 vedtok at Herøy kommune skulle avslutte SSIS-avtalen og i staden ta del i samarbeidsavtale med Ålesund kommune om innkjøp, Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre.[1] Før samarbeidsavtalen med Ålesund kommune var Herøy kommune part i 16 fellesavtalar med ulike leverandørar. Utdrag frå punkt 1 og 2 i samarbeidsavtalen:

1 PARTENE

Denne samarbeidsavtalen (Avtalen) er inngått mellom følgende parter:

1. Ålesund kommune, organisasjonsnummer: 942 953 119
2. Herøy kommune, organisasjonsnr: 964978840

2 AVTALENS OMFANG OG FORMÅL

Avtalen skal regulere et samarbeidsforhold mellom Ålesund kommune og Herøy kommune angående innkjøp av nærmere definerte varer og tjenester. Formålet med samarbeidsforholdet er å effektivisere anskaffelsesprosessen med målsetting om å redusere anskaffelseskostnadene.

Innkjøpssamarbeidet med Ålesund kommune fungerer slik at alle kommunane i samarbeidet får tilbod om å vere med på dei konkurransane som vert gjennomført. Kvar einskild kommune kan velje å takke ja eller nei til deltaking i dei ulike avtalane. Ved kjøp av varer og tenester som kommunen nyttar ofte eller nyttar i stort volum, er det naturleg og kostnadssvarande å inngå rammeavtalar. Konkurransen kring slike avtalar vert gjennomførde etter gjeldande innkjøpsregelverk og prosedyrar.

Det å gjennomføre tilbodskonkurranse er både kompetanse-, ressurs- og tidkrevjande. Per 11. februar 2019 er Herøy kommune med på 87 innkjøps-/rammeavtalar, delt på 37 fagområde gjennom Innkjøpssamarbeidet med Ålesund kommune, sjå vedlegg.

[1] 2014/1668 Søre Sunnmøre Innkjøpssamarbeid. Sjå utdrag frå samarbeidsavtalen.

Eigen innkjøpskonsulent i Herøy kommune:

Herøy kommune har organisert seg slik at ein i tillegg har eigen innkjøpskonsulent, som har ansvar for:

- lyse ut og gjennomfører tilbodskonkurransar
- gje råd og rettleiing
- hjelper alle sektorar og avdelingar i innkjøpsprosessen og med innkjøp

Herøy kommune har 5 eigne rammeavtalar på særskilte varer og tenester, sjå vedlegg. Dette er rammeavtalar som Herøy kommune reknar som føremålstenleg og avhengig av å ha lokal leveranse av. Dette på grunn av vara og tenesta sin natur og rask levering. Det vert frå kommunen si side arbeidd med å få på plass fleire slike rammeavtalar. For tida vert det mellom anna jobba med å få på plass rammeavtale på arbeidskle.

Rettsleg hovudgrunnlag - terskelverdi:

Lov om offentlig anskaffelser (Anskaffelsesloven / LOA) og Forskrift om offentlige anskaffelser (Anskaffelsesforskriften / FOA) regulere i detalj korleis det offentlege må opptre ved innkjøp.

Offentleg innkjøp vert rekna som juridisk krevjande. Feil kan føre til klage til Klagenemnda for offentlig anskaffelser (KOFA) og gebyr for brot på reglane, og søksmål med krav om skadebot.

Det er difor monaleg viktig at Herøy kommune etterlever gjeldande regelverk etter beste evne.

Korleis og etter kva reglar dei ulike kjøpa skal gjennomførast etter, vert regulert etter sokalla terskelverdiar.

Med terskelverdiar meiner lovgjevar beløpsgrenser som angir kva del av FOA som gjeld for eit kjøp som skal kunngjerast. Det er den estimerte verdi for kvart kjøp, som kan bestå av fleira delkontraktar, inklusive opsjonar som skal reknast med.[2]

Etter revidering gjeldande frå 01.01.2017, vart det lagt vekt på at regelverket skulle vere enklare og meir fleksibelt. Eitt av grepa for å forenkle var å heve den nasjonale terskelverdien. Denne terskelen vart ytterlegare heva i 2018 til kr. 1,3 mill. Eit anna grep var at kjøp under kr. 100 000,- er unntatt både LOA og FOA.

[2] https://www.anskaffelser.no/anskaffelsesordbok#terskelverdi

Oversyn over terskelverdiar og prosedyrar publisert av Difi: [3]

Terskelverdier	Tillatte anskaffelsesprosedyrer
Del I: Alle kontrakter av verdi mellom 100 000 kr og 1,3 mill. kr ekskl. mva. (uansett hvem som anskaffer, og hva som kjøpes) Kontrakter om kjøp av helse- og sosialtjenester for under 6,95 mill. kr ekskl. mva.	Ingen spesiell prosedyre. Grunnleggende prinsipper og bestemmelser i FOA kap.7 må følges.
Del I og II: Vare- og tjenestekontrakter til en verdi av mellom 1,3 mill. og 2 mill. kr ekskl. mva. for alle unntatt statlige myndigheter Alle bygge- og anleggskontrakter til en verdi av mellom 1,3 mill. og 51 mill. kr ekskl. mva. (uansett hvem som anskaffer) Kontrakter om særlige tjenester til en verdi over 1,3 mill. kr ekskl. mva. Merk: I tillegg gjelder noen bestemmelser i Del III for denne type anskaffelser når verdien overstiger EØS terskelverdien for særlige tjenester på 6,95 mill. ekskl.mva.	Åpen tilbudskonkurranse (FOA § 8-3) Begrenset tilbudskonkurranse (FOA § 8-3)
Del I og III: Vare- og tjenestekontrakter til en verdi av over 1,3 mill. kr ekskl. mva. for statlige myndigheter Vare- og tjenestekontrakter til en verdi av over 2 mill. kr ekskl. mva. for alle andre virksomheter Bygge- og anleggskontrakter til en verdi av over 51mill. kr ekskl. mva. (alle virksomheter)	Åpen og begrenset anbudskonkurranse (FOA § 13-1 (1)) Konkurranse med forhandlinger (FOA § 13 (2)) Konkurransepreget dialog (FOA § 13 (2)) Innovasjonspartnerskap (FOA § 13 (3))
Kontrakter om helse- og sosialtjenenester for over 6,95 mill. kr ekskl. mva.	Egne prosedyrebestemmelser

Kort oppsummert:

Terskelverdi	Prosedyre
< kr. 100 000	Unnateke innkjøpsregelverket, jf. LOA § 2
> kr. 100 000 - kr. 1,3 mill.	FOA del I
> kr. 1,3 mill. - kr. 2 mill.	FOA del II kunngjering i DOFFIN
> kr. 2 mill.	FOA del III kunngjering i DOFFIN og TED

[3] https://www.anskaffelser.no/avtaler-og-regelverk/terskelverdier-offentlige-anskaffelser

Vurdering av alternativ til å ta del i rammeavtalen:

Når det gjeld Herøy kommune sine kjøp av skulebøker, har det også tidlegare vore gjennomført sentral tilbodskonkurransar. Både i 2008, 2011 og 2014 vart Vestvang AS vald som leverandør.

Ved siste tilbodskonkurransen på skulebøker, gjort av Ålesund innkjøpssamarbeid, vart det gjort ei opning for at Herøy kommune fekk opsjon på å tiltre avtalen frå april 2019. 35 av 36 kommunar i fylket har takke ja til å nytte avtalen.

I det fylgjande vil to ulike moglege innkjøpsprosessar verte vurdert, som alternativ til å takka ja til opsjonen. Dei to vurderingstema er;

a) innkjøp under kr. 100 000,- ved å desentralisere innkjøpet, og på den måten ikkje verte omfatta av gjeldande innkjøpsreglar i LOA og FOA

b) gjennomføre årlege tilbodskonkurransar for på den måten gjennomføre innkjøp etter FOA del I

a) Vurdering av om Herøy kommune kan velje å la kvar skule gjennomføre innkjøp av skulebøker – desentralisert innkjøp?

I innkjøpsverksemder *kan* det vere fleire desentraliserte einingar innan same juridiske eining, som har mynde til å gjere innkjøp (innkjøpsuavhengig). Dette er ein organiseringsform som er vanleg i staten eller større kommunar, og som gjer innkjøp av same art.

Det vert oppstilt ein rekkje kriteria, som vil vere rettleiande ved vurderinga om ei eining er å rekne som innkjøpsuavhengige:[4]

- Har sjølvstendig budsjett
- Sjølv står for finansieringa av kontrakten
- Gjennomfører innkjøpet og er ansvarleg for heile prosessen
- Kan avgjer kven det skal inngåast kontrakt med
- Innkjøpet er rekna for eininga sitt eige virke
- Er overordna oppdragsgjevar
- Overordna oppdragsgjevar forsøker å utnytte sin posisjon for å oppnå stordriftsfordelar, trass innkjøpskompetansen er delegert til underordna eining

Innkjøpsorganisering er avgjerande i samband med vurderinga av terskelverdi av kontakten, og soleis i sin tur kva prosedyrar som skal nyttast ved gjennomføring av innkjøp.

I FOA § 5-4 (4) heiter det:

(4) Oppdragsgiveren skal ikke velge beregningsmåte eller dele opp en kontrakt med det formål å unnta kontrakten fra forskriften

[4] Veileder til reglene om offentlig anskaffelser (2013) punkt 4.2.3. og Veileder til reglene om offentlig anskaffelser (2017) punkt 5.4.4.

Det vil seie at med det føremål å unngå regelverket, er det *ikkje* er høve til å:

- tilpasse eller justere berekningsmåte av terskelnivå *eller*
- dele opp ei kontrakt

Utgangspunktet er ofte slik at ei kontrakt vert rekna som eit kjøp, og at verdien av kontrakten vert lagt til grunn ved vurderinga av kva terskelverdi kjøpet fell inn under. Det som taler for at det i dette tilfellet er snakk om ei kontrakt, er at det er leveranse av ei «einsarta» vare (skulebøker), som skal leverast av same leverandør.[5]

I FOA 5-3 heiter det:

(3) Dersom oppdragsgiveren består av flere atskilte driftsenheter, skal den samlede anslåtte verdien for alle driftsenhetene legges til grunn for beregningen. Dette gjelder likevel ikke når en driftsenhet selv er ansvarlig for sine anskaffelser eller visse kategorier anskaffelser.

Utgangspunktet er at det skal takast omsyn til alle einingar (skular) sin bruk av det konkrete kjøpet, slik at det er den samla estimerte verdien som skal leggast til grunn (terskelverdi), jf. fyrste setning.

I andre setning, er det gjort unntak når ei eining (skulen) sjølv er ansvarleg for sine innkjøp. Det vert synt til det som skrive ovanfor om desentralisert innkjøp.[6]

Det vil seie at om kvar skule i Herøy kommune kan reknast som ein sjølvstendig driftseining, som fullt ut er ansvarleg for sine innkjøp, kan desse innkjøpa vurderast kvar for seg. På denne måten vil ein del av skulane kome under verdigrensa på kr 100.000, slik at korkje LOA eller FOA vil gjelde. I så fall må alle innkjøpa gjerast slik, sjølv om somme skular vil ligge over verdigrensa, med det til fylgje at kvar skule må gjennomføre innkjøp også etter LOA og FOA.

Det som er klårt er at ein slik måte å gjennomføre innkjøp på strir i mot gjeldande innkjøpsorganisering og -praksis i Herøy kommune per i dag. Herøyskulen vert i all hovudsak sett under eitt som sektor Oppvekst, med dei funksjonane det er naturleg å sentralisere, også når det gjeld innkjøp. Herøy kommune er del av eit innkjøpssamarbeid og har ein innkjøpsressurs som arbeider på tvers i heile organisasjonen.

Det er gjengs oppfatning om at det ikkje er høve til å dele opp kontraktar for å kome under grensa på kr. 100 000,-.[7]

I dag vert innkjøp av skulebøker gjort slik at alle skulane har same læreverk og dermed brukar dei same lærebøkene. Kvart konkrete innkjøp på rammeavtalen vert gjennomført av den enkelte skule, men etter overordna føring og tildeling av midlar til innkjøp - m.a. basert på elevtal ved skulen. Det er Herøy kommune som eig bøkene, og rektorane deler bøker seg imellom ved endringar i elevtal.

---

[5] Veileder til reglene om offentlig anskaffelser (2017) punkt 5.4.3.

[6] Veileder til reglene om offentlig anskaffelser (2017) punkt 5.4.4.

[7] https://www.inventura.no/innsikt/regulatorisk/anskaffelsesrett/enklere-anskaffelser-fra-1-juli/, http://innkjop.tromsfylke.no/Veileder/Hvordanforetaenanskaffelse/underkr100000.aspx#.XGWDMDBKhaQ og https://dinanbudshjelp.no/under-100-000-offentlige-oppdragsgivere-star-fritt-til-a-innga-kontrakt/

Sjølv om sektorane/avdelingane stettar somme av kriteria for å reknast som innkjøpsuavhengige, er det administrasjonen si vurdering at korkje gjennomføringa eller organiseringa av innkjøp Herøy kommune samla sett er i tråd med desse kriteria.

Eit anna spørsmål som melder seg, er om ei slik desentralisert innkjøpsorganisering berre skal gjelde for skulane, eller om organiseringa òg skal gjelde for resten av kommuneorganisasjonen? Dette er eit spørsmål som er av eit slikt omfang, og vil føre til slike konsekvensar for organisasjonen, at det ikkje er rom for å drøfte det her.

Etter ei konkret og heilskapleg vurdering av sakens fakta, gjeldande organisering og rettsreglar, er det administrasjonen sitt syn at ei oppdeling av kontraktar (desentralisering av innkjøp) på dette tidspunktet, vil kunne reknast som eit forsøk på å omgå regelverket på ein slik måte at det mest truleg vil vere i strid med FOA.

b) Vurdering av om Herøy kommune kan gjennomføre eigen tilbodskonkurranse (sentralt) kvart år etter del I i FOA.

Som tidlegare nemnd er det terskelverdien som avgjer etter kva for regelsett innkjøpet skal gjerast etter. Ved fastsetjing av kontrakten sin verdi (terskelverdi), kan ein sjå til rekneskapstala for dei siste åra, jf. FOA § 5-4.

I denne saka syner rekneskapstala for 2017 eit forbruk på ca. kr 700 000,- i samband med kjøp av skulebøker i Herøy kommune. Ved å gjere avtale for eitt år om gongen, kjem ein soleis under terskelen på kr. 1,3 mill. etter FOA del I.

Kravet for å lyse ut tilbodskonkurranse er framleis gjeldande, men det vert gjennomført konkurranse med enklare prosedyre enn etter FOA del II og del III. Det er frivillig å kunngjere i Doffin. Det vert likevel tilrådd å lyse ut konkurranse i Doffin m.a. for å nå ein større marknad.[8]

LOA gjeld og det er særskilt to paragrafane ein må halde seg til:[9]

«§ 1.Formål
Loven skal fremme effektiv bruk av samfunnets ressurser. Den skal også bidra til at det offentlige opptrer med integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.»

Det tyder at m.a. at innkjøp skal gjennomførast på ein slik måte at ålmugen har tillit at dette skjer på ein samfunnstenleg måte, både med omsyn til konkurranse, arbeidslivskriminalitet og miljø m.m.

«§ 4.Grunnleggende prinsipper
Oppdragsgiveren skal opptre i samsvar med grunnleggende prinsipper om konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet.»

Innhaldet og rekkevidda av prinsippa i § 4 vil variere frå kjøp til kjøp. KOFA formulerer det slik;

«Det konkrete innholdet i disse kravene beror imidlertid på den konkurranse som er gjennomført, og særlig kva som er kommunisert til markedet og tilbyderne»

[8] Veileder til reglene om offentlig anskaffelser (2017) punkt 9.1.

[9] Veileder til reglene om offentlig anskaffelser (2017) punkt 7.1.1. og 7.1.2.

Kort forklaring av prinsippa si tyding i samband med del I-konkurranse: [10]

Forholdsmessighetsprinsippet vert også omtalt som proporsjonalitetsprinsippet, og tyder i praksis at konkurransar skal gjennomførast på ein måte som står i forhold til innkjøpa sin art, omfang, verdi og kompleksitet. Dette inneber blant anna at det vert stilt strengare krav til gjennomføring av konkurransar dess høgare verdi det er på kontrakten. Det vert spesielt lagt vekt på det som er over kr 500.000. Prinsippet vil vere ein del av vurderingstemaet i alle ledd av innkjøpet, slik som kva det skal konkurrerast om, fast setting av fristar og kor mange leverandørar som bør kontaktast m.m.

Prinsippet om konkurranse medfører at innkjøpet skal gjerast kjent for eit rimeleg tal leverandørar. Dette kan gjerast ved å ta direkte kontakt med fleire leverandørar eller ved å kunngjere konkurransen gjennom ei forenkla frivillig kunngjering i Doffin. I rettleiaren til den nye forskrifta er det poengtert at ein oppdragsgjevar som jamleg gjennomfører konkurransar av *same art* og *kompleksitet*, må passe på at han faktisk skaper konkurranse om kontrakten kvar gong. Dersom han kontaktar dei same leverandørane kvar gong, vil ein risikere at det ikkje blir reell konkurranse fordi leverandørane t.d. etter kvart veit kvar «lista» ligg og dermed ikkje vil gje sitt beste tilbod. Kravet til konkurranse gjeld så langt det er muleg. Avvik frå prinsippet kan t.d. vere om det berre er ein leverandør i marknaden, som kan levere det aktuelle produktet.

Prinsippet om føreseielegheit legg til grunn at det viktig at kjøpet vert gjennomført slik det er sagt at det skal gjennomførast. Oppdragsgjevar har eit stort handlingsrom ved gjennomføring av innkjøp etter del I. Det kan utformast eigne reglar for dette, eller det kan brukast reglar frå andre delar av forskrifta.

Likebehandlingsprinsippet skal sikre at alle potensielle leverandørar vert gitt like mulegheiter i alle stadium av innkjøpet.

Notoritetsprinsippet (etterprøvbart) legg til grunn at viktige avgjerder i kjøpsprosessen vert grunngjeve og dokumentert.

For at Herøy kommune skal kunne gjennomføre innkjøp av skulebøker etter del I, må det gjennomførast tilbodskonkurranse. Dette er ein ressurs- og tidskrevjande måte å gjennomføre kjøp av skulebøker på, men det er praktisk mogleg. Administrasjonen har vore i dialog med fleire som har god kjennskap til innkjøpsfaget, og det er gjengs oppfatning at ein innkjøpar i snitt kan gjennomføre mellom 4 til 6 innkjøp på eit år, avhengig av storleik.

Sjølv om måten å gjennomføre innkjøpet er praktisk mogleg, og ein stettar prisnippa som nemnd over, er det likevel eit overordna vurderingstema som ein ta stilling til.

Kvifor vel ein å gjennomføre konkurransen på denne måten?

Risikoen er at om dette vert oppfatta som at kjøpet vert oppdelt for å unngå regelverket, kan Herøy kommune risikere å verte klaga inn til KOFA som følgje av at

[10] Veileder til reglene om offentlig anskaffelser (2017) punkt 9.2. fylgjande.

dette kjøpet vert delt opp. Kommune vil kunne få straffegebyr for ulovleg direkte innkjøp. Etter *LOA § 12, 3. avsnitt vert* storleiken på gebyret vert fastsett ut i frå vurderingar av:

«bruddets grovhet, størrelsen på anskaffelsen, om oppdragsgiveren har foretatt gjentatte ulovlige direkte anskaffelser og den preventive virkningen. Gebyret kan imidlertid ikke overstige 15 prosent av anskaffelsens verdi.»

Det synes å vere klart oppfatning i fagmiljøet at gjentakande og repeterande kjøp framleis vil reknast i samanheng når det gjeld kontraktsverdi, slik at dei kjøpa må slåast saman for ei samla verdiberekning.[11] Det vil sei at det er mest naturleg og føremålstenleg, og ei forventing i marknaden, om at slike avtalar vert gjort som ei rammeavtale, typisk for 2 år + 2 år.

Det er vidare vert å merkje at media har sett fram krav til Herøy kommune om innsyn i leverandørdatabase, for å avdekke om innkjøp vert gjort i tråd med gjeldande regelverk.

Etter ei konkret og heilskapleg vurdering av sakens fakta, gjeldande organisering og rettsreglar, er det administrasjonen sitt syn at ei oppdeling av kontraktar på dette tidspunkt, vil kunne reknast som eit forsøk på å omgå regelverket på ein slik måte at det mest truleg vil vere i strid med FOA.

Vurdering av handlingsrom og innspel:

a) Desentralisert innkjøpsorganisasjon i delar av eller gjennomgåande i heile kommuneorganisasjonen

Som drøfta ovanfor *kan* Herøy kommune teoretisk sett organisere innkjøpsorganisasjonen slik at den einskile sektor eller avdeling har totalansvaret for innkjøpa innan si eining (innkjøpsuavhengig).

Ein konsekvens av dette er at terskelverdiane i mange tilfelle vil vere so låg at ein kan gjere innkjøp utanom innkjøpsregalen, jf. LOA § 2.

Det vil sei at kommunen i større grad kan gjennomføre direkte innkjøp. Det er lite tvil om at ein slik innkjøpsmodell i alle tilfelle vil vere meir ressurs- og kompetanse-krevjande for sektorane eller avdelingane – dei innkjøpsuavhengige einingane. Kvar innkjøpsuavhengige eining må ha tilsett/e både med fagkompetanse og tid til å jobbe med innkjøp og fylgje opp kontrakar. Vidare er det opplagt at auka omfang av direkte innkjøp vil gje kommunen dårlegare (høgare) prisar på varer og tenester, enn om dette vart gjort gjennom utlyste konkurransar.

Kor vidt kommunen likevel på sikt og samla sett vil tene på ein slik innkjøpsstrategi, gjennom auka skatteinntekter, er ikkje råd å svare sikkert på.

[11] https://www.inventura.no/innsikt/regulatorisk/anskaffelsesrett/enklere-anskaffelser-fra-1-juli/, http://innkjop.tromsfylke.no/Veileder/Hvordanforetaenanskaffelse/underkr100000.aspx#.XGWDMDBKhaQ og https://dinanbudshjelp.no/under-100-000-offentlige-oppdragsgivere-star-fritt-til-a-innga-kontrakt/

Administrasjonen kan, under slike føresetnadar og med slik usikkerheit, ikkje tilrå til ein omorganisering av innkjøpsorganisasjonen til ein desentralisert innkjøpsorganisasjon.

b) Brev frå Nærings- og fiskeridepartementet datert 14.02.17.

I saksgangen vedkomande kjøp av skulebøker, har det blitt peika på tidlegare Næringsminister sine presiseringar om oppdeling av kontraktar. Dette slik at mindre og lokale tilbydarar kan ta del. Ein viktig føresetnad er at ein her taler om kjøp som har ein terskelverdi på over kr. 100 000,- slik at innkjøpsreglane må fylgjast.

Ved større konkurransar *skal* ein vurdere oppdeling av kontraktar, jf. FOA § 19-4.

I samband med konkurransen som vart gjennomført for skulebøker, vart det gjennomført oppdelt konkurranse. Konkurransen vart delt opp og gjennomført slik at tilbydarane kunne velje å gje eit eller fleire tilbod. Inndelinga vart gjort slik: del 1 Sunnmøre, del 2 Søre Sunnmøre, del 3 Romsdal og del 4 Nordmøre.

For kontraktsdelane 1 Sunnmøre, 3 Romsdal og 4 Nordmøre kom det inn berre eit tilbod – frå BS Undervisning AS. For kontraktsdel 2 Søre Sunnmøre kom det inn to tilbod – frå BS Undervisning AS og Vestvang Bokhandel AS. Resultatet var at BS Undervisning AS kom med det beste tilbodet og fekk kontraktane for alle delane.

Administrasjonen er av den oppfatning at skulebok-konkurransen er gjort i tråd med tilrådinga i brevet frå Næringsministeren.

c) Dialog og samarbeid med lokalt næringsliv

I løpet av saksgangen har det blitt synt til Øvre Eiker kommune sin «Anskaffelsesstrategi for 2018-2021».[12] Særskilt har det blitt peika på målet om at kjøp skal bidra positivt til lokalt næringsliv.

I strategien er det peika på 7 konkrete tiltak som Øvre Eiker meiner vil vere med på å ruste det lokale næringslivet til både å kunne konkurrere og vinne innkjøpskonkurransar.

Det er ikkje tvil om at utarbeidd strategi er både pro-aktiv og ambisiøs. Difor planlegg Øvre Eiker å styrkje innkjøpskompetansen i kommunen med ei stilling. Per i dag har seksjonen ein leiar, ei stilling som innkjøpsansvarleg og 30% stilling dedikert til e-handel.[13] Kommunen har også god juridisk kompetanse gjennom sine to kommuneadvokatar.[14]

Administrasjonen har vore i dialog med innkjøpsansvarleg ved Øvre Eiker kommune. Innkjøpsansvarleg uttaler at ein har nytta leverandørdialog aktivt, særskilt for å gjere lokalt næringsliv i stand til å kunne levere tilbod. Her handlar det om betre og styrkje informasjonsflyt, relasjonar og kompetanse. Sjølv om Øvre Eiker legg opp til god dialog og samarbeid med lokalt næringsliv, er kommunen tydleg på at dei som offentleg aktør skal halde seg til gjeldande konkurranseregler, leggje til rette for god og reell konkurranse og at det er tilbod og pris som er avgjerande for avtaleinngåing.

---

[12] https://ovre-eiker.kommune.no/om_oss/innkjop/Documents/Innkj%C3%B8psstrategi%20endelig%202018.pdf

[13] https://ovre-eiker.kommune.no/om_oss/innkjop

[14] https://ovre-eiker.kommune.no/om_oss/enheter/Sider/kommuneadvokatene.aspx

Sjølv om Øvre Eiker ein kommune på det sentrale Austlandet, med dei føremon det gjev, meiner administrasjonen at Herøy kommune kan hente gode idear og tiltak frå denne kommunen. Herøy kommune har òg motteke innspel frå fleire butikkar og tenesteleverandørar i Herøy, som ynskjer at kommunen arrangerer kurs og/eller dialogmøte med lokalt næringsliv.[15] Dette er eit innspel administrasjonen tek på alvor og er positive til.

Administrasjonen meiner det er føremålstenleg og positivt både for Herøy kommune og lokalt næringsliv, om kommunen legg til rette for og gjennomførte tiltak som t.d. leverandørdialog og gode informative nettsider om innkjøpsordninga i Herøy kommune.

Fosnavåg, den 04.03.2019

Olaus-Jon Kopperstad	Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Rådmann	Kommunalsjef stab

Sakshandsamar:
Innkjøpskonsulent Margrethe S. Steinsvik og
Kommunalsjef stab Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

[15] 2018/384/5 Innkjøpsavtale for lærebøker

OVERSYN RAMMEAVTALER – ÅLESUND INNKØPSSAMARBEID PER 11.02.2019

Avtale	Leverandør	Avtaletype	Avtaleperiode
1. RUTINER OG MALER	Ålesund kommune	Avtale	03.04.2014 - 03.04.2030
Anskaffelse - Asfalt, 2015 (nr 2)	NCC roads AS	Rammeavtale	22.06.2015 - 21.06.2019
Anskaffelse – Bedriftshelsetjenester for Søre Sunnmøre, 2018	Stamina Helse AS	Rammeavtale	01.07.2018 - 30.06.2021
Anskaffelse - Bleier/inkontinensprodukter 2015	Ødegaard Engros AS	Rammeavtale	11.06.2015 - 10.06.2019
Anskaffelse - Frukt og grønnsaker, 2015	Bama Storkjøkken AS	Rammeavtale	21.09.2015 - 20.09.2019
Anskaffelse - Innkjøpsbistand, 2016 (2) - Rang 3 i rammeavtalegruppe Innkjøpsbistand	Inventura AS	Rammeavtale	22.02.2017 - 21.02.2020
Anskaffelse - Innkjøpsbistand, 2016 (2) - Rang 2 i rammeavtalegruppe Innkjøpsbistand	Innkjøpskontoret AS	Rammeavtale	03.02.2017 - 02.02.2020
Anskaffelse - Innkjøpsbistand, 2016 (2) - Rang 1 i rammeavtalegruppe Innkjøpsbistand	Odin Prosjekt AS	Rammeavtale	01.02.2017 - 31.01.2020
Anskaffelse - Kontormøbler, 2017	EFG Hov + Dokka AS	Rammeavtale	13.11.2017 - 12.11.2019
Anskaffelse - Kontorstoler, 2016	Haugen Kontorforum as	Rammeavtale	08.01.2017 - 07.01.2020
Anskaffelse - kontrolltjeneste i henhold til alkoholloven, 2016	Securitas AS	Rammeavtale	01.06.2016 - 30.05.2019
Anskaffelse - Konvolutter med trykk, 2017	Ødegaard Engros AS	Rammeavtale	02.11.2017 - 01.11.2019

Avtale	Leverandør	Avtaletype	Avtaleperiode
Anskaffelse - Kopipapir, kontor,- og datarekvisita, toner, blekk og fritt skolemateriell, 2017	Ødegaard Engros AS	Rammeavtale	08.09.2017 - 07.09.2019
Anskaffelse - Leiebil	Hertz	Rammeavtale	01.07.2015 - 30.06.2019
Anskaffelse - Leker og formingsmateriell 2016	Av form	Rammeavtale	22.11.2016 - 21.11.2019
Anskaffelse - Medisinske forbruksvarer, 2017	OneMed AS	Rammeavtale	15.09.2017 - 14.09.2019
Anskaffelse - Microsoft-lisenser og tilhørende tjenester, 2015	Atea AS	Rammeavtale	29.09.2015 - 28.09.2019
Anskaffelse - Multifunksjonsmaskiner, 2015	Sharp Business Systems Norge AS	Rammeavtale	27.02.2016 - 26.02.2020
Anskaffelse - Møbler til barnehage og SFO, 2015	GRANDE INTERIØR AS	Rammeavtale	15.03.2016 - 15.03.2020
Anskaffelse - Nettbrett, 2015	Atea AS	Rammeavtale	27.04.2015 - 26.04.2019
Anskaffelse - Nettbrett, 2015	IT Partner Møre AS	Rammeavtale	27.04.2015 - 26.04.2019
Anskaffelse - Personbiler, 2015 (3)	Rutebileiernes Standardisering AS	Rammeavtale	28.10.2015 - 27.10.2019
Anskaffelse - Personbiler, 2015 (3)	Møller Bil Ålesund as	Rammeavtale	12.11.2015 - 11.11.2019
Anskaffelse - Personbiler, 2015 (3)	Brages Bilforretning as	Rammeavtale	28.10.2015 - 27.10.2019
Anskaffelse - Reisebyråtjenester, 2015	Berg-Hansen Nordvest AS	Rammeavtale	06.01.2016 - 05.01.2020
Anskaffelse - Renholdsmidler og rekvisita, papir,plast, catering, lyskilder og hansker 2015	Ødegaard Engros AS	Rammeavtale	08.09.2015 - 08.09.2019
Anskaffelse – Rør og rørdeler 2017	Ahlsell Norge	Rammeavtale	16.07.2017 - 15.07.2019
Anskaffelse - Rådgivingstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	Norconsult AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2019

Avtale	Leverandør	Avtaletype	Avtaleperiode
Anskaffelse - Rådgivingstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	Asplan Viak AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2019
Anskaffelse - Rådgivingstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	Rambøll Norge AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2019
Anskaffelse - Rådgivingstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	Safe Control Eng AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2019
Anskaffelse - Rådgivingstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	HR Prosjekt AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2019
Anskaffelse - Rådgivingstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	HR Prosjekt AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2019
Anskaffelse - Rådgivingstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	Nordplan AS avd. Ålesund	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2019
Anskaffelse - Rådgivingstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	Sweco Norge AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2019
Anskaffelse - Rådgivingstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	ServiTech AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2019
Anskaffelse - Rådgivingstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	AG Plan og Arkitektur AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2019
Anskaffelse - Rådgivingstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	ÅF Reinertsen AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2019
Anskaffelse - Rådgivingstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	Per Mulvik AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	AG Plan og Arkitektur AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Rambøll Norge AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Kvalsund Ingeniører AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Art Arkitekter og Ingeniører AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Nordplan AS avd. Ålesund	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Harald Hjelle Arkitekter AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019

Avtale	Leverandør	Avtaletype	Avtaleperiode
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	SBS Consult AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	HR Prosjekt AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Firesafe AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Norconsult AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	CONPLAN AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Kibsgaard-Petersen AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Byggeledelse Norge AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	XPRO AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Ose Ingeniørkontor AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Streken AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Høyer Finseth AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Slyngstad Aamlid Arkitekter AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Brannrådgiving Kåvenes & Sundene AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Asplan Viak AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Tegn3 AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Tømmerdal Consult	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Riksheim Consulting AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2019

Avtale	Leverandør	Avtaletype	Avtaleperiode
Anskaffelse - Skilt og skilt- og vegoppmerkingsmateriell , 2015	Euroskilt AS	Rammeavtale	01.09.2015 - 31.08.2019
Anskaffelse - Skilt og skilt- og vegoppmerkingsmateriell , 2015	Brødrene Dahl AS	Rammeavtale	28.08.2015 - 31.08.2019
Anskaffelse - Skolemøbler, 2015	GRANDE INTERIØR AS	Rammeavtale	31.01.2016 - 31.01.2020
Anskaffelse - Telefonitjenester, 2017	Telenor Norge AS	Rammeavtale	15.05.2017 - 14.05.2019
Anskaffelse - Trygghetspakke Velferdsteknologi	Atea AS	Rammeavtale	15.05.2018 - 14.05.2020
Anskaffelse - Varebiler (Søre Sunnmøre), 2015	Ørsta BIL	Rammeavtale	14.03.2016 - 13.03.2019
Anskaffelse - Varebiler (Søre Sunnmøre), 2015	Møller Bil Ålesund as	Rammeavtale	14.03.2016 - 13.03.2019
Anskaffelse - Vaskeritjenester Søre Sunnmøre	NOR TEKSTIL AS	Rammeavtale	01.11.2018 - 30.10.2020
Anskaffelse - Veisalt 2017	Mesta AS	Rammeavtale	13.11.2017 - 12.11.2019
Anskaffelse - Veterinærvakt Ulstein vaktområde	Veterinærkontoret AS	Rammeavtale	10.10.2017 - 10.10.2019
Anskaffelse - Veterinærvakt Ulstein vaktområde	Veterinær Svendsen og Terøy	Rammeavtale	10.10.2017 - 10.10.2019
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Konstali Helsenor AS	Rammeavtale	25.04.2016 - 24.04.2020
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Accurate Care AS	Rammeavtale	25.04.2016 - 24.04.2020
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Seie AS (tidl.Orange Service AS)	Rammeavtale	25.04.2016 - 24.04.2020
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Vacant Helse AS	Rammeavtale	25.04.2016 - 24.04.2020
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Manpower AS	Rammeavtale	25.04.2016 - 24.04.2020
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Adecco Helse AS	Rammeavtale	25.04.2016 - 24.04.2020

Avtale	Leverandør	Avtaletype	Avtaleperiode
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Smart Bemanning AS	Rammeavtale	26.04.2016 - 25.04.2020
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	AMBIO Helse AS	Rammeavtale	25.04.2016 - 24.04.2020
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Centric Care AS	Rammeavtale	25.04.2016 - 24.04.2020
Anskaffelse Kolonialvarer 2015	H.I.Giørtz Sønner AS	Rammeavtale	01.09.2015 - 31.08.2019
Kjøtt og Kjøttvarer, 2018	Nortura	Rammeavtale	11.01.2018 - 10.01.2020
Melk og meieriprodukter 2015	Tine SA	Rammeavtale	01.12.2015 - 30.11.2019
Porteføljeforvaltning Elektrisk kraft Søre Sunnmøre, 2015	Fjordkraft	Rammeavtale	01.03.2016 - 28.02.2020
Rammeavtale for legemidler og multidose	Norsk Medisinaldepot AS	Rammeavtale	01.01.2019 - 01.01.2021
Serviceavtale - Pusteluftutstyr Søre Sunnmøre, 2017	Brannvernservice AS	Rammeavtale	11.01.2018 - 10.01.2020

Viser 1 til 88 av totalt 88 rader

Visma Commerce AB Tel +46 (0)13-47 47 500 | Fax +46 (0)13-47 47 560 | www.opic.com | E-post info.opic@visma.com VISMA

Kjelde: https://contracts.tendsign.com/Contract

LOKALE RAMMEAVTALAR PER 11.02.19

Varegruppe	Leverandør	Avtale til	Opsjon til
Graving og massetransport med tilhøyrande tenester	Parallelle rammeavtalar i prioritert rekkjefølge med: 1. Aurvoll og Furesund AS 2. B. Tarberg AS	01.07.2019	1 + 1 år
Serviceavtalar: Brannalarmanlegg og nød/ledelys	○ Kvalsvik Elektro AS ○ Tussa Installasjon ○ Bravida AS		
Serviceavtale: Sprinklaranlegg	○ VVS Planlegging AS		
Serviceavtale: Handslukkarar	○ Fosnavåg Notbøteri		

I tillegg til desse, er det ein avtale vi har saman med ca. 20 andre kommunar:

Forsikring	KLP	31.12.2020

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr: Arkiv:	2019/307

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
17/19	Komite for næring, kultur og idrett	07.03.2019
56/19	Formannskapet	12.03.2019

REVIDERING AV RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR

Møtebehandling:

Tilråding/Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 07.03.2019

Tilråding:

Formannskapet godkjenner framlegg til reviderte «Retningsliner for tildeling av kulturmidlar».

Særutskrift:

Vedlegg:
2019 Framlegg til reviderte «Retningsliner for tildeling av kulturmidlar»
2014 Gjeldande «Retningsliner for tildeling av kulturmidlar i Herøy kommune»

Samandrag av saka:
For tilpassing til dagens behov og regelverk vert det føreslått å justere retningslinene for tildeling av kulturmidlar i Herøy.

Retningsliner og fordelingsnøkkel vart sist justert i F-sak 75/11.

Saksopplysningar:
Retningslinene vart sist justert i 2011, og sidan då har det skjedd endringar i behov og retningsliner som medfører behov for justeringar. I tillegg er oppsettet revidert og det er gjort språklege justeringar.

Fylgjande justeringar er gjort:

1. **Desse kan søke om tilskot**
    a. Søkjarane vert føreslått å berre gjelde personar, lag og organisasjonar, ikkje institusjonar, med mål å styrke den frivillige aktiviteten. Institusjonar kan vere samarbeidspartar i søknader med ovannemnde.
    b. Språklege justeringar
    c. Språklege justeringar
    d. Innhaldet er flytta til pkt. 3.
    e. Punktet vert føreslått fjerna med mål å styrke den lokale frivillige aktiviteten,

2. **Om søknaden**
    Punktet omfattar m.a. moment som tidligare har vore å finne under dei ulike tilskotsordningane. I tillegg er det lagt til eit nytt pkt. d) som mellom anna gjeld ved tilskot til bygging av leikeplassar.

3. **Driftstilskot:**
    Det gamle pkt. 2 a) og vedlegg om fordelingsnøkkel er samla i nytt pkt. 3. Det er gjort språklege justeringar, samt at pkt. 5 under fordelingsnøkkel om tildeling til samarbeidsorgan er føreslått fjerna. Det vert føreslått å setje ei maksimumtilskot pr. medlem/deltakar på kr. 100 for song og musikk, samt idrett. Vidare vert det føreslått at stønad til søndagsskular vert auka til kr. 50 pr. deltakar, barneforeiningar til kr. 80 pr. deltakar og at reint barne- og ungdomsarbeid får kr. 100 pr deltakar.

4. **Tilskot til andre kulturføremål:**
    Det vert føreslått å samle tilskot til særlege arrangement, underskotsgaranti, kurs og start av nye lag og organisasjonar i ei felles ordning. «Tilskot til særskilde arrangement» er pr. i dag delegert til rådmann og det vert føreslått å utvide denne delegasjonen til å omfatte alle fire ordningane. Det er gjort språklege justeringar i teksten.

5. **Tilskot til eingongsinvesteringar/prosjekt – «Bygdeutviklingstiltak»:**
    Det vert føreslått at kommunestyrets vedtak om etablering av tilskot til bygdeutviklingstiltak går inn i ordninga kalla eingongsinvesteringar/prosjekt. , Tilskotsordninga er meint å fremje positive kulturtiltak i bygdene parallelt med

kommunens byutviklingstiltak, og dette er årsaka til at lag og organisasjonar på Bergsøya ikkje fell inn under ordninga.
Framlegget er basert på gjeldande retningsliner og det er gjort språklege justeringar.

Fosnavåg, 27.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

HERØY KOMMUNE

RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR

1. DESSE KAN SØKE OM TILSKOT

a) Søkarane kan vere einskildpersonar, frivillige lag og organisasjonar som driv eller vil starte kulturverksemd i Herøy kommune.

b) Hovudlaget samordnar og søker samla på vegne av alle gruppene der laget er organisert slik.

c) Unnateke frå tilskot er:
- Lag som primært tek vare på medlemane sine økonomi- og yrkesinteresser
- Politiske parti og politiske aksjonar
- Organisasjonar som ikkje er opne for alle
- Reint kommersielle tiltak

2. OM SØKNADEN:

a) Herøy kommune tildeler tilskot berre etter søknad. Skjema ligg på kommunen sine heimesider og alle søknader skal sendast inn elektronisk.

b) Søknaden skal omfatte budsjett og plan for tiltaket, samt andre vedlegg som er etterspurt i søknadsskjemaet. Der søknaden er mangelfullt utfylt eller manglar dokumentasjon, vert det gjeve ei påminning.

c) Lag og organisasjonar som får økonomisk stønad frå Herøy kommune, pliktar på sine arrangement å gi fri entre til følgjeperson ved framvising av Følgjekort. Dersom denne føresetnaden vert broten, kan vedkomande lag/organisasjon misse retten til kulturmidlar
.

d) Tiltaka skal utførast i samsvar med gjeldande føreskrifter og lovverk.

3. DRIFTSTILSKOT

Desse kan søke
Lag og organisasjonar med kontinuerleg aktivitet innan song og musikk, idrett, samt barn og unge.

Dette kan du forvente
Tiltak for barn og unge skal prioriterast. Der laget har både barn og vaksne som medlemar, vert også vaksne tatt med i utrekninga. Born vert vekta dobbelt i forhold til vaksne medlemer. Organisasjonar berre med medlemar over 20 år kan ikkje søkje om driftstilskot.

a) Song og musikk:
- Tilskotet vert fordelt mellom søknadene slik at instrumentalgruppene vert vekta i forhold til kor som 5 : 1. For dei korpsa som har dirigentsamarbeid, skal dette tilskotet tildelast samla, og deretter delast etter dividende på talet på medlemmer.
- Max tildeling pr. medlem kr. 100.
- Medlemsliste skal leggast ved per 01. 01. jf. innmeldingar til NMF/ Andre.

b) Idrett:
- Tilskotet vert fastsett etter medlemstal.
- Max tildeling pr. medlem kr. 100.
- Medlemsliste skal leggast ved per 01.01 jf. NIF idrettsregistreringa.

c) Barn- og unge:
- Søndagsskular får ein grunnstønad på kr. 300 og driftsstønad på kr. 50,- pr. deltakar fastsett etter frammøtelister.
- Barneforeiningar får ein grunnstønad på kr. 500,- og driftsstønad på kr. 80,- pr. deltakar fastsett etter frammøtelister.
- Lag som driv reint barne- og ungdomsarbeid får ein grunnstønad på kr. 1000,- I tillegg ein driftsstønad på kr. 100,- pr. deltakar fastsett etter medlemsliste.
- Minste oppmøte pr. medlem for alle ordningane er 3 gongar pr. år.

d) **Interkommunal verksemd**
- Tilskotet vert gitt som grunnstønad på kr. 400.- og driftsstønad på kr. 50.- per. deltakar busett i Herøy fastsett etter medlemsliste.

Svar på søknaden
Tilbakemelding vert gitt etter at komiteen for næring, kultur og idrett har gjort vedtak i saka.

Utbetaling av tilskot
Utbetaling skjer etter at komiteen for næring, kultur og idrett har gjort vedtak i saka.

Søknadsfrist: 1. april

4. TILSKOT TIL ANDRE KULTURFØREMÅL

Desse kan søke
Einskildpersonar, frivillige lag og organisasjonar.

Målsetting med ordninga
Ordninga har som målsetting å legge til rette for at det kan gjennomførast gode kultur-aktivitetar, gis opplæring i kulturaktivitetar og ved etablering nye lag og organisasjonar.

Desse tiltaka kan du søke på

- Særskilte arrangement
  - Det må søkast i god tid før arrangementet skal gjennomførast
  - Tilskotet vert berre gitt til arrangement der det ikkje er naturleg å ta inngangspengar og arrangementet skal vere ope for alle
  - Tilskot vert gitt med inntil kr. 10 000 pr. arr.
  - Tilskotet vert utbetalt når kulturkontoret har motteke sluttrapport og rekneskap. Frist for utbetaling er 2.mnd etter arrangementet.

- Underskotsgaranti
  - Det må søkast i god tid før arrangementet skal gjennomførast
  - Tilskot vert berre gitt til kostnadskrevjande arrangement der billett- og sponsorinntekter ikkje dekker alle utgifter
  - Garantien vert gjeve med inntil kr. 15 000 pr. arr. og skal ikkje dekke meir enn 1/3 av arrangementskostnadane.
  - Tilskotet vert utbetalt når kulturkontoret har motteke sluttrapport og rekneskap. Frist for utbetaling er 2.mnd etter arrangementet.

- Kurs innan kulturområdet
  - Det må søkast i god tid før kurset skal gjennomførast
  - Tilskot vert berre gitt når kurset har spesielt stor verdi for deltakarane sitt arbeid i laget og/eller lokalsamfunnet
  - Tilskot vert gitt med inntil kr. 2 000 pr. pers. og skal ikkje dekke meir enn 1/3 av kostnadane.
  - Tilskotet vert utbetalt når kulturkontoret har motteke sluttrapport og rekneskap. Frist for utbetaling er 2.mnd etter arrangementet.

- Etablering av nye lag og organisasjonar
  - Vert gitt som eingongstilskot med inntil kr. 6 000 ved start av nytt lag/organisasjon
  - Tildelinga vert skjønsmessig vurdert etter tal medlemer og kor kostnadskrevjande satsinga er i startfasen.
  - Tilskotet vert utbetalt når det er gjort vedtak i saka.

Svar på søknaden
Tilbakemelding på søknaden vert gitt når rådmannen har gjort vedtak i saka.

Søknadsfrist: Fortløpande

5. TILSKOT TIL EINGONGSINVESTERINGAR / PROSJEKT

«BYGDEUTVIKLINGSTILTAK»

Desse kan søke
Lag og organisasjonar i dei ulike bygdene, med unntak av på Bergsøya, kan søkje om tilskot til eingongsinvesteringar/prosjekt.

Målsetting med ordninga
Ordninga har som målsetting å skape auka trivsel og bulyst i bygdene.
Tiltaket skal vurderast ut frå kva positive ringverknader det kan gi for målgruppa. Tiltak med positiv ringverknad for ei større gruppe skal prioriterast fram føre ei mindre gruppe.

Bygdene er å forstå som: Leikong, Myrvåg, Tjørvåg, Moltu, Frøystad, Leine, Remøy, Runde, Kvalsvik og Kvalsund og ein skal så langt råd er prøve å vareta alle bygdene gjennom tildelingane.

Desse tiltaka kan du søke på
- Det kan søkast om tilskot til nye tiltak og investeringar som turvegar, leikeplassar, kulturbygg, instrument osb.
- Tilskot vert gitt med inntil kr. 40 000 pr. tiltak/investering. og skal ikkje dekke meir enn 1/4 av kostnadane.
- Det kan ikkje søkast om tilskot når samla kostnad på tiltak/investering er mindre enn kr. 20 000.

Svar på søknaden
Tilbakemelding vert gitt etter at komiteen for næring, kultur og idrett har gjort vedtak i saka.

Utbetaling av tilskot
Det er høve til å få utbetalt inntil 60% av det kommunale tilskotet under gjennomføring av prosjektet. Dei resterande 40 % vert utbetalt når tiltaket er sluttført mot framlagt rekneskap og sluttrapport.

Som ein del av sluttrapporten skal det fylgje med eit kort samandrag med bileter som omtalar tiltaket, samt namn på kontaktperson. Samandraget skal vere utforma slik at det kan nyttast til å presentere tiltaket på kommunen sine heimsider.

Søknadsfrist 1. april og 1. september

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR I HERØY KOMMUNE

Vedteke av hovudutvalet for kultur i KU-sak 02/97 i F- sak 21/06, i F-sak 63/08 og sist i F-sak 75/11.

§ 1
Desse kan søkje om tilskot:

a) Ved søknad til Herøy kommune kan det gjevast tilskot til personar eller organisasjonar, foreiningar, lag og institusjonar som driv eller vil starte kulturverksemd i Herøy kommune.

b) Hovudlaget samordnar og søkjer samla på vegne av alle gruppene, der laget er organisert slik.

c) Unnateke frå tilskot er:
1. Lag som primært tek vare på yrkes- og dei økonomiske interessene til medlemane.
2. Politiske parti og politiske aksjonar.
3. Organisasjonar som ikkje er opne for alle
4. Reint kommersielle tiltak

d) Organisasjonar som driv interkommunalt kan gjevast tilskot under forutsetning av at dei rekrutterer eit visst tal medlemmer i Herøy. Stønaden vil stå i forhold til talet på medlemar busett i Herøy.

e) Samarbeidsorgan for lag og organisasjonar kan og få tilskot.

§ 2
Følgjande tilskotsordningar gjeld med desse søknadsfristane:

a. Driftstilskot til laget.

Slikt tilskot kan gjevast når verksemda som vert driven er kontinuerleg. Stønaden vert normalt gitt berre til hovudlaget. **Søknadsfrist 1. april.** I tillegg til desse retningslinene, vises det til ”Fordelingsnøkkel driftstilskot til lag og organisasjonar” for tilskot til drift.

b. Tilskot til leikeplassar - nye tiltak/investeringar.

Tilskotet kan gjevast til opparbeiding, investering og kjøp av utstyr. Tilskotet kan ikkje gå til drift. **Søknadsfrist 1. april.**
NB: Legg ved orientering / plan, budsjett og finansieringsplan.

Sist justert i F- sak 75/11.

Tildelingsprinsipp:

- Midlane vert fordelt mellom 3-4 søkjarar
- Ved mange søknader vert leikeplassar som fekk tilskot forrige året, ikkje prioritert.
- Midlane skal gå til investeringar.
- Før utbetaling av tilskot skal kvittering for kjøp leggast fram.

c. Tilskot til særskilde arrangement/underskotsgaranti

Under føresetnad av at tiltaket vert arrangert, vert utført eller vert leia av lag som fell innanfor ramma av §1, kan det gjevast tilskot eller underskotsgaranti til særskilde tiltak / arrangement.

NB: Legg ved orientering / plan, budsjett og finansieringsplan.
Det må søkjast i god tid på førehand.

Tildelingsprinsipp:

1. Underskotsgaranti til særskilde arrangement :

- Underskotsgaranti kan gjevast til kostnadskrevjande arrangement der billett- og sponsorinntektene ikkje dekkjer alle utgiftene.
- Underskotsgaranti vert gjeve med ein inntil sum, maksimum kr. 15.000.- Tilskotet skal ikkje dekkje meir enn 1/3 av arrangementkostnadane.
- Det vert krevd rekneskap for arrangementet i ettertid.

2. Tilskot til særskilde arrangement:

- Tilskot skal berre gjevast til arrangement der det ikkje er naturleg å ta inngongspengar.
- Tilskot vert gjeve med inntil kr. 10.000.- per. arrangement.
- Tilskotet vert utbetalt når kulturavdelinga får melding om at arrangementet er gjennomført.
- Det vert krevd rekneskap for arrangementet i ettertid.
- Søknadsbehandlinga er delegert til rådmannen når søknaden er innanfor ramma i retningslinene.
- Ved særskilte høve vil ein søknad kunne verte behandla politisk.

3. Krav / vilkår for begge tilskotsordningane:

- Kulturarrangementet skal være ope for alle.
- Det sosiale arrangementet kan være retta mot ei spesiell gruppe av befolkninga og være ope for alle i denne gruppa.
- Det skal gjevast fri entre til følgjeperson til funksjonshemma ved framvising av Følgjekort.
- Skal lokale aktørar som samarbeider med profesjonelle utøvarar / kommersielle tiltak verte vurdert, må ringverknader til det lokale kulturlivet / frivillige organisasjonar skildrast og vektleggjast.
- Søknaden skal være skriftleg og innehalde skildring av innhald i arrangementet, tidspunkt, målgruppe og budsjett.
- Søknaden må leverast i god tid før arrangementet skal gjennomførast, og seinast 1 månad før arrangementsdato.
- For å få utbetalt underskotsgarantien skal det gjevast melding til kulturavdelinga innan to – 2- månadar etter arrangementet. Regnskap for

arrangementet skal leggjast ved. Garantiar som ikkje er kravd innan denne fristen fell normalt bort.

d. Tilskot til kurs innan kulturområdet.

Det kan gjevast tilskot når kurset har spesielt stor verdi for deltakarane sitt arbeid i laget eller lokalsamfunnet. Laget, som einskildpersonane er engasjerte i, må være innanfor ramma av §1**.** Tilskot kan også verte ytt til einskildpersonar, der dette er viktig for at vedkommande skal kunne delta i kulturlivet på lik line med andre innbyggarar i kommunen. Det må leggast ved plan og budsjett for tiltaket. Ingen søknadsfrist, men det må søkjast i god tid.

NB: Legg ved orientering / plan, budsjett og finansieringsplan for søknaden.

Tildelingsprinsipp:

- Maksimumsbeløp kr. 3000.- for privatpersonar. Dekningsgrada skal ikkje overskride 50% av totalkostnadane for kursdeltakinga (reise, opphald, kursavgift).
- Maksimumsbeløp kr. 3000.- for personar tilslutta lag og organisasjonar. Dekninga skal ikkje overskride 1/3 av kostnadene.
- Før utbetaling skal det leggast fram kvitteringar for gjennomføring.

e. Oppstartingstilskot til nytt lag.

Slikt tilskot kan gjevast som eingongstilskot ved start av nytt lag. Legg ved plan / mål for laget, vedtekter og eventuelt medlemstal. Ingen søknadsfrist.

NB: Legg ved orientering / plan for søknaden

Tildelingsprinsipp:

- Tilskotet skal ligge mellom kr. 2000.- til 8000.-
- Tildelinga er skjønnsmessig vurdert etter anslagsvis medlemstal og kor kostnadskrevjande investeringane er i startfasen.

f. Tilskot til eingongsinvesteringar / prosjekt.

NB: Legg ved orientering / plan for søknaden, inkludert oversikt over kostnader og finansiering, eventuelt revidert regnskap for siste året. Ingen søknadsfrist.

Tildelingsprinsipp:

- Maksimumsbeløp kr. 40.000.- . Dekninga skal ikkje overskride 1/4 av kostnadene.
- Denne typen tilskot kan mellom anna gå til: korpsdrakter og instrument, kvite - og brunevarer, crossbilar, lydanlegg, ballbingar m.m. samt utbetringar på kulturanlegg, forsamlingshus / kulturbygg / der det vert drive kulturverksemd.
- Det skal ikkje kunne søkjast om tilskot når totalkostnaden på investeringa / prosjektet er mindre enn kr. 20.000.-
- Før utbetaling skal det leggast fram kvitteringar for gjennomført prosjekt.

g. Dekning av husleige til aktivitetar knytt opp mot vaksenopplæring.

Slik tilskot vert utbetalt etter søknad pr. budsjettår. Stønaden har ikkje tilbakeverkande kraft.

NB: Legg ved orientering / plan og rekneskapstal for søknaden

Sist justert i F- sak 75/11.

§ 3

Søknadsprosedyre:

a) Ved søknad om driftstilskot skal det leggast ved medlemsliste / frammøteliste per. 01.01, der dette er naturleg å krevje. I særskilte høve kan det krevjast framlagt årsmelding og rekneskap.

I høve andre søknader, skal det leggast ved kostnadsoverslag, finansieringsplan (budsjett) og plan for arbeidet / arrangementet / kurset der slikt er rimeleg å forlange. I særskilde høve kan det krevjast vedtekter vedlagt.

Der søknaden er mangelfullt utfylt eller manglar dokumentasjon, vert laget gjeve ei påminning. Om ikkje dette er retta innan rimeleg tid, vert søknaden ikkje handsama.

b) Søknader som ikkje er levert / postlagt innan søknadsfristen, vert ikkje handsama utan at det ligg føre særskilde grunnar / særskild avtale om dette.

c) Dersom eit lag eller ein organisasjon søkjar på forskjellige tilskotsordningar, skal ein levere ein søknad pr. tilskotsordning.

§ 4

Føljekort

Lag og organisasjonar som får økonomisk stønad frå Herøy kommune, pliktar på sine arrangement å gje fri entre til følgjeperson ved framvising av Følgjekort. Dersom denne føresetnaden vert broten, kan vedkomande lag / organisasjon misse retten til kulturmidlar.

§ 5

Delegering:
Herøy formannskap har delegert til Komite for Næring, Kultur og Idrett å gjere vedtak i tildeling av kulturmidlar.

§ 6

Endringar i retningsliner:
Endringar i reglane / prinsippa må godkjennast av Formannskapet. Formannskapet kan i særlege høve dispensere frå reglane.

Sist justert i F- sak 75/11.

Vedlegg:

FORDELINGSNØKKEL FOR DRIFTSTILSKOT FRÅ KULTURMIDLANE

1. Tiltak for barn og unge skal prioriterast. Der laget har medlemmar både over og under 20 år, vert også medlemmer over 20 år tatt med i utrekninga, men medlemmer under 20 år vert då vekta dobbelt i forhold til medlemmer over 20 år. Organisasjonar med tradisjonelt berre medlemar over 20 år, kan ikkje søkje om driftstilskot.

2 For tilskot til song og musikk gjeld desse prinsippa:
   - Tilskotet vert fordelt mellom søknadene slik at instrumental gruppene vert vekta i forhold til kor som 5 : 1. For dei korpsa som har dirigentsamarbeid, skal dette tilskotet tildelast samla, og deretter delast etter dividende på talet på medlemmer.
   - Medlemsliste skal leggast ved per 01. 01. Jfr. innmeldingar til NMF/ Andre.

3. For tilskot til idrett gjeld desse prinsippa:
   - Tilskotet blir fastsett etter medlemstal. Medlemsliste skal leggast ved per 31.12 jfr. NIF idrettsregistreringa.

4. For tilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar:
   a) Søndagsskular får ein grunnstønad på kr. 300 og driftsstønad på kr. 30,- pr. deltakar fastsett etter frammøtelister.
   b) Barneforeiningar får ein grunnstønad på kr. 500,- og driftsstønad på kr. 50,- pr. deltakar fastsett etter frammøtelister.
   c) Lag som driv reint barne- og ungdomsarbeid får ein grunnstønad på kr. 1000,- I tillegg ein driftsstønad på kr. 80,- pr. deltakar.
   Medlemsliste skal leggast ved. Frammøtelister kan vurderast / godkjennast.

5. Samarbeidsorgan for lag og organisasjonar kan få tilskot på inntil kr. 700.-

